


Norsk pelsdyravl som del av den norske landbrukshistoria

Dei lange linjene 1914-1989 og Klepp som særskild pelsdyrbygd



Even Hadland Braut

Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap

Universitetet i Bergen, Våren 2024

Abstract

Norwegian fur farming as part of the Norwegian agricultural history

The following thesis focuses on the historical topic of Norwegian fur farming. Despite the fact that fur farming has been overlooked by most agricultural historians, it stood out as a unique industry in several ways. Compared to the historical domestication of other livestock, the initial domestication of fur animals originates from the late 1800s and, is therefore, characterized by its much shorter history. Notably, following a far-reaching discussion on the legitimacy of Norwegian fur farming, the industry has become of particular historical interest, due to political decisions in recent years to ban the industry. In Norway, fur farms especially stood out through their smaller structural organization around small and large farmsteads combined with other agricultural productions. An area of particular significance in fur farming was Rogaland County and, more specifically, the agricultural area of Klepp in Jæren.

Thus, the main research question for this thesis will build around the long-term trends in the development of the Norwegian fur farming industry from the early beginning in the 1910s to the late 1980s. In addition, the study will further take on a more locally based historical approach through the identification and explanation of the agricultural community of Klepp as a distinctive area of fur farming. Through the combination of quantitative and textual source materials, Norwegian fur farming stands out as a unique agricultural export industry characterized by sudden economic ups and downs as the demand for and price of fur skins mainly depended on the unstable global economic situation and fast-changing fashion trends. It became clear through interviews with former fur farmers in Klepp that multiple farmers in the area found fur farming particularly attractive as it contributed to vital income and employment on several farms.

The coverage of fur farming in different Norwegian newspapers sums up the overarching development of the industry, from a gradually establishing industry with a clearly skeptical public opinion to becoming a fully established and publicly accepted significant export industry. However, following the emerging legitimacy discussions around animal ethics in the 1980s, the opinions of the industry changed and thus marked the early prelude in the eventual downfall of Norwegian fur farming.

Forord

Gjennom oppveksten min på eit gardsbruk i Klepp kommune har pelsdyravl alltid vore ein del av mitt eige miljø med fleire omkringliggande pelsdyrgardar. Likevel var det fyrst og fremst den utbreia pelsdyrmotstanden og dei mange omtalane i offentlegheita som vekka åtgauken min til næringa, der eg raskt innsåg at eg eigentleg visste svært lite om denne særreine gardsproduksjonen. Pelsdyravl vart aldri nytta som ein del av drifta på heimegarden min. Likevel utgjorde dette så seint som på 1960- og 1970-talet ein viktig del av gardssamfunna i Klepp der eldre flyfoto synar utbreiinga av dei ikoniske pelsdyrhusa på nesten annakvart gardsbruk.

Til dette arbeidet vil eg særleg takka rettleiaren min Ines Prodöhl som har støtta meg igjennom det heile på ein tryggande og god måte. Eg vil også takka for det svært givande samarbeidet som vart skapa saman med Jærmuseet der Anne Jorunn Frøyen har fungert som fagleg birettleiar til prosjektet. Takk for dei essensielle og oppmuntrande rettleiingstimane saman med dykk.

Eg vil også retta ein særskild takk for hyggelege og interessante samtalar med tidlegare pelsdyrbønder i Klepp som syna stor gjestfridom då dei lét meg koma på intervjubesøk. Til slutt vil eg takka vener, familie og særleg sambuaren min som har muntra og støtta meg igjennom det heile.

Med dette vil eg til slutt takka for ei svært fin og givande studietid.

Innholdsliste

Abstract	ii
Forord.....	iii
Tabelloversikt	v
1. Innleiing	1
1.1 <i>Historia om ei særskild norsk landbruksnæring.....</i>	1
1.2 <i>Pelsdyravl som historisk emne.....</i>	2
1.3 <i>Problemstilling og avgrensingar</i>	4
1.4 <i>Historiografi</i>	6
1.5 <i>Disposisjon og kjeldemateriale.....</i>	8
2. Kapittel 1 – Pelsdyravl som ny næringsveg	12
2.1 <i>Kjelder og framgangsmåte.....</i>	12
2.2 <i>Pelsdyr og pelsdyravl.....</i>	13
2.3 <i>Den lange pelshistoria</i>	17
2.4 <i>Systematisk pelsdyravl</i>	22
2.5 <i>Norsk pelsdyravl</i>	24
2.6 <i>Organisering og sterk utvikling</i>	28
2.7 <i>Revefebereren kjem til Rogaland</i>	32
3. Kapittel 2 – Identifisering av tidsperiodar	34
3.1 <i>Kjelder og framgangsmåte.....</i>	34
3.2 <i>Variabel 1 - Tal pelsdyr.....</i>	37
3.3 <i>Variabel 2 - Produksjonstype</i>	45
3.4 <i>Variabel 3 - Tal pelsdyrgardar.....</i>	52
4. Kapittel 3 – Pelsdyravl i landbruksbygda Klepp	58
4.1 <i>Kjelder og framgangsmåte.....</i>	58
4.2 <i>Pelsdyravl som attåt- eller hovudnæring.....</i>	61
4.3 <i>Klepp som føregående minkbygd.....</i>	66
4.4 <i>Sentralisering og effektivisering som grunnar for enorm vekst.....</i>	68
4.5 <i>Strukturomlegging og spesialisering</i>	72
4.6 <i>Klepp som særskild pelsdyrbygd.....</i>	73
5. Kapittel 4 – Ulike framstillingar av pelsdyravlen	79
5.1 <i>Kjelder og framgangsmåte.....</i>	79
5.2 <i>Fase 1 – Etableringsfase.....</i>	80
5.3 <i>Mellomfase – andre verdskrig og okkupasjon</i>	88
5.4 <i>Fase 2 – Pelsdyravl som etablert næringsveg</i>	88

6. Konklusjon	93
7. Referanseliste	97
7.1 <i>Tekstlege kjelder (Utanom avisartiklar)</i>	97
7.2 <i>Statistisk materiale</i>	103
7.3 <i>Munnlege kjelder</i>	105
8. Vedlegg	106
8.1 <i>Intervjuguide</i>	106
8.2 <i>Samtykkeskjema</i>	108

Tabelloversikt

Tabell 1. Variabel 1 - Noreg	37
Tabell 2. Variabel 1 - Noreg og Rogaland	42
Tabell 3. Variabel 1 - Noreg, Rogaland og Klepp	44
Tabell 4. Variabel 2 - Noreg	46
Tabell 5. Variabel 2 - Noreg og Rogaland	49
Tabell 6. Variabel 2 - Noreg, Rogaland og Klepp	50
Tabell 7. Variabel 3 - Noreg	52
Tabell 8. Variabel 3 - Noreg og Rogaland	54
Tabell 9. Variabel 3 - Noreg, Rogaland og Klepp	55

1. Innleiing

1.1 Historia om ei særskild norsk landbruksnæring

Historia om den norske pelsdyravlen tok for alvor til med innføringa av det første canadiske sølvrevparet, «Amund» og «Amunda», i 1914 som la grunnlaget for ein veldig sølvrevfeber i bygde-Noreg.¹ Den verkelege ekspansjonen tok først til utover 1920-talet der eit aukande tal norske bønder, til tross for dei rådande krisetidene i landbruket, tok til å satsa på denne svært kapitalkrevjande produksjonen: «Aldri før i landets historie har alminnelige gårdbrukere og småbrukere kastet seg så bort i spekulasjon som da de ble grepet av «sølvrevfeberen»». ² Der verda på byrjinga av 1930-talet vart råka av ei økonomisk krisetilstand markerte no Noreg seg som den klart leiande eksportnasjonen av sølvrevskinn der dei norske skinna utgjorde ein tredjedel av verdsproduksjonen.³ Forteljinga om det norske sølvreveventyret er historia om dei framtidretta norske produsentane som gjennom eit raskt og grundig organisasjonsarbeid la produksjonen under faste rammar og som gjennom særskilde norske nyvinningar la til rette for ein norsk sølvrevdominans.

Samanlikna med den stordriftsprega utanlandske pelsdyravlen skilte norsk pelsdyravl seg som ei særeigen «*bondenæring*» gjennom ei strukturell oppbygging kring norske gardsbruk.⁴ Sjølve framstillingsprodukta, pelsdyrskinna, var likevel ei luksusvare som klart skilte seg frå dei ordinære landbruksvarene med ei innvikling i motetrendar og ein sterkt skiftande etterspurnad.⁵ Dei skiftande motetrendane og etterspurnadane gjorde seg særleg til uttrykk med den nye bølga som slo inn i pelsdyravlen i tidene etter andre verdskrig: Minken var komen på banen.⁶ Ei særskild minkbølge slo mellom anna innover Jæren med sentrum i Klepp-området, der kleppsbuen, som gjennom sine nedarva kunnskapar frå den føregåande sølvrevfeberen, raskt fann seg til rette med minkavl og byrja å utføra «tusen på tusen av desse gjæve skinna frå Jæren

¹ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 7. & Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 82.

² Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 113. & Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 83.

³ Tveite, «Norske bønder erobrer verdensmarknaden», 37-42.

⁴ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 84.

⁵ «Pelsdyral ei konjunktursett næring». *Jærbladet*. 21.08.1979.

<https://www.nb.no/items/89a796c3f1e4c2d5e2142690b86cd30a?page=0> & Breili, «De hvite sølvrevene i Furnes har vakt oppsikt i Amerika». *Aftenposten*. 15.12.1959.

<https://www.nb.no/items/8542eb5857438de1249ae1400a6fb352?page=0>

⁶ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndenes forlag, 1967), 343.

og ut over heile verda».⁷ Den lukrative minkavlen fekk på 1960-talet særskild betydning i Klepp der kommunestyret i samband med løyvinga av kommunebudsjettet ringde inn og retta seg etter dei rådande pristilhøva frå skinnauksjonane i Oslo.⁸

1.2 Pelsdyravl som historisk emne

I den følgjande oppgåva vil eg fokusera på den historiske utviklinga av den norske pelsdyrnæringa frå oppstarten til slutten av 1980-talet, med eit særskild blikk på den lokale utviklinga innanfor Rogaland fylke og Klepp kommune. Pelsdyravl ligg som ei særeigen næring innanfor det norske landbruket på fleire måtar. Særleg er den vorte aktuell etter lovforbodet frå 2019 som forbyr hald av pelsdyr i Noreg, med kravet om ei fullstendig avvikling innan 1. februar 2025.⁹ Forlaupet til forbodet kan ein sjå i samband med ein gradvis veksande pelsdyrmotstand i samband med den industriprega utviklinga i det norske landbruket frå og med 1950-talet, som særleg karakteriserte den vidare utviklinga i pelsdyrnæringa.¹⁰ Dette var samtidig ei global utvikling og spela seg mellom anna ut i ei framveksande gruppe dyrevernarar som tok til å demonstrera mot bruken av pelsklede.¹¹ Særleg frå 1980-talet finn ein dei dyreetiske perspektiva til uttrykk i dei norske avisene som særleg kom til å spela seg ut som ein omfattande debatt kring legitimiteten av pelsdyrnæringa.¹² Grunna avviklinga og forsvinninga av ein norsk pelsdyravl kan ein argumentera for å finna særleg historisk verdi i undersøkinga av norsk pelsdyravl som historisk emne.

Ved sida av dei samtidsprega- og aktuelle forholda finn ein også pelsdyravl som noko særskild samanlikna med den tradisjonelle husdyravlen. Der temminga av husdyr som storfe, småfe og svin tok til for fleire tusen år sidan, må ein fram til slutten av 1800-talet, og byrjinga av 1900-

⁷ «Breiflabb og skate vert beinhard valuta på Jæren». *Stavanger Aftenblad*. 18.06.1959.

<https://www.nb.no/items/357ddc00d480c3b5eb6513f42295318c?page=0>

⁸ Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024.

⁹ Lov 21. juni 2019 nr. 63, Lov om forbud mot hold av pelsdyr, <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2019-06-21-63>.

¹⁰ Ellefsen, «Den moderne pelsdyrfabrikken», 205 & 211

¹¹ Thorbjørnsen, «Amerikanerne pladask for norske dyre-klær». *Aftenposten*. 14.12.1989.

<https://www.nb.no/items/e407d55844ec6cad7b2c17fb059cfb98?page=15>

¹² «Ublu pris for pels». *Aftenposten*. 03.06.2021.

<https://www.nb.no/items/f07dedfdb8676c6b705576f5925b0d83?page=1> & Metveit, «En stor etisk utfordring». *Aftenposten*. 31.03.1989.

<https://www.nb.no/items/ca68bdb703727b4765d55d0a06f6a3ad?page=8>

talet i Noreg, før dei første verkelege tilfella med temming og avl av pelsdyr tok til.¹³ Pelsdyrhaldet er med andre ord ei svært ung landbruksnæring.

Vidare er nettopp denne landbruksforståinga av pelsdyravlen særskild i norsk samanheng, der mellom anna historikaren Stein Tveite, framhev korleis produksjonen av dei norske pelsdyrskinna skilte seg frå utlandet gjennom baseringa av pelsdyrgardar på gardsnivå i samband med andre landbruksproduksjonar.¹⁴ Gjennom dette særskilde bygdepreget karakteriserer også den norske pelsdyrnæringa seg som eit særleg eigna emne i undersøkinga av ulike lokalhistorisk perspektiv. Av regionale områder skil særleg Rogaland fylke seg ut som eit etterkvart svært markant pelsdyrfylke, der det mellom anna utover 1930-åra blir fortalt å ha vore «sølvrevgård på annenhvert gårdsbruk i Ryfylke».¹⁵ Den store drivmotoren i pelsdyrfylket Rogaland var likevel å finna i landbrukskommunen Klepp på Jæren, som særleg utover etterkrigstida utvikla seg til å bli den «største pelsdyrbygda i landet».¹⁶ Denne utviklinga har vidare prega næringa heilt fram til vår nærliggande samtid, der Rogaland i ein rapport frå 2014 med kring halvparten av alle pelsdyra i landet blir omtala som det klart største pelsdyrfylket, samtidig som Klepp skil seg ut som den klart største pelsdyrkommunen.¹⁷

Der den norske pelsdyrnæringa var tufta på lokal infrastruktur er det samtidig interessant å sjå korleis pelsdyravlen likevel var den mest internasjonale og utovervendte av alle landbruksnæringar, ettersom produksjonen av dei norske pelsdyrskinna fyrst og fremst var retta til eksport.¹⁸ Gjennom omsetnaden på store skinnauksjonar som den norskbaserte Oslo Skinnauksjoner S/L og ulike utanlandske auksjonar vart norske pelsskinn ei svært ettertrakta vare i store pelskjøpande land som USA, Vest-Tyskland og Japan.¹⁹ Salet av dei ulike pelsskinntypene, som vidare vart nytta i framstillinga av ulike kledeplagg, vart i all hovudsak påverka og styrt av dei rådande motetrendane.²⁰ Den norske pelsdyravlen var i høgast mogleg

¹³ *Store norske leksikon*, s.v. «husdyr», av Anders Hagen & Odd Vangen. 20.10.2023. <https://snl.no/husdyr>., Lindstrøm, *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1976* (Oslo: Aktietrykkeriet, 1976), 9-11. & Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 12-17.

¹⁴ Tveite, «Norske bønder erobrer verdensmarknaden Sylvrev: andre akt», 42.

¹⁵ *Rogaland Pelsdyrslag 50 år*, 4 & 22.

¹⁶ Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge II 1837-1987* (Klepp kommune: Dreyer bok Stavanger, 2005), 348 & 424.

¹⁷ Lybæk, Frivik & Krag, *Pelsdyroppdrett i Norge – landbruk eller industri?* (Oslo: Dyrevernalliansen, 2014), 14-15.

¹⁸ Almås, *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* (Oslo: Det norske samlaget, 2002), 89.

¹⁹ Lindstrøm, *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1976* (Oslo: Aktietrykkeriet, 1976), 122 & 223.

²⁰ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 145-147. & *Store norske leksikon*, s.v. «mote», av Barbro Storlien, 10.01.2024. <https://snl.no/mote>

grad ei eksportnæring der den internasjonale etterspurnaden, i tillegg til dei endrande motetrendane, styrte seg etter dei verdsomspennande utviklingstilhøva.²¹ Med dette vart verdiane i dei norskproduserte pelsskinna i stor utstrekking styrt av den konjunkturbaserte internasjonale etterspurnaden. Med dette vart utviklinga i pelsdyrnæringa kjenneteikna av plutslege opp- og nedgangar. Både grunna varierende etterspurnad etter pelsskinn generelt, men også ettersom den rådande lønnsmda kring ein pelsdyrtype raskt kunne endra seg til fordel for andre typar.

1.3 Problemstilling og avgrensingar

Tematikken er svært omfattande og må følgjeleg avgrensast innanfor konstruksjonen av ei handterbar, tydeleg og nyskapande problemstilling.²² Som peika på har pelsdyravlen ei relativt kort historie der den verkelege starten for norsk pelsdyravl tok til på byrjinga av 1900-talet. Å undersøka den vidare utviklinga fram til avslutninga og avviklinga av næringa vil likevel bli ei for brei tidsavgrensing. Eg veljar dermed å avgrensa meg i tid til slutten av 1980-talet, mellom anna ettersom ein fram til og med 1989 finn eit breitt kvantitativt kjeldemateriale til undersøkinga av den statistiske utviklinga.²³ I tillegg ser ein korleis slutten av 1980-talet markerer eit særskild brot i utviklinga av næringa, der ein i tillegg til økonomiske tilhøve finn ein framveksande pelsdyrmotstand som forklaring på den betydelege nedgangstida.²⁴ Med andre ord har eg valt å avgrensa meg innanfor undersøkinga av næringa i tidene før den dyreetiske tematikken vart ein sentral utviklingsfaktor, som nettopp innleia avviklinga av pelsdyrnæringa.

Når det kjem til den romlege avgrensinga har eg allereie peika på dobbelheita i den norske pelsdyrnæringa. Den tidlegare styreformannen i Norges Pelsdyrslag Kjell Lund skildrar dobbelskapen på følgjande måte: «Ingen annan næring er tufta i så rotekte bygdemiljø og samstundes så utvendt og internasjonal».²⁵ Eg vil hevda at det grunna dette tvitydige forholdet mellom det einsformige bygdegrunnlaget og den innvikla og utoverretta produksjonen gjer det særleg fruktbart å undersøka denne særskilde næringa både gjennom den generelle nasjonale utviklinga, parallelt med eit lokalhistorisk blikk på den særskilde utviklinga innanfor Rogaland

²¹ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 359., Meld. St. nr. 8 (2016-2017), 15. & Kleiven, *Pelsdyr* (Larvik: Norske 4H – Landbruksforlaget, 1986), 10.

²² Melve & Ryymin, «Hvordan komme frem til de gode spørsmålene?», 18-19.

²³ Kapittel 2, 35.

²⁴ Kapittel 4, 91-92. & Almås, *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* (Oslo: Det norske samlaget, 2002), 333.

²⁵ Lindstrøm, *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1976* (Oslo: Aktietrykkeriet, 1976), 5.

og særleg Klepp. Klepp kommune finn seg innanfor området som blir omtala som det «eigentlege» Jæren ettersom det utgjer ein del av det geografiske slettelandskapet Låg-Jæren, eller Flat-Jæren, som strekk seg frå Ognaelva i sør til Tungenes i nord.²⁶ Heile kommunen plasserer seg vidare innanfor hovudområdet Midt-Jæren og utgjer eit av dei mest betydelege landbruksområda i landet, der 65% av dagens kommuneareal består av dyrka jord.

Problemstilling

Med bakgrunn i det øvrige vil oppgåva bygga på følgjande overordna problemstilling:

- Kva prega dei lange linjene i den norske pelsdyrnæringa frå oppstarten til slutten av 1980-talet, og på kva måtar skilte landbruksbygda Klepp, i Rogaland, seg ut som eit særskilt pelsdyrområde?

Problemstillinga er av omfattande format og må avdekkast gradvis. For det fyrste krevjar spørsmålsstillinga ei nærmare undersøking av kva pelsdyravl er og korleis dette vaks fram i Noreg. Problemstillinga fokuserer særleg på den overordna utviklinga som har prega næringa innanfor fleire ulike geografiske områder. I tillegg inneheld problemstillinga ei lokalhistorisk vinkling der ein søker å avdekka landbrukspreget i næringa gjennom utgangspunktet av den særeigne utviklinga innanfor landbruks- og pelsdyrbygda Klepp.

Problemstillinga kan med første augekast synast å vera omfattande. For det fyrste vil eg likevel hevda at den romlege avgrensinga mellom den generelle og den lokalbaserte undersøkinga fungerer styrkande ettersom den lokale undersøkinga av eit særeige pelsdyrmiljø speglar og utfyller den nasjonale utviklinga, som igjen speglar dei betydelege globale forholda som har prega næringa. På denne måten opnar dei ulike geografiske utgangspunkta opp om dei overordna trekka som ligg til grunn i problemstillinga. Også avgrensinga til den relativt omfattande tidsperioden underbygger eg i dette overordna føremålet, der eg ikkje gjennomgår den årvisse utviklinga, men snarare søker å verkeleg gripa dei overordna utviklingstrekka som har lege til grunn i utviklinga av den norske pelsdyrnæringa.

²⁶ Lye, «Jærboka», 9-13., *Store norske leksikon*, s.v. «Jæren,» av Geir Thorsnæs, 20.04.2024. <https://snl.no/J%C3%A6ren> & *Store norske leksikon*, s.v. «Klepp,» av Geir Thorsnæs & Per Roger Lauritzen, 20.04.2024. <https://snl.no/Klepp>

1.4 Historiografi

Pelsdyravl som historiefagleg forskingsfelt er eit smalt område der temaet berre er vorte undersøkt av eit mindre tal historikarar, som hovudsakleg dreiar seg om mindre tilvisingar som ein del av omfattande landbrukshistoriske verk. Dette kan ein tenka seg å særleg henga saman med den korte historia pelsdyrnæringa finn seg innanfor samanlikna med andre husdyrproduksjonar. Det fyrste eksempelet på ei slik kortare og overordna framstilling finn ein i verket *Vårt landbruks historie* frå 1932 der historikaren Sigvald Hasund inkluderer ei kort tilvising av pelsdyravlen i omtalen av det norske husdyrhaldet.²⁷ At historieskrivinga er eit resultat av si eiga samtid kjem her tydeleg til uttrykk der Hasund peikar på korleis den nylege produksjonsomlegginga frå avlsdyrsal til skinnbasis har ført til «en stans i utviklingen».²⁸ Andre korte tilvisingar til pelsdyravlen finn ein også i mellom anna historikaren Stein Tveite sitt sentrale verk *Jord og Gjærning* frå 1959.²⁹

Framover i tid er omtalane vorte prega av ein noko meir omfattande gjennomgang der verket *Norges jordbruk i nyere tid: Bind II Husdyrholdet* frå 1967 av landbruksøkonomen Paul Borgedal, nøyare gjennomgår framveksten av ein norsk pelsdyravl beståande av sølvrev-, blårev- og minkavl.³⁰ I tillegg dykkar Borgedal djupare inn i organisasjonsarbeidet der han undersøker den gradvise etableringa av den norske pelsdyrnæringa. Etter tusenårsskiftet kan ein mellom anna nemna sosiologen Reidar Almås som i *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* frå 2002 kjem med kortare tilvisingar til pelsdyravlen i gjennomgangen av den nyare norske landbrukshistoria.³¹ Ein kan også nemna korleis pelsdyravlen kort er inkludert i det meir overordna økonomihistoriske verket *Nasjonens velstand* frå 2022 der historikaren Pål Thonstad Sandvik kort viser til pelsdyravlen i forklaringar kring landbruksutviklinga.³² Ein finn også tilvisingar av pelsdyravlen i lokalhistoriske verk som mellom anna *Klepp bygdesoge* der lokalhistorikarane Birger Lindanger og Hallvard Nordås inkluderer den sentrale pelsdyravlen som ein betydeleg del av landbruksutviklinga i kommunen.³³ Denne ovannemnte historieskrivinga finn seg innanfor ein felles kontekst, der pelsdyravlen gjennomgåande blir løfta fram som ein sentral gardsproduksjon i sin rolle som attåtning for fleire norske bønder.

²⁷ Hasund, *Vårt landbruks historie* (Oslo: H. Ascheoug & Co. (W. Nygaard), 1932), 250-251.

²⁸ Hasund, *Vårt landbruks historie* (Oslo: H. Ascheoug & Co. (W. Nygaard), 1932), 251. Som vist til i Kapittel 2, 37., vart nettopp denne tida etterkvart prega av ein kraftig ekspansjon.

²⁹ Tveite, *Jord og Gjærning* (Kristiansand: Bøndernes Forlag, 1959), 310.

³⁰ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 340-360.

³¹ Almås, *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* (Oslo: Det norske samlaget, 2002), 89-90 & 332-333.

³² Sandvik, *Nasjonens velstand* (Bergen: Fagbokforlaget, 2022), 201.

³³ Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge II 1837-1987* (Klepp kommune: Dreyer bok Stavanger, 1987).

Ved sida av desse overordna landbrukshistorieverka må ein nemna eit eksempel på meir djuptgåande historieskriving, der Stein Tveite i tidsskriftet *Landbruksøkonomisk forum* frå 1990 har skrivne to artiklar som tek føre seg framveksten av den norske pelsdyrnæringa fram til høgdepunktet for norsk sølvrevavl på slutten av 1930-talet.³⁴

I artiklane, som også finn seg innanfor det særskilde landbruksperspektivet, framhev Tveite dei gode føresetnadane for vidare historiefaglege undersøkingar av den norske pelsdyravlen, der han trekk fram eit særskilt breitt kjeldegrunnlag knytt til næringa.³⁵ Med utgangspunkt i den øvrige omtalte historiografien sporar ein likevel ein svært tynn representativ oversikt kring temaet pelsdyravl der ein vanskeleg kan peika på ein bestemt historiefagleg tradisjon for å undersøka denne særeigne næringa som del av den norske landbrukshistoria.³⁶ Snarare har landbrukshistoriefeltet fyrst og fremst dreia seg om den generelle overordna utviklinga innanfor primærnæringane, med avgrensingar gjerne knytt til spesifikke tidsperiodar eller geografiske områder. Som eksempel på dette kan ein peika på hamskiftedebatten i den norske landbruksutviklinga frå og med andre halvdel av 1800-talet eller forståinga av den driftige Jærbonden i høve til den generelle norske bonden.³⁷

Eg vil med dette påstå at den norske pelsdyravlen er eit underkommunisert historiefagleg tema der ei meir djuptgåande historiefagleg undersøking av næringa vil vera fruktbart både med tanke på å betre gripa den særskilde historia som har prega den norske pelsdyravlen og også som introdusering av eit nytt forskingsfelt innanfor den nyare norske landbrukshistoria, som dermed underbyggjer originalitetskravet i forskingsarbeidet.³⁸ Samtidig vil eg bygga vidare på utgangspunktet som ligg til grunn i den avgrensa, men føreliggande forskinga av feltet og dermed basera forskinga mi innanfor det kumulative vitkapsidealet.

³⁴ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring». & Tveite, «Norske bønder erobrer verdsmarknaden Sylvrev: andre akt».

³⁵ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 82.

³⁶ Melve & Ryymin, «Hvordan komme frem til de gode spørsmålene?», 20-21.

³⁷ Mellom anna Krokann, *Det store hamskiftet i bondesamfunnet* (Oslo: Det norske samlaget, 1982). & Tveite, «Den driftige jærbu – myte eller realitet?», 45-51.

³⁸ Melve & Ryymin, «Hvordan komme frem til de gode spørsmålene?», 23.

1.5 Disposisjon og kjeldemateriale

Det er problemstillinga som legg føringane for og avgrensar utvalet av kjeldemateriale og tilhøyrande arbeidsmåtar, der ein med tanke på kjeldeutvalet søker å inkludera «alt relevant materiale».³⁹ Som peika på med utgangspunkt i Tveite er kjeldetilfanget innanfor tematikken svært omfattande og ein må dermed gjennomføra eit mindre utval innanfor det relevante kjeldematerialet.⁴⁰ Mellom anna framhev Tveite medlemsbladet *Norsk Pelsdyrblad* som eit sentralt materiale innanfor næringa, der det allereie frå og med 1927 vart gitt ut av det dåverande Norges Sølvtrevavlslag som bidrag i opplysningsarbeidet kring pelsdyravl.⁴¹ Eg har likevel valt å ikkje inkludera dette materialet, grunna vanskar med fullstendig tileigning av det totale materialet samtidig som det, med utgangspunkt i problemstillinga, ikkje synte seg å vera eit nødvendig materiale.

Strukturen i oppgåva vil basera seg på 4 ulike kapittel der kvart kapittel i stor grad baserer seg på eit bestemt kjeldemateriale, for å best mogleg spegla det store biletet ein finn i problemstillinga. Grunna det tette sambandet mellom den strukturelle oppbygginga og dei einskilde kjeldetypane har eg valt å leggja den metodiske refleksjonen og framgangsmåten til kvart materiale som del av innleiinga til kvart kapittel. Følgjande vil eg gjennomgå dei ulike kjeldetypane og fordelingane av desse i dei ulike kapitla.

Kapittel 1 vil opna opp tematikken gjennom undersøkinga av kva pelsdyravl dreiar seg om og undersøka korleis dette vaks fram til å bli ei betydeleg næring i Noreg, som dermed dannar den nødvendige konteksten i undersøkinga av den vidare utviklinga. Kjeldematerialet i kapitlet vil basera seg på fleire tekstlege kjelder som på ulike måtar omtalar den norske pelsdyravlen.

Det første tekstlege materialet finn ein i form av handbøker som fyrst og fremst inneheld praktiske opplysningar kring pelsdyravl. Eit sentralt eksempel på slike handbøker er den omfattande *Pelsdyrboken* frå 1930.⁴² Andre handbøker fokuserer i større grad på den strukturelle oppbygginga av næringa som *Pelsdyr som næring* frå 1977.⁴³ I tillegg vil eg nytta

³⁹ Melve & Ryymin, «Hvordan komme frem til de gode spørsmålene?», 17-18. & Andresen m.fl., *Å gripe fortida* (Oslo: Det norske samlaget, 2017), 59.

⁴⁰ Melve & Ryymin, «Valg av kildematerialer, arbeidsmåte og tilnærming», 27.

⁴¹ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 82. & Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyravlslag, 2001), 149.

⁴² Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930).

⁴³ Kjønnsberg, *Pelsdyr som næring* (Oslo: Landbruksforlaget, 1977).

meg av meir generelle oversiktshandbøker som *Husdyrrasene* frå 1953.⁴⁴ Den andre tekstlege kjeldetypa finn ein i form av ulike jubileumsskrift utgitt av Norges- og Rogaland Pelsdyrslag.⁴⁵ Her er det historia kring organiseringa og struktureringa av næringa som blir framheva, i tillegg til personlege skildringar kring pelsdyravlen. Eg vil også ta utgangspunkt i den tidlegare nemnte historiografien som er å finna om pelsdyr innanfor den landbrukshistoriske litteraturen.

Den siste tekstlege kjeldetypen finn ein i form av avisartiklar som på ulike måtar omtalar pelsdyrnæringa. Som Tveite viser til vart pelsdyrnæringa etterkvart eit mykje omtala emne i offentlegheita, som tydeleg gjer seg til uttrykk i eit hav av norske aviser.⁴⁶ Eg har valt å avgrensa meg til avisene *Aftenposten*, *Stavanger Aftenblad* og *Jærbladet*. *Aftenposten* har med sitt utgangspunkt i Oslo fungert som «Høyres viktigste talerør» og har frå oppstarten i 1860 fungert som den klart leiande avisa i Noreg.⁴⁷ I forhold til problemstillinga vil denne avisa knyta seg kring den nasjonale omtalen av pelsdyrnæringa. Liknande finn ein *Stavanger Aftenblad* som etter oppstarten i 1893 har fungert som den viktigaste avisa innanfor Stavangerområdet.⁴⁸ Frå ei opphavleg haldning kring partiet Venstre har avisa utover etterkrigstida fungert politisk uavhengig og stadig breidd om seg til å også dekkja dei lokale forholda som mellom anna på Jæren. Ved sida av *Stavanger Aftenblad* fekk ein også frå og med 1949 ei breiare lokal dekking gjennom det partiuavhengige *Jærbladet* som fann sitt utgangspunkt i dei djupt landbruksprega jærkommunane Klepp, Time og Hå.⁴⁹ Følgjeleg vil *Stavanger Aftenblad* og *Jærbladet* hovudsakleg dreia seg kring dekkinga av pelsdyravlen innanfor Rogaland og dessutan det meir spesifikke Jæren.

Valet av avisene grunnar eg i den representative dekkinga av både det nasjonale, regionale og lokale perspektivet som ligg til grunn i problemstillinga. I tillegg ser ein korleis særleg *Aftenposten* og til dels *Stavanger Aftenblad* plasserer seg utanfor utgangspunktet til den norske

⁴⁴ Johansson mfl., *Husdyrrasene*, 389-423.

⁴⁵ Norges Sølvevavlslag, *Norges Sølvevavlslag 1926-1936: jubileumsskrift* (Bergen: A. Garnæs boktrykkeri, 1936), Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, Lindstrøm, *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1976* (Oslo: Aktietrykkeriet, 1976). & Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001).

⁴⁶ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 82. Gjennom søk av ord som «pelsdyr», «sølvev», osv. på nettbiblioteket til Nasjonalbiblioteket dukkar det opp eit mangfald av omtalar, både over tid og geografisk rom.

⁴⁷ Dahl, «Aftenposten», 25.

⁴⁸ Furre, «Stavanger Aftenblad», 309. & *Store norske leksikon*, s.v. «Stavanger Aftenblad,» av Berge Furre, Tom Hetland & Olav Garvik, 20.04.2024. https://snl.no/Stavanger_Aftenblad

⁴⁹ Forr, «Jærbladet», 189.

pelsdyrnæringa og det norske landbruket, som dermed bidreg med nyanseringar kring forståinga og framstillinga av den norske pelsdyravlen.

Det tekstlege kjeldematerialet bidreg med særleg verdifull informasjon til ei grunnleggjande innføring om pelsdyravlen. Med tanke på den aktuelle problemstillinga inneheld dei likevel tydelege avgrensingar, der oppgåva legg opp til eit breiare kjeldetilfang. I kapittel 2 vil eg, med utgangspunkt i den undersøkte oppstarten frå kapittel 1, kartleggja dei lange linjene i den vidare utviklinga av pelsdyravlen, gjennom undersøkinga av dei geografiske områda Noreg, Rogland og Klepp i tidsperioden 1929 til 1989. Dette for å danna eit oversiktleg bilete av utviklinga som trengst for å betre gripa den overordna utviklinga av næringa. Kjeldematerialet vil basera seg på eit kvantitativt talmateriale i form av ulike teljingar utført av Statistisk sentralbyrå for å identifisera dei ulike opp- og nedgangstidene i næringa. Materialet består av jordbruks-, landbruks- og pelsdyrteljingar i perioden 1929-1989 henta frå Statistisk sentralbyrå.⁵⁰ I samband med dei kvantitative undersøkingane vil eg samtidig nytta fleire av dei ovannemnte tekstlege kjeldene i undersøkinga av kva ulike mekanismar som låg til grunn for utviklinga.

Med utgangspunkt i dei identifiserte tidsperiodane i kapittel 2 vil eg vidare i kapittel 3 nærmare undersøka eit utval av desse utviklingstrekkja gjennom fokuset på landbruksforståinga av pelsdyravlen. Undersøkinga søker særleg å forklara den identifiserte utviklinga i Klepp, og legg seg dermed inntil det lokalhistoriske perspektivet i problemstillinga. Kapittelet bygger på eit munnleg kjeldemateriale gjennom intervjuet av 3 tidlegare pelsdyrbønder i Klepp kommune. Dermed vil perspektiva frå næringa og pelsdyrbøndene sjølv tilføra verdifull informasjon kring forståinga av den norske pelsdyravlen som del av det norske landbruket, der utviklinga i Klepp synar som eit bilete og ein del av den generelle utviklinga i landet.⁵¹ I samspelet med det munnlege kjeldematerialet vil eg også nytta meg av ulike typar tekstlege kjelder.

Til slutt vil kapittel 4 venda tilbake til dei lange linjene i pelsdyrnæringa gjennom undersøkinga av den tidvise framstillinga av næringa i to norske aviser. Kjeldematerialet vil bygga på denne spesifikke tekstlege kjeldetypen som i motsetnad til føregåande kapittel ikkje tek utgangspunkt i den konkrete faktainformasjonen, men undersøker framstillingane som del av den etablerande

⁵⁰ På heimesida til Statistisk sentralbyrå, under historisk statistikk og innanfor kategorien Jord, skog, jakt og fiske: <https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske>

⁵¹ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024., Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024. & Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024.

pelsdyrnæringa. I motsetnad til det føregåande kjeldematerialet representerer avisene eit perspektivet utanom næringa og vil med det tilføra interessant informasjon til dei føregåande kapitla.

2. Kapittel 1 – Pelsdyravl som ny næringsveg

For å undersøka den historiske utviklinga av fenomenet pelsdyravl må ein fyrst og fremst kontekstualisera forskingsobjektet ved å setta den undersøkende tematikken innanfor den historiske samanhengen den utgjer ein del av.⁵² Det følgjande kapittelet baserer seg dermed på ei opning av temaet gjennom undersøkinga av kva som ligg i omgrepet pelsdyravl og gjennomgangen av korleis dette kom til og vaks fram i Noreg og Rogaland.

2.1 Kjelder og framgangsmåte

Kapittelet bygger på eit utval tekstlege kjelder som særleg omtalar framveksten og den overordna utviklinga av den norske pelsdyravlen, som i høve til problemstillinga eignar seg i opninga av dette forskingsobjektet.⁵³

Ein tekst kan bli forstått som «meningsfull ytring i en bestemt situasjon» og ein må følgjeleg gjera seg fleire refleksjonar kring bruken av teksten som ei kjelde.⁵⁴ Ein må forankra teksten i den historiske samanhengen den finn seg i gjennom undersøkinga av opphavssituasjonen med fokuset på kven som har skrivne den, kvar og når den vart skriven, i tillegg til kva type sjanger den plasserer seg innanfor.⁵⁵ Det aktuelle tekstmaterialet dreiar seg i hovudsak om den norske pelsdyravlen⁵⁶ og sporar seg tilbake frå og med den tidlege oppstarten på 1910-talet. Tekstane legg seg under sjangrane handbok, jubileumsskrift, landbrukshistorisk litteratur og avisartikkel, som dermed finn seg innanfor ulike kontekstar.⁵⁷

Handbøkene og jubileumsskrifta er særleg kjenneteikna av å vera forfatta av personar direkte knytt til pelsdyrnæringa, som dermed skriv innanfor konteksten av den framveksande norske pelsdyrnæringa.⁵⁸ Dette kjem særleg til uttrykk gjennom framhevinga av pelsdyravlen som ei eventyrleg næring som i stor grad må sjåast saman med fokuset på å legitimera den til å byrja med nye og uvisse næringa. Til forskjell ser ein korleis konteksten i den landbrukshistoriske

⁵² Melve & Ryymin, «Valg av kildematerialer, arbeidsmåte og tilnærming», 30.

⁵³ Melve, «Kildekritikk – en kort historikk», 41. & Ryymin, «Å arbeide med tekstanalyse», 48.

⁵⁴ Ryymin, «Å arbeide med tekstanalyse», 45.

⁵⁵ Ryymin, «Å arbeide med tekstanalyse», 50. Andresen m.fl., & *Å gripe fortida* (Oslo: Det norske samlaget, 2017), 70-71.

⁵⁶ Eit unntak er *Pelsdyravl som næringsvei* av amerikanaren Frank G. Ashbrook der eg nyttar ei norsk omsetting frå 1930.

⁵⁷ Ryymin, «Å arbeide med tekstanalyse», 53-54.

⁵⁸ Ryymin, «Å arbeide med tekstanalyse», 51-53.

litteraturen finn seg innanfor den historiefaglege og meir nyanserende konteksten som eg sjølv baserer meg på.

Avisartiklar er ein særskild teksttype som i motsetnad til pelsdyrlitteraturen synar eit anna perspektiv gjennom rolla avisene har som uttrykk for offentlegheita.⁵⁹ Jerry W. Knudson peikar i artikkelen «Late to the feast: Newspapers as historical sources» på det særskilde medvitet ein må reflektera kring i bruken av aviser som historiske kjelder med tanke på dei ulike avgrensingane materialet finn seg innanfor, med tanke på tidspres, tilgjengeleg skriverom og avgrensa informasjonstileigning, saman med eit gjennomgåande subjektivt perspektiv.⁶⁰ Eg vil likevel argumentera for at dei aktuelle avisartiklane både bidreg med truverdig og nyttig informasjon ettersom dei blir nytta og undersøkt i samband med eit elles breitt kjeldemateriale.

Med utgangspunkt i problemstillinga må ein også vera medviten den historiske forankringa som ligg i tekstmaterialet der dei tidlegaste kjeldene speglar den nye og framleis uvisse næringa, samtidig som dei seinare verka speglar ei i høgare grad akseptert og etablert eksportnæring.⁶¹ Med andre ord må ein også forstå dei ulike historiske beretningane som samtidige leivningar frå sine eigne samtider der dei speglar den tidvise omtalen og forståinga av næringa.⁶²

Ettersom kjeldematerialet finn seg innanfor ulike tidsperiodar ser ein korleis dei tidlegaste verka nyttar som primærkjelder på den tidlegaste utviklinga av den norske pelsdyravlen.⁶³ På denne måten fungerer det seinare tekstmaterialet som sekundærkjelder for desse tidlegaste periodane samtidig som dei bidreg med original informasjon til den seinare utviklinga der dei følgeleg fungerer som primærkjelder. Samtidig er denne omgrepsforståinga noko uklar ettersom store delar av det seinare tekstmaterialet også bidreg med original informasjon innanfor dei tidlegaste periodane.

2.2 Pelsdyr og pelsdyravl

Kva er eit pelsdyr?

⁵⁹ Knudson, «Late to the feast: Newspapers as historical sources».

⁶⁰ Knudson, «Late to the feast: Newspapers as historical sources».

⁶¹ Ryymin, «Å arbeide med tekstanalyse», 50.

⁶² Andresen m.fl., *Å gripe fortida* (Oslo: Det norske samlaget, 2017), 69.

⁶³ Andresen m.fl., *Å gripe fortida* (Oslo: Det norske samlaget, 2017), 73.

Det norske akademis ordbok definerer pelsdyr som «dyr med skinn som brukes til pelsverk».⁶⁴ Dosent Ole Venge fortel i handboka *husdyrrasene* frå 1953 at ein innanfor alle pattedyrklassane finn dyreartar med betydningar for pelsindustrien, men at berre eit fåtal av desse dyra finn seg «direkte under menneskets indflydelse».⁶⁵ Totalt viser han det til å vera kring 100 ulike pelsdyrartar der fleirtalet av desse pelsdyra er viltlevande artar som i menneskeleg samanheng blir jakta på til utvinninga av pelsverk.

Der *Det norske akademis ordbok* definerer pelsdyr til å inkludera alle dyr som har menneskeleg nytte i form av pelsen sin, snevrar Venge forståinga ned i kategorien han kallar «egentlige pelsdyr».⁶⁶ Med denne merknaden fokuserer Venge på pelsdyra som eksklusivt gjennom jakt eller avl blir nytta av mennesket i form av pelsverkproduksjonen deira. Med denne definisjonen blir fleire pelsberande dyregrupper ekskludert og ikkje forstått som pelsdyr til tross for at mellom anna husdyra ku og sau også bidreg med skinn som ei naturlege vare innanfor pelsindustrien. Som forklaring på dette peikar likevel Venge på den minimale økonomiske verdien denne produksjonen bidreg med om ein sett det opp mot hovudproduksjonane deira.⁶⁷ Eit unntak her er likevel den asiatiske karakul-sauerasen som finn sitt økonomiske tyngdepunkt gjennom framstillinga av pelsskinna persianar og breitschwanz.⁶⁸ Også kaninen viser Venge til å vera eit høgt akta pelsdyr grunna det enorme kvantumet av kaninskinns på pelsmarknaden. I *Pelsdyrboken* frå 1969 hevdar likevel direktør Johan R. Lindstrøm at kanin ikkje skal reknast som eit verkeleg pelsdyr ettersom kaninskinnet berre utgjør ein minimal økonomisk verdi samanlikna med kjøtproduksjonen i kaninavl.⁶⁹

Pelsdyr og husdyr

Venge trekk eit vidare skilje innanfor dei «egentlige pelsdyr», mellom dei dominerande viltlevande dyra og nokre få «farmopdrættede arter» som er vorte «domesticerede eller er underkastet en begyndende domestikation» og som dermed finn seg «direkte under menneskets indflydelse».⁷⁰ Desse «halv-domesticerede arter» viser Venge til å fyrst og fremst dreia seg om artar innanfor hunde- og mårfamilien der høvesvis raud- og fjellrev og mink er dei viktigaste

⁶⁴ *Det Norske Akademis ordbok*. «Pelsdyr». Oslo: Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Oppslag: November 2023.

⁶⁵ Venge, «Kaniner og pelsdyr», 391.

⁶⁶ Venge, «Kaniner og pelsdyr», 407.

⁶⁷ Venge, «Kaniner og pelsdyr», 391.

⁶⁸ Venge, «Kaniner og pelsdyr», 312 & 391.

⁶⁹ Helgebostad mfl., *Pelsdyrboken: Håndbok for pelsdyroppdrettere*, 13.

⁷⁰ Venge, «Kaniner og pelsdyr», 391 & 407-418.

artane. Andre eksempel er også gnagarartane nutria og chinchilla.⁷¹ Å domestisera viser *Det norske akademis ordbok* til å dreia seg om å tilpassa dyr til menneskelege miljø, altså i forståinga av å temma dyret og gjera det til eit husdyr.⁷² Til tross for at Venge i omtalen av oppdrettspelsdyra ikkje nyttar omgrepet «husdyr» ser ein likevel korleis denne husdyrforståinga ligg til grunn.⁷³

Husdyrforståinga av oppdrettspelsdyra sporar seg også lenger tilbake der *Stavanger Aftenblad* mot slutten av 1920-talet i samband med den veksande norske reveavljen kjem med skildringar som «En av husdyrenes argeste fiender gjøres selv til husdyr», der pelsdyravlen blir omtala som «Norges nyeste husdyrbruk».⁷⁴ Likevel viser Lindstrøm i eit jubileumsskrift frå 1976 til uvilja og skepsisen som prega Landbruksdepartementet på 1920-talet, der ein vanskeleg oppfatta reven som eit husdyr og dermed i liten grad ynskja å innordna pelsdyravlen som ein del av det organiserte landbruket.⁷⁵ Også innanfor pelsdyrnæringa finn ein nyanseringar kring husdyrforståinga der den amerikanske pelsdyralforskaren Frank G. Ashbrook i handboka *Pelsdyravl som næringsvei* frå 1930 påpeikar at pelsdyr i fangenskap ikkje må bli forstått som «tamme» husdyr på lik linje med tradisjonelle husdyr, ettersom dei fyrst og fremst er ville dyr som berre i eit kortare tidsrom er forsøkt domestiserte.⁷⁶

Husdyrdiskursen kjem også til uttrykk med den framveksande dyrevernkampen utover 1980-talet der ein i *Aftenposten* i november 1989 kan lesa artikkelen «-Reven ikke et husdyr!» som kritiserer framstillingane frå pelsdyrnæringa om pelsdyret som husdyr på lik linje med andre husdyr, der dei snarare vektlegg korleis oppdrettspelsdyra «mink og rev er typiske villdyr og ensomme streifere».⁷⁷

For å trekka linjene var den opphavlege temminga av husdyr som stor- og småfe ein prosess som tok til for meir enn 10 000 år sidan.⁷⁸ Avl av pelsdyr er, som ein vil sjå nedanfor, ein

⁷¹ Venge, «Kaniner og pelsdyr», 420-421.

⁷² *Det Norske Akademis ordbok*. «Domestisere». Oslo: Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Oppslag: Desember 2023.

⁷³ Johansson mfl., *Husdyrrasene*.

⁷⁴ «Sølvrev og gullfeber». *Stavanger Aftenblad*. 26.11.1927.

<https://www.nb.no/items/a6f97b5fd5ca18f23b7506eee0ff7fa5?page=5> & «Norges nyeste husdyrbruk». *Stavanger Aftenblad*. 15.12.1928. <https://www.nb.no/items/e109208201497b46b63520762db534c5?page=1>

⁷⁵ Lindstrøm, *Norges Pelsdyralslag: Jubileumsskrift 1926-1976* (Oslo: Aktietrykkeriet, 1976), 15.

⁷⁶ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 20.

⁷⁷ Brudevold, «-Reven ikke et husdyr!». *Aftenposten*. 22.11.1989.

<https://www.nb.no/items/a1943e422fe6b1b99deb5c9fd7be80d8?page=17>

⁷⁸ *Store norske leksikon*, s.v. «Domestisere», av Odd Vangen. 24.11.2023. <https://snl.no/domestisere>

prosess av mykje yngre dato der dei første temmingsforsøka ikkje finn seg meir enn kring 150 år tilbake. Med andre ord finn dei omtalende oppdrettspelsdyra seg i ein mellomposisjon frå dei viltlevande pelsdyra og dei fullstendig domestiserte husdyra, der oppdrettspelsdyra følgeleg kan bli konkludert som, med utgangspunkt i omgrepsbruken til Venge, «halv-domesticerede».⁷⁹ Denne tvidydigheita i forståinga av pelsdyra må ein dermed ha med seg når ein også i nyare litteratur les omtalar som «Det nye husdyret sølvreven».⁸⁰

Kva er pelsdyravl?

Store norske leksikon karakteriserer pelsdyroppdrett eller pelsdyravl til å basera seg på «systematisk formering (oppdrett) og røkt av dyr der pelsproduksjon er det økonomiske siktemålet».⁸¹ Liknande definerer også Ashbrook frå 1930 pelsdyravl til å dreia seg om «avl av pelsdyr under menneskets omhu og beskyttelse med pelsproduksjon som formål».⁸² Avlen baserer seg på å halda pelsdyra innfanga i bur eller i villare tilstand innanfor eit avgrensa område, som ei øy. Pelsdyravlen blir vidare karakterisert å vera på linje med andre husdyrproduksjonar der drifta krevjar kunnskapar om dyret sin «avstamning, temperament, fóring, røkt og avl såvel som til hygiene og forebyggelse av sykdommer og parasitter».⁸³ I tillegg framhev Ashbrook dei særeigne forholda kring pelsdyravlen gjennom behovet for kunnskapar om skinnkvalitet og eit generelt godt innsyn i den raskt endrande marknadsetterspurnaden.

Dei norske oppdrettspelsdyra

Innanfor den norske pelsdyravlen har ein gjennomført avl av fleire ulike typar pelsdyr, der mellom anna pelsdyrteljinga i 1936 inneheld eit variert mangfald med registreringar av både sølvrev, blårev, kvitrev, korsrev, raudrev, platinarev, mår, mink, ilder, nutria, vaskebjørn, chinchilla, ulv, pekan og karakulsau.⁸⁴ Det er likevel fyrst og fremst artane og variantane av raudrev, fjellrev og mink som i norsk samanheng har fått størst betydning innanfor den systematiske avlen, og eg vel dermed å avgrensa meg til desse pelsdyrtypane.⁸⁵

⁷⁹ Venge, «Kaniner og pelsdyr», 407.

⁸⁰ Almås, *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* (Oslo: Det norske samlaget, 2002), 89.

⁸¹ *Store norske leksikon*, s.v. «Pelsdyroppdrett», av Odd Vangen. 10.11.2023. <https://snl.no/pelsdyroppdrett>

⁸² Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 19.

⁸³ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 20.

⁸⁴ Statistisk sentralbyrå, «Pelsdyrtellingen i Norge 1. september 1936.», 1.

⁸⁵ *Store norske leksikon*, s.v. «Pelsdyroppdrett», av Odd Vangen. 10.11.2023. <https://snl.no/pelsdyroppdrett>

Av raudrevarten er det særleg sølvrevmutasjonen som fekk størst betydning der ein i Noreg tok til med ein avl baserande på importerte canadiske sølvrevar.⁸⁶ Sølvreven blir karakterisert av å vera «svart med hvit haletipp og et mer eller mindre utbredt sølvskjær over rygg og bakpart».⁸⁷ Gjennom vidare avl og krysningar finn ein også fleire mutasjonar frå sølvreven der særleg platinareven vart av betydning for reveavlen.⁸⁸ Frå fjellrevarten er det blårevvarianten som har hatt betydning i reveavlen, der blåreven skil seg som ein mindre reveart samanlikna med raudreven og baserer seg på eit varierende fargespekter frå «lys blågrå farge om vinteren og gråsvart om sommeren».⁸⁹ Den norske blårevavlen kom særleg til å basera seg på importerte grønlandsk- og Alaskarev.⁹⁰ I motsetnad til revetypane har ikkje villmink vore ein naturleg del av den norske faunaen der dei først vart importert frå Nord-Amerika i 1927.⁹¹ Frå den opphavlege villminken eller standardminken, finn ein vidare fleire mutasjonar innanfor hovudgruppene brunmink, blåmink og kvitmink.

2.3 Den lange pelshistoria

Eigennytte og handel

I fleire handbøker om pelsdyravl skisserer forfattarane den lange førhistoria som leia opp til pelsdyravlen. Dette er ei historie som ein ser har lege til grunn i pelsdyrnæringa gjennom tidene, der den mellom anna vart nytta i motkampanjen til Norges Pelsdyrslag følgjande den framveksande dyreetiske og legitimitetsskadande skepsisen mot næringa utover 1980-talet.⁹² Til undersøkinga og forståinga av pelsdyrnæringa vil det følgjeleg vera interessant å nærmare undersøka denne fellehistoria som ein del av medvitet til dei norske pelsdyravlarene.

I det omfattande verket *Pelsdyrboken* frå 1930 trekk pelsdyravlaren Sigvald Salvesen dei historiske linjene for den menneskelege nytta av pelsdyra tilbake til steinalderen med holebuarane som ved hjelp av primitive steinøksar og klubbar drog nytte av skinn frå ulike pelsdyr i framstillinga av klede for seg sjølv og sin familie.⁹³ Den amerikanske

⁸⁶ Haraldseid, *Lærebok i husdyrbruk* (Oslo: Grøndahl & Søns forlag, 1945), 227. & Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 341.

⁸⁷ Kleiven, *Pelsdyr* (Larvik: Norske 4H – Landbruksforlaget, 1986), 26.

⁸⁸ Venge, «Kaniner og pelsdyr», 410.

⁸⁹ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 68. & Kleiven, *Pelsdyr* (Larvik: Norske 4H – Landbruksforlaget, 1986), 26.

⁹⁰ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 346.

⁹¹ Kleiven, *Pelsdyr* (Larvik: Norske 4H – Landbruksforlaget, 1986), 15. & Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 353.

⁹² Kapittel 4, 91-92.

⁹³ Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 5.

pelsdyralforskaren Frank G. Ashbrook viser i handboka *Pelsdyravl som næringsvei* frå 1930 til korleis jakta etter pelsdyr, i tillegg til eigennytta også bidrog som eit viktig ledd i dei første handelssambanda, der han peikar på betydninga pelsverket gjennom tidene har hatt som særleg verdifull vare, der det i fleire delar av verda vart nytta som det store byttemidlet framfor pengar.⁹⁴ Det er også dette perspektivet Salvesen framhev når han omtalar omsettinga av pelsen til å vera «uten tvil den eldste industri i verden».⁹⁵ Dette blir også underbygga av professor Johs. Høie der han innleier handboka *Pelsdyrhold* frå 1958 på følgjande måte: «Innfanging av ville dyr og omsetning av pelsverk, huder og skinn hører til det eldste «næringsliv» i verden.»⁹⁶

Under dei tidlege sivilisasjonane trekk Salvesen linjene tilbake til legenda om den assyriske dronning Semiramis som i året 2182 før vår tidsrekning frakta med seg ikkje mindre enn 8000 tigerskinn heim etter ei krigstokt i India, som vidare skulle bli brukt i handelen med grekarane.⁹⁷ I boka *Kapitalplasing i pelsdyravl på skinnbasis*, også frå 1930, går Salvesen nøyare inn i «pelshandelens historie» der han viser til spor etter nytte og handel av pelsverk som strekk seg 3000 år tilbake igjennom dei egyptiske og kinesiske tradisjonane.⁹⁸ Også i det vestlege Europa viser Salvesen til bruken av klede beståande av behandla skinn, i tidene fram til kulturpåverknadane frå den romerske invasjonen der skinnklede i nokon grad vart erstatta med veva tøy. Følgjande den romerske tilbaketrekkinga endra dette seg likevel tilbake til bruken av hovudsakleg skinnklede.

Likevel viser professor i husdyravl S. Berge i innleiinga til pelsdyrkapitelet i oversiktsverket *Våre husdyr* frå 1958 til korleis innføringa av vevekunsten og det å framstilla klede av ull og plantefiber minska etterspurnaden etter pelsverk.⁹⁹ Nyttå av pelsskinna heldt likevel fram som vern mot kulda i tillegg til ein aukande betydning igjennom framstillinga av spesielle kledegjenstandar til pynt og pryd. Dette slo seg særleg ut under dei luksuriøse trendande i mellomalderen der dekoren med pelsverk utgjorde ein sentral del i klededraktene til dei høgste sosiale klassane. Denne perioden markerer i følgje Berge ein auke i etterspurnad og pris som førte til ei intensivering i jakta etter pelsdyra og dei stadig meir ettertrakta pelsskinna. Om fordelinga peikar Salvesen på korleis kappar og klede av skinn i mellomalderen fyrst og fremst

⁹⁴ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 3.

⁹⁵ Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 5.

⁹⁶ Høie, *Pelsdyrhold* (Oslo: Grøndahl & Søns forlag, 1958), 7.

⁹⁷ Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 5.

⁹⁸ Salvesen, *Kapitalplasing i pelsdyravl på skinnbasis* (Oslo: Nationaltrykkeriet, 1930), 7.

⁹⁹ Berge, *Våre husdyr* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1958), 112.

vart nytta av menn, der det fyrst under kong Edward III av England også vart moderne for kvinner å nytta seg av pelsklede, som Salvesen også viser til å ha vore rådande i all ettertid.¹⁰⁰

Ein av dei leiande aktørane i etableringa av, og seinare administrerande direktør i, Norges Pelsdyrslag, Johan R. Lindstrøm, peikar i *Pelsdyrboken: Håndbok for pelsdyroppdrettare* frå 1969 på den særskilde tilgangen ein fann av pelsdyr og pelsdyrskinn i det kalde klimatiske Norden.¹⁰¹ Til dette vektlegg han betydninga av jakta og omsetnaden av pelsdyrskinn for næringslivet i vår del av verda, der han løfter fram dei nordiske pelsverka som det rådande bytemiddelet allereie under dei første handelsforbindelsane med Europa.

Også i dei meir historiefaglege verka finn ein tilvisingar til denne historia der professor i landbruksvitenskap Paul Borgedal i *Norges jordbruk i nyere tid* frå 1968 med sitt utgangspunkt i jordbruksperspektiv fortel at den norske skinneksperten har ei historie som strekk seg lenger tilbake enn det har vore drive landbruk i landet vårt.¹⁰² Vidare peiker Borgedal på korleis pelsverket tilbake i «den grå oldtid» skal ha vore den høgst akta eksportartikkelen som mellom anna bidrog til «å føre inn i landet våpen, smykker, redskaper og andre hjelpemidler av stein, bronse, jern og gull samt finere kles-, mat- og drikkevarer».¹⁰³ Også Salvesen peikar på den verdifulle norske pelseksporten der han mellom anna viser til korleis det i «tolltariffen av 1316 nevnes huder og skinn som nogen av de viktigste utførselsartikler, bl. a. mår-, oter-, bjør-, (bever) og ulveskinn.».¹⁰⁴

Frå den lange historia om verdsleg pelsverkhandel framhev Salvesen dei store verdiane i viltskinna som mellom anna har fungert som ein av dei viktigaste industriane i Nord-Amerika, der Salvesen, med utgangspunkt i si eiga samtid, viser til den årlege omsetnaden av pelsverk i USA til å basera seg på kring 500 000 000 dollars.¹⁰⁵ Eit detaljert bilete av pelsverknetteverka kring 1920- og 1930-talet får ein av Ashbrook som synar eit verdsomspennande handelsnettverket på land og vatn gjennom områder som Japan, Kina, Afghanistan, India,

¹⁰⁰ Salvesen, *Kapitalplasing i pelsdyravl på skinnbasis* (Oslo: Nationaltrykkeriet, 1930), 7.

¹⁰¹ Lindstrøm, *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1976* (Oslo: Aktietrykkeriet, 1976), 5. & Helgebostad mfl., *Pelsdyrboken: Håndbok for pelsdyroppdrettare*, 11.

¹⁰² Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 340.

¹⁰³ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 340.

¹⁰⁴ Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 7.

¹⁰⁵ Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 6.

Russland, Skandinavia, Tyskland, Zanzibar, Argentina, Australia, USA og Canada, for å nemna nokon.¹⁰⁶

Faretruande utrydding

Salvesen framhev den rådande oppfatninga i særleg Europa til å ha dreia seg om forståinga av desse ville pelsdyra som skadedyr der dei i sin natur som rovdyr har fungert faretruande mot husdyr og andre villdyr, og av denne grunn vorte jakta på med tanke på utrydding.¹⁰⁷ I tillegg har jakta basert seg på innhentinga av ulike typar pelsverk «fra den kostbare sobel til den tarvelige hare», der Salvesen peikar på korleis utviklingar i fangstmetodar og ein stadig aukande deltaking i den enorme pelsverkomsetnaden har ført til at fleire og fleire artar i hans eigen samtid har nærma seg punktet for utrydding.¹⁰⁸

Det er også denne utviklinga som blir skissert i boka *Reveavl* frå 1941 av den markante skikkelsen i Norges Pelsdyrslag, J. Nordang, som viser til ei direkte kopling mellom intensiveringa av pelsdyrjakta og den moderne tida der bruken av moderne gevær og fangstreiskapar i motsetnad til dei utfasa primitive våpena auka hyppigheita av jakta, som for første gong førte til ein faretruande nedgang og utrydding av villdyrbestanden.¹⁰⁹ Ashbrook viser til korleis det stadig aukande forbruket av skinn førte til at etterspurnaden av pelsverk overgjeikk produksjonen, som resulterte i betydeleg utreinsking av fleire av dei mest verdifulle pelsdyra i villmarkene.¹¹⁰ Frå det seinare perspektivet til Lindstrøm ser ein korleis han knyt den stigande etterspurnaden og befolkningsauka saman med ei tilhøyrande auking av levestandarden, som resulterte i at ein stadig større del av den veksande befolkninga tok del i pelsindustrien og dermed pressa etterspurnaden etter desse dyrebare pelsverka ytterlegare opp.¹¹¹

Ved sida av forklaringane om ein intensiv jaktkultur peikar også Salvesen på korleis dei omfattande menneskelege inngrepa i form av skogfjerning, oppdyrking og nedbygging stadig greip meir og meir inn i dei naturlege utfoldingsområda til pelsdyra, og konkluderer dermed

¹⁰⁶ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 13-19.

¹⁰⁷ Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 6.

¹⁰⁸ Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 6.

¹⁰⁹ Nordang, *Reveavl* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1941), 7. & Lindstrøm, *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1976* (Oslo: Aktietrykkeriet, 1976), 38.

¹¹⁰ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 13.

¹¹¹ Helgebostad mfl., *Pelsdyrboken: Håndbok for pelsdyroppdrettere*, 11.

«at den tid ikke er langt borte da kun en mindre del av verdens behov for pelsverk kan dekkes av viltlevende dyr».¹¹² Perspektivet blir også understøtta av Berge som saman med den stadige utvidinga av områder «lagt under plogen» dreg inn den stadig aukande verdsbefolkninga som hovudforklaringane på dei pressande eksistensmogleheitene til dei viltlevande pelsdyra rundt om i verda.¹¹³ Nettopp grunna desse djuptgåande menneskelege inngrepa viser konsulent i Norges Pelsdyrslag Kjell Kjøsberg i boka *Pelsdyr som næring* frå 1977 til ei umogleg reversering av utviklinga og attreising av den naturlege pelsdyrbestanden, som han særleg grunnar i den konstant aukande pelsverketerspurnaden.¹¹⁴

Pelsdyravl som løysing

Til forskjell frå tidlegare haldningar peikar Salvesen på endringar frå hans eigen samtid, der ein i aukande grad byrjar å sjå verdien i å bevare pelsdyra, der han peikar på land som USA, Canada og Tyskland som for første gong driv eit omfattande vernearbeid for fleire av dei viltlevande pelsdyra.¹¹⁵

Med utgangspunkt i den stadige kultiveringa av villmarksviddene viser Lindstrøm til korleis den følgjelege avgrensa tilgangen på viltlevande pelsdyr og pelsverk naturleg førte til tanken om å også kultivera pelsverkforsyninga, med pelsdyravl som resultat.¹¹⁶ I tillegg til bevaringa av pelsdyra framhev Nordang særleg den høge etterspurnaden og den tilhøyrande sterke prisveksten som drivkrafta i oppstarten med pelsdyravl, der han viser til ein prisvekst som den siste menneskealderen hadde auka med heile 10-20 gongar frå føregåande tider.¹¹⁷

Høie konkluderer det heile på følgjande måte:

Så lenge de ville dyra fikk leve mer uberørt i de store skogene, og landene var tynt befolka, kunne en lettere tilfredsstille etterspørselen etter pelsverk, men med den større befolkningstetthet og de bedre fangstmidler, ble det færre ville pelsdyr og høyere priser

¹¹² Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 6.

¹¹³ Berge, *Våre husdyr* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1958), 112.

¹¹⁴ Kjøsberg, *Pelsdyr som næring* (Oslo: Landbruksforlaget, 1977), 9.

¹¹⁵ Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 7.

¹¹⁶ Helgebostad mfl., *Pelsdyrboken: Håndbok for pelsdyroppdrettere*, 11.

¹¹⁷ Nordang, *Reveavl* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1941), 7.

på pelsverk, og med det ble interessen for å prøve å holde pelsdyr i fangenskap aktuell.¹¹⁸

Tidlege forsøk

Dei første forsøka med hald av pelsdyr var prega av mindre systematiske forsøk der mellom anna Høie viser til at det i Nord-Russland og på Kolahalvøya i fleire hundreår vart gjort forsøk med å halda revekvalpar i fangenskap for å deretter pelsa dei som vaksne.¹¹⁹ Liknande forsøksverksemd utan vidare avlspraksis viser Ashbrook til å ha vore vanleg i lange tider for pelsjegerar og amerikanske urfolk i Nord-Amerika, der pelsdyr som vart fanga utanfor pelstida vart haldne i fangenskap fram til ferdig utpelsa pels for å hausta høgast mogleg utbytte.¹²⁰ Om meir systematiske forsøk viser Venge til korleis det i 1827 i Sverige vart gjennomført suksessfulle paringar og følgjande kvalpingar av innfanga revar.¹²¹ Grunna utfordringar kring føring og røkt av dyra resulterte likevel forsøket med kvalpedød og ein vidare avlsverksemd vart dermed raskt gitt opp.

2.4 Systematisk pelsdyravl

Sølvrevavl

Den breiaste omtalen i pelsdyrlitteraturen finn ein kring sølvrevavlen, som må grunnast i at det var nettopp dette pelsdyret som fekk størst betydning for framveksten av pelsdyravlen. Dette blir av Høie grunna i den sjeldne tilgangen som var å finna av viltlevande sølvrevar som følgeleg førte til svært godt betalte prisar for det sjeldne og særeigne sølvrevskinnen.¹²²

Ashbrook og Salvesen bind den verkelege oppstarten med sølvrevavl saman med den kanadiske fangstmannen og pelshandlaren Charles Dalton som etter eit kortare oppdrettsforsøk med raudrev i 1887 fekk tak i to par sølvrevar og anla ein spesiell farm tileigna sølvrevoppdrett i Tignish på Prince Edward Island i Canada.¹²³ Dalton fekk likevel nyss i at også ein annan kanadiar med namn Rober Oulton dreiv gode resultat med sin eigen sølvrevavl. Grunna ein felles interesse i å støtta kvarandre vart det i 1894 danna eit kompaniskap mellom desse.

¹¹⁸ Høie, *Pelsdyrhold* (Oslo: Grøndahl & Sønns forlag, 1958), 7.

¹¹⁹ Høie, *Ei lita bok om pelsdyravl* (Oslo: Grøndahl & Sønns forlag, 1945), 3.

¹²⁰ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 21-22.

¹²¹ Venge, «Kaniner og pelsdyr», 407.

¹²² Høie, *Ei lita bok om pelsdyravl* (Oslo: Grøndahl & Sønns forlag, 1945), 3.

¹²³ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 25. & Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 15.

Ashbrook viser til korleis sølvrevavlen til å byrja med vart drive i skjul, men at det likevel samtidig vart drive liknande forsøk med sølvrevavl også andre stadar i Canada.¹²⁴ Dei ulike forsøka var dermed svært samanfallande der det i røynda var ei rekkje ulike personar som kunne blitt peika på som pioneren i sølvrevavlen. Likevel er det altså oppdrettsverksemda til Charles Dalton som av ettertida karakteriserte han som «sølvrevavlens far».¹²⁵ Ashbrook fortel om den store rikdommen som var å henta ut av denne tidlege avlsverksemda der livdyrpara vart selt for opp mot 34 000 \$ og enkelte skinn for opp mot 2 700 \$, som i samband med Ashbrook nettopp «lyder som et eventyr».¹²⁶ Grunna den veldige rikdommen viser Ashbrook til korleis den opphavleg hemmelege verksemda raskt vart ålmenn kjent og førte til ein veldig ekspansjon av sølvrevavl rundt om i Canada.

Den enorme ekspansjonen av nyoppstarta sølvrevavlalarar førte til det som vart oppfatta som ein evig etterspurnad av livdyr, der produksjonen til desse fyrste pelsdyrproduzentane i all hovudsak kom til å basera seg på salet av avlsdyr til andre oppdrettskollegaer, der berre dei mindre kvalitetsrike dyra vart pelsa og dermed baserande på skinnverdien.¹²⁷ I det heile viser Ashbrook til problematiske forhold under denne ekspansjonsfasen der kontroll av kvalitet og avstamming av dei selte livdyra vart satt til side, som bidrog til svært varierende kvalitet på avkoma frå livdyra. Til tross for denne manglande kvalitetsundersøkinga vart livdyra likevel selt for enorme priser der kjøpa i stor grad vart baserande på hell og ulukke. Håpet om gunstige kjøp må likevel ha vega tyngst der Ashbrook viser til korleis sølvrevavlen vidare spreidde seg nedover til USA. Som følgje av optimismen og dei store verdiane ein kunne henta ut av sølvrevavlen tok ein etterkvart også til å interessera seg for avl av andre typar pelsdyr.

Blårevavl

I motsetnad til sambandet mellom Dalton og oppstarten av sølvrevavlen synar det å vera mindre visshet i pelsdyrlitteraturen når det kjem til den verkelege oppstarten med blårevavl, der Salvesen viser til at «Det er opigjennem årene gjort mange forsøk på å oprette blårev».¹²⁸ Revehaldaren L. Axelsson gjer i boka *Blaareven i fangenskap* frå 1928 ei generell skildring om at «Det var oprindelig et par mand som kom paa den idé at fange ind blaarev».¹²⁹ Ashbrook er

¹²⁴ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 25.

¹²⁵ Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 15.

¹²⁶ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 26.

¹²⁷ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 26.

¹²⁸ Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 94.

¹²⁹ Axelsson, *Blaareven i fangenskap* (Aalesund: Centraltrykkeriets forlag, 1928), 4.

likevel meir bestemt der han viser til opphavet av blårevavlen å stamma frå ein oppdrettsverksemd starta i Alaska i 1885 etter Alaska-kjøpet frå Russland.¹³⁰ Verksemda bestod av selskapet Semidi Avslag som dreiv oppdrett av innfanga blårevar som vart sett ut på ulike øyar og holmar. Som sølvrevavlen viser Axelsson til den opphavlege planen til føregangsmennene om å behalda monoopolet på blårevskinna og driva eit oppdrett i skjul av omverda.¹³¹ Det tok likevel ikkje lang tid før også denne luksuriøse verksemda vart kjent der stadig fleire tok til med blårevavl. Grunna sjukdomsutbrot og utfordrande fôringstilhøve saman med ein mindre kontrollerbar avl gjekk også blårevavlen over til å basera seg på innhegna revegardar, som frå før var vanleg praksis innan sølvrevavlen.

Minkavl

Også når det gjeld oppstarten med minkavl blir det av minkhaldaren C. M. Øvrebø peika på uvissheter kring den verkelege oppstarten, der han viser til parallelle forsøk «både i Nord Amerika og i Alaska».¹³² Historia dreiar seg kort sagt om ei rekkje ulike forsøk med hald av mink i fangenskap der det grunna lite erfaring og manglande kunnskap tok lang tid før minkavlen breidde om seg. Øvrebø viser til at det allereie i 1868 skal ha vore drive eit oppdrett av 130 minkar i Amerika, der det først i 1913 skal ha vore ein meir etablert minkfarm som vidare selte livdyr til nyoppstarta produsentar rundt om i Canada og USA. Dei første importerte minkane kom til Noreg hausten 1927 med destinasjon Hans Erdal frå Sunnmøre.

2.5 Norsk pelsdyravl

Pionerverksemd

Til tross for den etablerte historia kring oppstarten av ein norsk pelsdyravl framhev mellom anna Tveite korleis avl av pelsdyr allereie før denne tida var noko som hadde vorte drive av eit mindre tal «lokale Oskeladder».¹³³ Ein av desse tidlege norske reveavlarane var Bjerkreimsbuen Godtfred Fuglestad frå Rogaland som ein tydeleg finn att i dei ulike jubileumsskrifta til Norges Pelsdyrslag, der Lindstrøm i jubileumsskriftet frå 1976 omtalar han å vera «Den første som hadde pelsdyr i fangenskap her i Norge med sikte på avl».¹³⁴ Også i jubileumsskriftet frå 1951 blir Fuglestad skildra som ein ivrig og sær dyktig jaktar som

¹³⁰ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 27.

¹³¹ Axelsson, *Blaareven i fangenskap* (Aalesund: Centraltrykkeriets forlag, 1928), 4-6.

¹³² Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 145-147.

¹³³ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 84.

¹³⁴ Lindstrøm, *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1976* (Oslo: Aktietrykkeriet, 1976), 9.

etterkvart også tok til med reveavl etter å ha fanga fleire raud-, kors-, blå- og kvitrevvar.¹³⁵ Grunna vanskar med tilgangen på gode innhegningar kjøpte Fuglestad ein gong i 1903-1904 ei øy i Boknafjorden som han baserte reveavlen sin på.¹³⁶ Etterkvart fekk Fuglestad også tak i ein viltlevande sølvrev som han sette saman med dei resten av revane på øya som på det meste skal ha romma kring 50 revar.¹³⁷

Grunna manglande kontroll, sjukdomsutbrot og tjuveri på øya vart likevel Fuglestad nøydd å selja øya og basera reveavlen på ein innhegna revegard.¹³⁸ Likevel slo sjukdommane også til her, der Lindstrøm viser til dei manglande kunnskapane kring pelsdyravl og medisinsk behandling som kjenneteikn for denne uetablerte norske pelsdyravlen. Ein kan likevel i juli 1918 lesa i *Stavanger Aftenblad* om oppdrettsverksemda til Godtfred Fuglestad der «Stamdyr fra hans opdrætter er spredt utover landet, hvor fler og fler befatter sig at holde ræven som husdyr».¹³⁹ Til tross for utviklinga som var i ferd med å likna på ein suksess av norskavla reveoppdrett førte likevel utbrotet av verdskrigen i 1914 til ein rask vending, der Lindstrøm framhev utfordrande tilhøve under krigstidene som vidare vart forsterka med den utbreia konkurransen i avlsdyrsalet følgjande innføringa av dei canadisk-importerte sølvrevane til Noreg frå og med 1914.¹⁴⁰ Dermed vart forlaupet til det som kunne vorte ein norskavla sølvrevstamme konkurrert ut til fordel for innføringa av dei canadiske sølvrevane som kom til å markera den verkelege starten på norsk pelsdyravl.

Den verkelege oppstarten

Sølvrevavlaren Einar Døving skriv i jubileumsskriftet til Norges Pelsdyrslag frå 1951 at «Sølvrevavlen i Norge tok sin begynnelse på Rauer ved Fredrikstad året 1914».¹⁴¹ Det var den første importen av det reinavla sølvrevparet Amund og Amunda frå Canada som markerte oppstarten, etter dei vart innført til landet av grosserar Arne Christensen, som også med eit nyoppsatt reveanlegg av heil betong og tjukke jerndørar betalte ein samla sum på 60 000 kroner.¹⁴² Døving viser til korleis sølvrevavlen i Noreg også i denne oppstartida var basert på

¹³⁵ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 107.

¹³⁶ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 109.

¹³⁷ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 110.

¹³⁸ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 110.

¹³⁹ «Ræven som husdyr». *Stavanger Aftenblad*. 12.07.1918.

<https://www.nb.no/items/d7ac3d92039b1567d60c72ad6df4f89c?page=5>

¹⁴⁰ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 110-111.

¹⁴¹ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 112. & Norges Sølvrevavlslag, *Norges Sølvrevavlslag 1926-1936: jubileumsskrift* (Bergen: A. Garnæs boktrykkeri, 1936), 236.

¹⁴² Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 112.

livdyrsal, der ein frå avisannonsar kan sjå at Christensen allereie året etter gjekk i gang med avlsdyrsal og dermed mogleggjorde oppstarten av andre norske revegardar.¹⁴³

Likevel tok ikkje sølvrevexpansjonen til før etter 1923, ettersom ein veksande etterspurnad av avlsdyr stimulerte til billigare livdyrpriser og mogleggjorde sølvrevavl som eit aktuelt alternativ for «alminnelige gårdbrukere».¹⁴⁴ Desse første sølvrevane var likevel prega av ein varierende kvalitet som leia til dyrebare og uheldige kjøp for fleire av dei nyoppstarta pelsdyrbøndene. Til tross for dette tok stadig fleire til med sølvrevavl der dei skrapa saman det dei hadde av sparepengar, tok opp store lån og pantsette gardsbruka, samtidig som fleire også slo seg saman i kjøpet av nokre par sølvrevar.

Forklaringar for norsk sølvrevavl

Den sentrale skikkelsen i Norges Pelsdyrslag, Einar Storsul, skisserer framveksten av den norske sølvrevavlen i jubileumsskriftet *Pelsdyrnæringa i fokus* frå 2001 som ei risikoprega verksemd, særleg grunna den manglande erfaringa kring drift, føring og medisinsk behandling av dyra.¹⁴⁵ Til tross for dette framhev Ashbrook frå sin samtid i 1930 Noreg som den mest framstående pelsdyrnasjonen i Europa.¹⁴⁶ Ein kan lett peika på det kalde norske klimaet som ein viktig føresetnad for den tidlege oppstarten med pelsdyravl i Noreg.¹⁴⁷ Likevel grunna den svært risikobaserte drifta kan ikkje klimaet åleine ha vore utslagsgjevande for oppstarten og framveksten av den norske sølvrevavlen.

Som allereie peika på var ikkje pelsdyravl eit ukjent fenomen i tidene før oppstarten med canadisk-basert sølvrevavl der særleg Godtfred Fuglestad «begynte med rev lenge før det var blitt en modesak her og i Kanada».¹⁴⁸ Denne verksemda vart også spreia utover landet der Fuglestad i tidene før den canadiske importen tok til å selja avlsdyr til ulike kjøparar frå områder som Nordfjord, Ålesund og Drammen.¹⁴⁹ Også Salvesen viser til føregåande pionerverksemd

¹⁴³ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 112. & Christensen, «Sølvræve». *Aftenposten*. 08.07.1915. <https://www.nb.no/items/74c616cd4324847ec67684ad27ae70e0?page=7>

¹⁴⁴ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 112-114.

¹⁴⁵ Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 7.

¹⁴⁶ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 56.

¹⁴⁷ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 7. & «En engelsk ekspert om sølvrevavlen i Norge». *Aftenposten*. 30.11.1928.

<https://www.nb.no/items/5f24e56da9c72af7e9f097e17ec38607?page=5>

¹⁴⁸ Bj. H., «Sølvrev og gullfeber». *Stavanger Aftenblad*. 26.11.1927.

<https://www.nb.no/items/a6f97b5fd5ca18f23b7506eee0ff7fa5?page=0>

¹⁴⁹ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 110.

og påpeikar at «I Norge er opdress av rev allerede nokså gammelt», og nemnar mellom anna ein vestlandsk reveavljar som under jubileumsutstillinga i Oslo i 1914 vart premiært for reveskinna sine.¹⁵⁰ Med andre ord ser ein at pelsdyravl var ei kjent verksemd av fleire også i tidene før importen i 1914.

Ein ser også korleis dei ulike omtalane av pelsdyravl i pressa kan ha bidrege og påskunda oppstarten der *Aftenposten* i august 1912 skriv om den norske konsulen i Montreal som med utgangspunkt i den canadiske sølvreven løfter fram dei gode føresetnadane for ein liknande avlspraksis i Noreg.¹⁵¹ Ein annan artikkel frå oktober 1913 fortel om den omfattande canadiske revefeberen som framstiller ei lukrativ næring med høge verdjar i form av avlsdyrsal og skinnproduksjon.¹⁵² I tillegg ser ein korleis presseomtala bidrog til ei vidare spreiding rundt om i landet der Tveite viser til korleis avisene på 1920-talet i stor grad ber preg av positive omtalar kring skipinga av dei nye revegardane.¹⁵³

Til tross for spanande beretningar om høge økonomiske gevinstar var dette likevel ikkje noko som kunne bli starta opp av kven som helst. Som sett måtte grosseraren Arne Christensen i 1914 ut med totalt 60 000 kroner i innkjøpet av sølvrevparet og det nyoppstarta reveanlegget, som Borgedal samanliknar med «4 årslønner for en statsråd og 50 årslønner for enkelte av våre amsagronomer på den tid».¹⁵⁴ Det er med bakgrunn i dette at Borgedal omtalar oppstarten av den norske pelsdyravlen som «eventyret om økonomisk vågemot og innsatsvilje», der det særleg for dei første pelsdyravljarane vart satsa stort i noko som bar preg av ei heller uklår framtid.¹⁵⁵

Med utgangspunkt i det økonomihistoriske verket *Nasjonens velstand* frå 2022 av historikaren Pål Thonstad Sandvik ser ein korleis den norske økonomien i perioden 1905-1920 var kjenneteikna av ein særleg sterk vekst og ekspansjon samanlikna med andre europeiske land.¹⁵⁶ Dette endra seg likevel med utbrotet av den første verdskrigen i 1914 og dei endrande

¹⁵⁰ Salvesen, *Pelsdyrboken* (Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930), 15-16.

¹⁵¹ «Hvidræv-avl.». *Aftenposten*. 25.08.1912.

<https://www.nb.no/items/5b37c324ca1f719d7754a7be6176398f?page=1>

¹⁵² «Opdræt af ræv.». *Aftenposten*. 04.10.1913.

<https://www.nb.no/items/50901aaed6df291225f535b735033a9a?page=1>

¹⁵³ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 88.

¹⁵⁴ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndenes forlag, 1967), 341.

¹⁵⁵ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndenes forlag, 1967), 341.

¹⁵⁶ Sandvik, *Nasjonens velstand* (Bergen: Fagbokforlaget, 2022), 143.

verdsøkonomiske tilhøva som resulterte i fleire tilbakeslag i den tidlegare vekstprega norske økonomien.¹⁵⁷ Til tross for dette framhev Sandvik korleis fleire personar drog nytte av den rådande krigstida der dei henta store gevinstar som særleg spelte seg ut i «en spekulasjonsfeber» innan skipsfarten, som ved utgangen av krigstida førte til ein framvekst av fleire nyrike innbyggjarar og eit tilhøyrande aukande luksusforbruk.¹⁵⁸ Med dette kan ein tenkja seg at eit mindre tal velståande personar i stor grad kunne vera i stand til å etterkvart delta i verksemder kring pelsdyravl.

Samtidig må ein sjå korleis mellom anna Tveite omtalar utbrotet av den første verdskrigen som ei brems på den vidare spreinga av sølvrevavl rundt om i landet.¹⁵⁹ Dette finn ein også att for den generelle utviklinga i den internasjonalt framveksande pelsdyravlen der verdskrigen, i følge Ashbrook, bremsa utviklinga som likevel raskt tok seg opp følgjande fredsslutninga i 1918, der særleg den amerikanske marknaden greip om seg innan den internasjonale pelshandelen.¹⁶⁰

For Noreg lét likevel den vidare ekspansjonen venta på seg der Tveite viser til korleis det framleis i 1920 berre var kring «8 revegardar i landet».¹⁶¹ Ein ser med dette korleis oppstarten av sølvrevavl i stor grad har fungert som eit sjansespel, som til å byrja med berre var knytt til eit fåtal velståande personar som med sine moglege kapitalar tok det økonomiske vågestykket og satsa på liknande suksessar som dei canadiske. Særleg denne risikoprega drifta med høge livdyrpriser og ein høgst varierende sølvrevkvalitet legg Lindstrøm som grunn for den nærast stagnerande utviklinga.¹⁶² Dette endra seg likevel utover 1920-talet med ein etterkvart betydeleg ekspansjon av revegardar, som av Tveite særleg blir grunna i eit sentralt moment: Den faglege organiseringa.¹⁶³

2.6 Organisering og sterk utvikling

Den hurtige ekspansjonen utover 1920-talet skapa raskt eit behov for å ivareta fellesinteressene til sølvrevavlarane, der Lindstrøm framhev behovet for rettleiingar innan kvalitetsbedømmelse,

¹⁵⁷ Sandvik, *Nasjonens velstand* (Bergen: Fagbokforlaget, 2022), 167-169.

¹⁵⁸ Sandvik, *Nasjonens velstand* (Bergen: Fagbokforlaget, 2022), 177.

¹⁵⁹ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 85.

¹⁶⁰ Ashbrook, *Pelsdyravl som næringsvei*, overs. Stadheim (Oslo: Fabritius & Sønner, 1930), 10 & 27.

¹⁶¹ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 85.

¹⁶² Lindstrøm, *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1976* (Oslo: Aktietrykkeriet, 1976), 14.

¹⁶³ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 83.

føring, stell og sykdomsbekjempelse». ¹⁶⁴ Likevel var det særleg den sterkt varierende kvaliteten som låg til grunn der Døving viser til at «Framsynte menn i landet så at dette bar galt avsted» der «Det måtte iverksettes en kontroll som kunne hindre at dårlige dyr ble nyttet i avlen». ¹⁶⁵ Følgjande vart det lagt planar mellom føregåande sølvrevavlarar i samråd med Landbruksdepartementet om å skipa eit møte på Åndalsnes i juni 1926 der ein artikkel i *Aftenposten* i anledning det komande møtet fortel at grunna den store ekspansjonen og dei betydelege investeringane som har prega pelsdyravlen vil det «være av stor betydning at faa denne avl bragt ind i rationelle former». ¹⁶⁶ Som resultat vart Norges Sølvrevavlslag skipa den 21. juni 1926 på Åndalsnes under eit møte mellom landbruksdirektør O. T. Bjanes og interesserte sølvrevavlarar. ¹⁶⁷ Dermed følgja fleire sentrale tiltak i kvalitetsarbeidet:

Inspeksjon

Allereie frå hausten 1926 vart det sett i gang eit omfattande inspeksjonsarbeid der kyndige inspektørar besøkte pelsdyrgardane til medlemmar i Sølvrevavlslaget og avgjorde kva revar som var skikka som avlsdyr, og dermed stambokførte, og kva revar som vart kasserte og pelsa. ¹⁶⁸ Til tross for ein auka kvalitetssikring på den norske avlen framhev Døving korleis det for fleire pelsdyravlarar betydde stor ulykke ettersom fleire måtte gje slepp på størsteparten av sølvrevbesetningen og dermed ein stor del av dei framtidige inntektene. ¹⁶⁹ Døving viser likevel til korleis praksisen med inspeksjonar og stambokføring gradvis auka medvita blant pelsdyravlarane kring kjenneteikna på gode og dårlege dyr, som dermed bidrog til høgare kvalitetar innanfor dei enkelte revegardane.

Utstilling

Der inspeksjonane bidrog til å fjerna dei absolutt dårlegaste avlsdyra var effekten likevel ikkje god nok, som leia til tanken om å også løfta fram dei aller beste dyra. ¹⁷⁰ Som følgje av dette vart den første landsutstillinga for sølvrev opna hausten 1928 av H. K. H. Kronprins Olav, i regi av Norges Sølvrevavlslag. ¹⁷¹ At nettopp kronprinsen var deltakande på opninga vart seinare

¹⁶⁴ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 10-11.

¹⁶⁵ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 114.

¹⁶⁶ «Sølvræv-opdrætterne skal danne landsforening.». *Aftenposten*. 05.06.1926.
<https://www.nb.no/items/62a3c197ef215b52bde1032ee0b2dcd6?page=3>

¹⁶⁷ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 10-11.

¹⁶⁸ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 347-348.

¹⁶⁹ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 114.

¹⁷⁰ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 349.

¹⁷¹ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 115-116.

sett på å ha stor innverknad på den endrande haldninga for pelsdyravlen, som til no hadde vorte sett på med svært skeptiske auger.¹⁷² Også sjølve utstillinga fekk betydning for denne endrande haldninga der presseomtalen av sølvrevutstillinga skildrar ein enorm suksess med «Rekordtilstrømning som sprengte alle arrangementsrammer.».¹⁷³ Same året vart det også gjennomført sølvrevutstilling i Ålesund.¹⁷⁴ Utstillingane vart raskt ein sentral arena for livdyrsal og Sølvrevavlslaget sørja dermed raskt for ei satsing på lokale, framfor nasjonale, utstillingar rundt om i landet, for å i høgast mogleg grad rettferdiggjera føresetnadane for livdyrsal.

Pelsskinnomsetnaden

Likevel var det ikkje livdyrsalet som kom til å bli berebjelken i pelsdyravlen ettersom hovudformålet med pelsdyravl jo fyrst og fremst dreiar seg om det endelege produktet: pelsskinnet. At produksjonen likevel til å byrja med baserte seg på livdyrsalet bidrog i særleg grad til den skeptiske haldninga ovanfor sølvrevavlen, der ein frå *Stavanger Aftenblad* i november 1927 kan lesa om den tidlegare nemnte pioneren Gotfred Fuglestad som svært skeptisk reflekterer kring den framveksande sølvrevavlen, der han påpeikar skeivheita som dei høge livdyrprisane påfører næringa ettersom produksjonen så snart avlstdyrbehovet er dekkja vil basera seg på den mindre lukrative skinnomsetnaden.¹⁷⁵ Med andre ord ser ein korleis fleire svært skeptisk heldt seg til den framtidige utviklinga i næringa der ein tenkte seg katastrofale følgjer så snart sølvrevexpansjonen ville stabilisera seg og den veldige etterspurnaden av sølvrevar forsvann.

Livdyrretterspurnaden forsvann i 1930 og markerte dermed brotet ein lenge hadde venta på, der livdyrprisane raste nedover.¹⁷⁶ Borgedal forklarar brotet som ein produksjonsbasert overgang frå livdyravl til skinnproduksjon, som dermed også førte med seg endringar i både omsetnad og inntektstilhøve. Hardast gjekk dei endrande økonomiske spelereglane utover dei største askjedrivne revegardane som hadde basert seg på større strukturar og høgare kostnader

¹⁷² «Platina-eventyret på Skansen.» *Aftenposten*. 10.11.1939.

<https://www.nb.no/items/424cea4b614025d1179cbf265bb93fcd?page=0>

¹⁷³ «Sølvrevutstillingen» *Aftenposten*. 03.12.1928. & «Sølvrevutstillingen» *Aftenposten*. 06.12.1928.

<https://www.nb.no/items/076bf85f35f3199b4043c36ca980ef83?page=9>

¹⁷⁴ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 349.

¹⁷⁵ Bj. H., «Sølvrev og gullfeber.» *Stavanger Aftenblad*. 26.11.1927.

<https://www.nb.no/items/a6f97b5fd5ca18f23b7506eee0ff7fa5?page=0>

¹⁷⁶ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 349.

samanlikna med dei mindre og meir fleksible revegardane som gjerne fann seg i kombinasjon med anna gardsdrift.¹⁷⁷

Dei endrande spelereglane viste seg likevel for dei fleste gardane å gå betre enn forventa, som i stor grad kan forklarast i det føresjåande Sølrvrevavlslaget som hadde førebudd seg til den komande produksjonsomlegginga. I tidene før organiseringa i pelsdyravlen viser Borgedal til korleis pelsdyravlsskinna på same måte som viltskinna vart distribuert mellom den enkelte avlar og ulike pelshandlarar.¹⁷⁸ Sølrvrevavlslaget ynskja ei betre organisering kring distribueringa og skipa i 1928 Pelsentralen L/L som samla inn pelsskinna frå medlemmane, tok føre seg reinskinga og sendte dei behandla pelsskinna ut for omsetnad på ulike internasjonale skinnauksjonar, der dei norske sølvrevskinna raskt viste seg å vera særleg konkurransedyktige.

Norske skinnauksjonar

Med dette grunnlaget ekspanderte den norske skinneksporten vidare og i 1934 vart det følgjande starta opp med skinnauksjonar i Oslo der den norske hovudstaden raskt vart etablert som «et av verdenssentrene for omsetning av sølvrevskinn».¹⁷⁹ I oppstarten vart det drive to ulike auksjonsordningar i Oslo, ein i regi av pelsdyrnæringa og ein privatdriven auksjon. Dette endra seg frå og med 1947 då begge auksjonsfirmaa vart kjøpt av Norges Pelsdyrslag og samla under Oslo Skinnauksjoner S/L. Mangfaldet av presseomtaler i dei norske avisene gjer særskilde inntrykk av stemninga og betydninga for desse skinnauksjonane, der *Aftenposten* i januar 1939 skildrar interessa for kvalitetsrike norske pelsdyrskinn der den komande veka vil trekka ein «hær av utenlandske kjøpere som strømmar til Oslo for å dekke sine ordrer av dette norske produkt».¹⁸⁰ Om kjøparane kan ein i desember 1959 lesa om «amerikanske, engelske, franske, italienske og tyske kjøpere» som i ein annan artikkel blir vist til å representera ulike «berømte pelsfirmaer» frå «de store metropoler».¹⁸¹

¹⁷⁷ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 115. & Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndenes forlag, 1967), 349.

¹⁷⁸ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndenes forlag, 1967), 351.

¹⁷⁹ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndenes forlag, 1967), 352.

¹⁸⁰ M-k., «Titusener av sølvrev på Oslo-auksjonene». *Aftenposten*. 12.01.1939.

<https://www.nb.no/items/2df4e6a00562cd61932fe2168da8ffd7?page=7>

¹⁸¹ «Skinnkjøpere fra mange land til den store Oslo-auksjonen». *Aftenposten*. 01.12.1959.

<https://www.nb.no/items/45cf95e034a2e5fad31c12c5c48d476b?page=0> & «Blårevskinn for 2.7 mill. kroner solgt i Oslo igår». *Aftenposten*. 05.12.1959.

<https://www.nb.no/items/da91ff786c2e0ff279545711ac630291?page=0>

Om den vidare bruken av dei innkjøpte pelsskinna viser Arve Kleiven i eit introduksjonshefte til korleis dei kjøpte skinna vidare blir nytta i framstillinga av ferdige varar som kan delast inn i ulike kategoriar.¹⁸² Hovudkategorien dreiar seg om ulike pelsplagg, der ein i *Aftenposten* i tidene kring 1969 finn att fleire annonsar som reklamerer eit stort utval kåper og jakker av ulike pelsskinntypar.¹⁸³ I tillegg viser Kleiven til framstillinga av ulike typar besetningsartiklar som blir nytta i samband med pelsplagga, og det han kallar «accessoires», som mellom anna finn seg i form av pelshattar.¹⁸⁴ I tillegg finn ein også frå *Aftenposten* i januar 1969 eksempel på bruk av pelsskinn i samband med møbel der ein kan lesa om «Den meget omtalte «minkstolen»», bestående av kvitminkskinn.¹⁸⁵

Sameininga under Norges Pelsdyrslag

Ved sida av den dominerande sølvrevavlens vaks også særleg blårevavlens utover slutten av 1920-talet, samtidig som ein starta opp med minkavl frå og med 1927.¹⁸⁶ Frå ein byrjande innbyrdes skepsis og konkurransefrykt mellom produsentane av desse ulike pelsdyrtypane vaks det gradvis fram eit behov for felles organisatorisk samling, som følgjeleg leia til skipinga av Norges Pelsdyrslag i 1941, som av Sigv. Natland blir framheva som «Det største skritt i næringens historie» ettersom det har «uten tvil vært av den største betydning for en sunn og økonomisk utvikling av alle grener innen næringen».¹⁸⁷

2.7 Revefeberer kjem til Rogaland

Av Halvard Roalkvam kjem det fram at dei første revegardane i Rogaland, sett bort frå forsøka med norskavla pelsdyr under Godtfred Fuglestad, først kom til fylket hausten 1927.¹⁸⁸ Frå *Stavanger Aftenblad* kan ein i november 1927 lesa om 11 sølvrevar som til ein verdi av 22 000 kroner er komne frå Canada til Rogaland.¹⁸⁹ 5 av desse revane har leveranseadresse i Bjerkreim der ein i samband med sendinga kan lesa ein utfyllande artikkel om den rådande revefeberer i

¹⁸² Kleiven, *Pelsdyr* (Larvik: Norske 4H – Landbruksforlaget, 1986), 10.

¹⁸³ Eit eksempel på dette er «Vår store vareopptellings-salg av pels i Grensen 13», *Aftenposten*. 04.03.1969. <https://www.nb.no/items/559a1614a3b22a7f5946e5ce3f7fda2b?page=9>

¹⁸⁴ Kleiven, *Pelsdyr* (Larvik: Norske 4H – Landbruksforlaget, 1986), 10. & «Pels hos kahrs». *Aftenposten*. 27.11.1979. <https://www.nb.no/items/c942545b23fe932269d84f1de5784caa?page=0>

¹⁸⁵ «Besøkte De Møbelmessen?». *Aftenposten*. 30.01.1969.

<https://www.nb.no/items/b642e79060681dc1f3b5c308975b1d11?page=0>

¹⁸⁶ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndenes forlag, 1967), 352-353.

¹⁸⁷ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 8.

¹⁸⁸ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 224.

¹⁸⁹ «Sølvrev-avlens». *Stavanger Aftenblad*. 26.11.1927.

<https://www.nb.no/items/a6f97b5fd5ca18f23b7506eee0ff7fa5?page=0>

Bjerkreim.¹⁹⁰ Reveavlaren A. H. Westersjø fortel i jubileumsskriftet *Rogaland Pelsdyrslag 50 år* korleis det frå og med 1928 kom til stadig fleire revegardar rundt om i Ryfylke.¹⁹¹

Frå og med hausten 1929 grip revefebereren også om seg på Jæren der *Stavanger Aftenblad* 11. november 1929 meldar om 21 par sølvrevvar som frå Møre-distriktet er sende til sine nye revegardar i mellom anna Time og Gjestal.¹⁹² Vidare blir det nokre dagar seinare meldt at «Det later til at interessen for sølvrevavl len stadig brer seg også her i distriktet», ettersom ein no finn «Flere nye selskaper startet på Jæren».¹⁹³ Det er også i denne meldinga ein finn dei første spora av reveavl innanfor Klepp kommune der det blir fortalt om revesendingar til Jon Salte og Enok Aase på Orre og Rasmus Nilsen på Store-Salte. Følgjande den byrjande framveksten av jærske reveavl ser ein også korleis jærske industribedrifter som A/S Erlands Maskinforretning på Bryne har teke til som leverandør av ulike pelsdyravlsprodukt.¹⁹⁴

Rogaland Pelsdyrslag

Følgjande den ekspanderande reveavlaren i Rogaland frå slutten av 1920-talet meldte også her behovet seg raskt for fylkesskipnad der ein frå *Stavanger Aftenblad* i desember 1929 kan lesa Olav Skjold sine oppmodingar til at «organisasjon og samarbeid lyt til, i Rogaland og» der han sikter til at pelsdyrbøndene i samspel med Rogaland landbruksselskap bør skipa eit fylkeslag for å best mogleg bidra i fellesprosjektet med å løfte fram den norske pelsdyravlen som den fremste i Europa.¹⁹⁵ Med dette vart Rogaland Pelsdyrslag skipa 27. januar 1930, med ovannemnte Olav Skjold som formann.¹⁹⁶

Pelsdyravlen var dermed kring 1930 eit faktum både i Noreg og også i Rogaland, der organiseringa og den byrjande etableringa av pelsdyrnæringa som ein ny næringsveg danna grunnlaget for den vidare utviklinga.

¹⁹⁰ Bj. H., «Sølvrev og gullfeber.». *Stavanger Aftenblad*. 26.11.1927.

<https://www.nb.no/items/a6f97b5fd5ca18f23b7506eee0ff7fa5?page=5>

¹⁹¹ *Rogaland Pelsdyrslag 50 år*, 22.

¹⁹² «Sølvrevholdet i Rogaland.». *Stavanger Aftenblad*. 11.11.1929.

<https://www.nb.no/items/defb7124b68b3d62f36dd8587a8eb258?page=1>

¹⁹³ «Sølvrevholdet i Rogaland øker stadig.». *Stavanger Aftenblad*. 18.11.1929.

<https://www.nb.no/items/7d636473f87502943d2d6f8b7f49e6e8?page=0>

¹⁹⁴ A/S Erlands Maskinforretning, «Reve-eiere, se her!». *Stavanger Aftenblad*. 07.12.1929.

<https://www.nb.no/items/9887eb005de2a6fa60327dbf03ec05a7?page=11>

¹⁹⁵ Skjold, «Ein fylkessamskipnad i sølvrevavlaren?». *Stavanger Aftenblad*. 18.12.1929.

<https://www.nb.no/items/cc6e841d08c00c92834fec9925a7b1ce?page=0>

¹⁹⁶ *Rogaland Pelsdyrslag 50 år*, 11.

3. Kapittel 2 – Identifisering av tidsperiodar

Frå oppstarten og framveksten av den norsk pelsdyravlen vil dette kapittelet søka å løfta fram den vidare utviklinga gjennom fokuset på dei tre geografiske områda Noreg, Rogaland og Klepp. Det kvantitative kjeldematerialet, beståande av ulike teljingar frå Statistisk sentralbyrå, eignar seg svært godt til å kartleggja utviklinga over ulike geografiske områder og vil dermed gje gode innblikk i den overordna utviklinga i landet i tillegg til å identifisera Rogaland og Klepp som særskilde pelsdyrområder. I samband med undersøkinga og forståinga av dei statistiske lesinga vil eg gjennomgåande nytta meg av eit utval frå det tekstbaserte kjeldematerialet.

3.1 Kjelder og framgangsmåte

Statistikkar kan bli forstått som eit «metodisk innsamlet og systematisert tallmateriale» og heng saman med det «Å arbeide kvantitativt».¹⁹⁷ Tradisjonelt er det særleg felte kring økonomisk historie, sosialhistorie og historisk demografi som har nytta seg av kvantitative arbeidsmetodar. Det følgjande kjeldegrunnlaget baserer seg på statistiske teljingar henta frå Statistisk sentralbyrå, som er eit «fagleg uavhengig statleg organ» som samlar inn, analyserer og utgjer teljingar i form av ulike typar offisiell statistikk i Noreg.¹⁹⁸ At statistikken er offisiell tilseier at materialet har ei særleg høg stilling, der det mellom anna ligg som grunnlaget for landsutviklinga, og kan dermed bli sett på som eit påliteleg kjeldemateriale.¹⁹⁹

Dei aktuelle teljingane i kapittelet er jordbruksteljingane frå 1929-1969, landbruksteljingane frå 1979 og 1989 og dei enkeltstående pelsdyrteljingane frå 1934, 1936 og 1946.²⁰⁰ Med andre ord finn ein tre ulike teljingstypar som dermed også finn seg innanfor ulike kontekstar.²⁰¹ Jordbruksteljinga er ei teljing med historiske røter som tel eit mangfald av jordbruksretta forhold, som mellom anna arealbruk, reiskap og husdyrhald. Den første jordbruksteljinga som også tok opp teljingar av pelsdyr var jordbruksteljinga frå 1929. Deretter vart det gjennomført nye jordbruksteljingar kvart tiande år, fram til teljingane i 1979 og 1989 som blir omtala som

¹⁹⁷ *Det Norske Akademis ordbok*. «Statistikk». Oslo: Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Oppslag: Oktober 2023. & Solli, «Å arbeide kvantitativt», 93.

¹⁹⁸ *Store norske leksikon*, s.v. «Statistisk sentralbyrå (SSB)», av Arild Aspøy, 20.09.23.
https://snl.no/Statistisk_sentralbyrå%C3%A5_-_SSB

¹⁹⁹ *Store norske leksikon*, s.v. «Statistikk», av Kathrine Frey Frøslie & Jan Bjørnstad, 20.09.23.
<https://snl.no/statistikk>

²⁰⁰ Henta frå Statistisk sentralbyrå: historisk statistikk: Jord, skog, jakt og fiske: Jord- og landbrukstellinger.
<https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske>

²⁰¹ Andresen m.fl., *Å gripe fortida* (Oslo: Det norske samlaget, 2017), 99.

landbruksteljingar, ettersom dei også inkluderer teljingar frå skogbruket. Jord- og landbruksteljingane berer preg av ei gradvis meir omfattande og detaljert teljing.²⁰²

I 1934, 1936 og 1946 vart det også gjennomført einsskilte pelsdyrteljingar av det norske pelsdyrhaldet. Tveite peikar på korleis dette heng saman med den veldige interessa som på den tida var å finna i denne nye og svært ekspanderande næringa.²⁰³ Til tross for at pelsdyrteljingane berre baserer seg på ei dyregruppe finn ein likevel også her eit mangfald av ulike teljingar, ettersom ein innanfor pelsdyrgruppa finn ei heil rekke av ulike typar artar og variantar. Mellom anna finn ein i pelsdyrteljinga frå 1934 eit mangfald av teljingar kring revetypane sølvrev, blårev, kvitrev, korsrev, raudrev i tillegg til ei rekkje andre pelsdyrtypar som mår, mink, ilder, nutria, vaskebjørn og sølvrevling.²⁰⁴

Forskningsøkonomi er heilt sentralt i det kvantitative arbeidet der eg i samsvar med problemstillinga mi har valt å avgrensa datamaterialet mitt innanfor tidsperioden 1929 til 1989.²⁰⁵ Samtidig ligg dette som ei naturleg avgrensing der jordbruksteljinga i 1929 markerer den første offisielle teljinga av det norske pelsdyrhaldet samtidig som landbruksteljinga i 1989 på same måte markerer den siste fullstendige teljinga kring pelsdyrhald.²⁰⁶ Grunna dei særskilde pelsdyrteljingane ligg det likevel ein ubalanse i talmaterialet med eit breiare talgrunnlag i den første halvdel av den undersøkte perioden. Dermed vil ein i større grad fanga opp kompleksiteten og nyansane i utviklinga av den første perioden, i motsetnad til den andre halvdel som berre inneheld teljingar ein gong i tiåret. Likevel vil ein, i samband med problemstillinga, også her kunna tileigna seg eit verdifullt bilete av den overordna utviklinga.

Ein kan peika på ein viss irregularitet i talmaterialet ettersom det finn seg innanfor ulike historiske kontekster.²⁰⁷ Mellom anna berer dei tidlegaste teljingane preg av å innehalda eit meir omfattande talmateriale kring sølvreven samanlikna med andre pelsdyr. Dette ettersom sølvreven ved teljingsdatoen var den klart viktigaste pelsdyrtypen.²⁰⁸ I tillegg berer dei ulike

²⁰² Solli, «Å arbeide kvantitativt», 96.

²⁰³ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 82.

²⁰⁴ Statistisk sentralbyrå, «Pelsdyrtellingen i Norge 1. september 1934.», 32-37.

²⁰⁵ Solli, «Å arbeide kvantitativt», 97 & 113.

²⁰⁶ Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstelingen i Norge 20. Juni 1929. Fjerde hefte: Oversikt.», 295. & Statistisk sentralbyrå, «Jordbruksteljing 1999.», 91. Som det kjem fram var pelsdyrhald ikkje oppgavepliktig under teljinga frå 1999.

²⁰⁷ Solli, «Å arbeide kvantitativt», 99.

²⁰⁸ Kapittel 2, 46.

teljingane preg av å innehalda ulike kategoriseringar. Likevel påverkar ikkje dette samanlikningsgrunnlaget ettersom det snarare er snakk om ulike framstillingsmåtar.²⁰⁹

For ein mest mogleg oversiktleg gjennomgang vil eg nytta dei ulike teljingstypene innanfor det generelle omgrepet «teljing». Med utgangspunkt i forskingsøkonomi må ein i det kvantitative arbeidet avgrensa seg i undersøkinga av det mangfaldige talmaterialet, der eg i det følgjande vil undersøka utviklinga kring pelsdyrhald i Noreg, Rogaland og Klepp med utgangspunkt i tre ulike variablar.²¹⁰

Variabel 1 og 3 dreiar seg om strukturar i pelsdyrnæringa, der variabel 1 fokuserer på talet pelsdyr. Variabel 3 dreiar seg om talet pelsdyrgardar, og tek vidare utgangspunkt i talet pelsdyr frå variabel 1 i rekninga av gjennomsnittstorleiken på kvar pelsdyrgard. I mellom desse variablane finn ein variabel 2 som dreiar seg om produksjonstype, i forståinga av den kvantitative fordelinga av dei ulike pelsdyrtypene og vektlegginga av den tidvis dominerande pelsdyrtypen. Variabelen ligg heilt sentral i forklaringa av dei strukturelle endringane og er dermed plassert slik for å utfylla dei øvrige variablane.

For å skildra datafunna mine har eg valt å framstilla kvar variabel i ein frekvenstabell, både for å skapa oversikt for lesaren og også for å kontrollera tala for eventuelle avvik og manglar. Tabellane uttrykker dermed undersøkingane mine av det statistiske kjeldegrunnlaget der den følgjande gjennomgangen i all hovudsak referer til tabellen framfor kvar einskild teljing.

Samtidig «står den kvantitative analysen sjeldan på eigne bein» der ein som historikar bør undersøka dei kvantitative kjeldene i samband med eit breiare kjeldegrunnlag for å «løfte «tørre» tal til ny innsikt».²¹¹ Å undersøka den historiske konteksten vil vera sentralt både med tanke på det kjeldekritiske arbeidet, men også for å betre gripa og setta dei kvantitative funna inn i ein større samanheng.

²⁰⁹ Solli, «Å arbeide kvantitativt», 103.

²¹⁰ Solli, «Å arbeide kvantitativt», 97-121.

²¹¹ Solli, «Å arbeide kvantitativt», 93 & 119-121.

3.2 Variabel 1 - Tal pelsdyr

Noreg

Tabell 1. Variabel 1 - Noreg

	Noreg	
Teljingar	Tal dyr	% endring
1929	33 891	
1934	234 012	590
1936	410 464	75
1939	555 491	35
1946	377 288	-32
1949	275 620	-27
1959	871 406	216
1969	3 244 207	272
1979	1 591 074	-51
1989	1 318 837	-17

Kjelde: Jordbruks-, landbruks- og pelsdyrteljingar.

Til tross for den tidlegare nemnte ekspansjonen på 1920-talet ser ein likevel korleis 1930-talet markerte den verkelege oppgangen i pelsdyravlen.²¹² Som sett vart avlsdyrbehovet metta kring 1930 som dermed markerte den store produksjonsovergangen frå livdyrsalet til baseringa på skinnomsetnaden.²¹³ Dermed kan ein tenkja seg at den store framgangen på 1930-talet både baserer seg på ein rådande revefeber med fleire nyoppstarta pelsdyrbønder, i tillegg til produksjonsomlegginga som la opp til større pelsdyrbesetningar der den mindre lukrative pelsskinnomsetnaden krevja større pelsdyrkvantitet samanlikna med den tidlegare verdifulle avlsdyrproduksjonen.

Ein må likevel stoppa opp og løfta blikket i undersøkinga av utviklinga som gjekk føre seg mellom desse fyrste teljingane i 1929 og 1934. Ekspansjonen tok nemleg til midt under utbrotet av ei verdsøkonomiske krise, som hadde sitt utgangspunkt i børskrakket på Wall Street i oktober 1929, som følgjeleg fekk betydelege innverknadar for dei norske eksportnæringane.²¹⁴ Til tross for den verdsøkonomiske lamminga viser Almås til at «Verdsmarknaden for sølvrevskinn voks midt under den verste verdskrisen, frå 45 000 i 1929 til 160 000 i 1932», der han særleg framhev den norske hevdinga som følgje av at den norske sølvrevskinnproduksjonen frå 1932 utgjorde

²¹² Kapittel 1, 26.

²¹³ Kapittel 1, 30-31.

²¹⁴ Sandvik, *Nasjonens velstand* (Bergen: Fagbokforlaget, 2022), 223.

«om lag ein tredjedel» av verdsproduksjonen.²¹⁵ Med andre ord finn ein ingen teikn på minskande etterspurnad av denne luksuøse artikkelen, der den snarare auka til tross for dei rådande økonomiske nedgangstidene. Med dette ser ein korleis den norske produksjonen, som nettopp hadde lagt om til å basera seg på skinnomsetnad, vaks fram som ei etablerande og etterkvart betydeleg eksportnæring «midt i versta krise for internasjonal økonomi».²¹⁶

Som tidlegare sett og som peika på av Storsul var både folk flest og næringa sjølv medvetne den skadelege avlssdyrproduksjonen som før eller sidan ville føra til store omveltingar.²¹⁷ Tveite skildrar denne tidlege framveksten i pelsdyrnæringa som «eit *pyramidespel*» som ved det komande toppunktet ville snu opp ned på det heile.²¹⁸ Til tross for medvita kring den komande omlegginga viser Tveite korleis ein på ingen måte var førebudd dei verdsomspennande endringane, der den endelege produksjonsomlegginga i 1930 råka næringa akkurat då «den store internasjonale krise hadde brote gjennom for fullt», som resulterte i eit kraftig fall i dei tidlegare gode skinnprisane.²¹⁹ Til tross for dette markerte allereie året 1932 ein oppgang i næringa som vidare vart følgja av «ein eksplosiv auke i talet på revegardar og endå meir i talet på sylvrev».²²⁰

For å trekka linjene til dei generelle norske forholda ser ein korleis Sandvik, til tross for den økonomiske påkjenninga som kom til å prega dei norske eksportnæringane, likevel talar om «Den korte norske depresjonen», der han framhev at den norske økonomien til forskjell frå andre land vart råka av eit mykje kortare og mindre alvorleg tilbakeslag der ein allereie kring 1932 kunne peika på ein byrjande oppgang.²²¹ Likevel vektlegg han at det, i motsetnad til den eksportbaserte pelsdyravlen, fyrst og fremst var dei heimeretta produksjonane som raskt tok seg opp etter ein kortare nedgang.

Tveite viser likevel til korleis organiseringa av pelsdyrnæringa og den byrjande distribueringa av pelsskinn saman med oppstarten av skinnauksjonar i Oslo synar som forklarande faktorar for veksten som, til tross dei rådande økonomiske tilhøva, prega den norske

²¹⁵ Almås, *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* (Oslo: Det norske samlaget, 2002), 89.

²¹⁶ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 83.

²¹⁷ Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 10.

²¹⁸ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 86-87.

²¹⁹ Tveite, «Norske bønder erobrer verdsmarknaden Sylvrev: andre akt», 38.

²²⁰ Tveite, «Norske bønder erobrer verdsmarknaden Sylvrev: andre akt», 38.

²²¹ Sandvik, *Nasjonens velstand* (Bergen: Fagbokforlaget, 2022), 223.

sølvveksporten.²²² Følgjande den betrande verdsøkonomien og ein dermed aukande verdsproduksjon frå og med 1935 viser Tveite likevel til korleis Noreg også utover andre halvdel av 1930-talet kom til å halda på sølvrevdominansen gjennom ulike rasjonelle nyvinningar som særleg baserte seg på ei billigare pelsdyrfôring i tillegg til polygame paringar.²²³ I tillegg framhev Tveite eit særeige trekk ved den norske pelsdyrnæringa, der den strukturelle oppbygginga av pelsdyrgardar på gardsbruk i samband med andre produksjonar gjorde desse mindre pelsdyrgardane meir fleksible og motstandsdyktige under økonomiske tilbakegangar samanlikna med dei større og meir einsidige pelsdyrgardane.²²⁴

Med utgangspunkt i dette ser ein korleis veksten heldt fram utover 1930-talet, med ein noko mindre vekstrate i andre halvdel av tiåret. Ivar Thome skisserer likevel året 1939 som «det rene kriseår med rekordhøy produksjon, krigsutbrudd, vanskelig avsetning og lave priser».²²⁵ Dette kan ein leggja som utgangspunkt i den neste teljinga i 1946, som følgeleg synar ein markant nedgang frå 1939. Thome viser til at det til tross for høge skinnpriser under okkupasjonstida var svært vanskeleg å få varane omsett, som dermed førte til at fleire avvikla drifta, samtidig som andre heldt fram med mindre pelsdyrbesetningar. Også Storsul framhev vanskane under okkupasjonstida, der delar av pelsskinnomsetnaden vart bestemt til tyske kjøparar samtidig som store delar av dei alternative marknadane vart utestengt.²²⁶ I tillegg til den vanskelege omsetnaden peikar også Almås på ein vanskelegare tilgang på dei ulike råvarene som vart nytta i pelsdyrfôringa.²²⁷

Thome viser vidare til problematiske omsetnadsforhold også i tidene etter krigen som han grunnar i det krigsherja Europa i tillegg til moteendringar innanfor den amerikanske marknaden, som i samband med Døving dreia seg om eit skifte i interessa frå dei langhåra til dei korthåra pelsverka.²²⁸ Frå tabellen ser ein korleis desse omsetnadsproblema kom til å prega heile 1940-talet der også teljinga i 1949 viser ein nedgåande trend. I samtida vart nedgangstida i pelsdyrnæringa sett på som ei «temmeleg mørk tid» som frå *Aftenposten* i juli 1949 vart grunna i utfordrande økonomiske tider på verdsmarknaden, dårlege kvalitetar på pelsskinna i tillegg til

²²² Tveite, «Norske bønder erobrer verdsmarknaden Sylvrev: andre akt», 39. & Kapittel 1, 28.

²²³ Tveite, «Norske bønder erobrer verdsmarknaden Sylvrev: andre akt», 40-41.

²²⁴ Tveite, «Norske bønder erobrer verdsmarknaden Sylvrev: andre akt», 42.

²²⁵ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 102.

²²⁶ Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 40.

²²⁷ Almås, *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* (Oslo: Det norske samlaget, 2002), 90.

²²⁸ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 102 & 124.

moteendringar som av ein annan artikkel blir grunna i ein overproduksjon som har ført til at «folk er blitt lei av revene».²²⁹

Frå nedgangen på 1940-talet markerer teljinga i 1959 ein ny oppgang, der Almås viser til korleis året 1955 markerte tilbakevendinga til produksjonsnivået som var å finna før krigsutbrotet.²³⁰ Frå desember 1959 kan ein i *Aftenposten* lesa om «gylne tider for norsk pelsdyravl» og ein eksportverdi på kring 80 millionar kroner, som blir vist til å hovudsakleg dreia seg om minken og den høge interessa i minkskinna.²³¹ Altså kan ein i denne perioden peika på endringar kring produksjonstype (variabel 2).²³²

Teljinga i 1969 viser ein vidare enorm ekspansjonen og markerer med dette høgdepunktet i talet pelsdyr og teiknar tydeleg biletet av ein ny pelsdyrfeber på linje med 1930-talet. Frå desember 1969 blir det i *Aftenposten* vist til at Noreg no utgjer 10% av verdas minkskinnproduksjon der særleg USA, Vest-Tyskland og Italia er sentrale marknader for omsetnaden av dei norske minkskinna.²³³ Med tanke på undersøkinga av dei overordna linjene kan ein her peika på korleis denne framgangsmåten avgrensar den heilskaplege forståinga av utviklinga av pelsdyravlen der ein mellom anna i *Aftenposten* frå mai 1969 kan lesa at pelsdyrtidene no har betra seg sidan «det vanskelige året 1967, da man hadde stort prisfall for minkskinn».²³⁴ Med andre ord ser ein korleis ei slik overordna framstilling ekskluderer den fulle innsikta i alle dei plutslege svingingane som prega næringa.

På same måte som pelsdyrfebereren på 1930-talet, tok også febereren på 1960-talet slutt der teljinga i 1979 markerer eit nytt brot frå dei føregåande oppgangstidene. *Aftenposten* fortel i mars 1979 korleis nedgangen er ein følge av at næringa no i fleire år har vore prega av ein

²²⁹ «Pelsdyrnæringens problemer». *Aftenposten*. 20.07.1949.

<https://www.nb.no/items/03ff717515d05528d62548c98dbc93db?page=0> & «Blårev-skinns byttes mot tepper og andre tekstiler». *Aftenposten*. 23.07.1949.

<https://www.nb.no/items/545ac04b91c0816c1f842975bc3359ae?page=0>

²³⁰ Almås, *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* (Oslo: Det norske samlaget, 2002), 332.

²³¹ Breili, «De hvite sølvrevene i Furnes har vakt oppsikt i Amerika». *Aftenposten*. 15.12.1959.

<https://www.nb.no/items/8542eb5857438de1249ae1400a6fb352?page=0>

²³² Kapittel 2, 47.

²³³ «Effektivt samarbeide i nordisk pelsdyrnæring». *Aftenposten*. 17.12.1969.

<https://www.nb.no/items/61af0f59e0e32a15a476516a353697ed?page=19>

²³⁴ «Pelsdyrskinn eksporteres i år for kr. 200 mill.». *Aftenposten*. 06.05.1969.

<https://www.nb.no/items/0c142ce5e77eb8f6cd74c6bb7c68731d?page=0>

lågkonjunktur.²³⁵ Til tross for dette peikar artikkelen på ein byrjande optimisme ettersom motebiletet no ser ut til å ha endra seg til fordel for det norske oppdrettet. Mellom anna syner ein artikkel frå juni 1979 til den enorme interessa som er å finna i dei kvalitetsrike norske blårevskinna som for tida blir betalt med priser av «de høyesete som er oppnådd for noe lands produksjon».²³⁶

Til tross for teikna på oppgang held likevel nedgangstrenden fram til teljinga i 1989, der det i *Aftenposten* i november 1989 blir skrive om låge skinnpriser som følgje av overproduksjon, i tillegg til «to milde vintre, børskrakket i oktober 1987 og en stadig urolig US-dollar».²³⁷ Som i 1929 førte børskrakket på Wall Street i oktober 1987 til store økonomiske omveltingar også i Noreg etter «den sorte tirsdagen», 20. oktober 1987.²³⁸ Med dette kom dei følgjande åra fram til byrjinga av 1990-talet til å markera «det verste tilbakeslaget for norsk økonomi etter andre verdenskrig».²³⁹ Dette økonomiske krakket kom som ei brå vending på den føregåande norske høgkonjunktoren, som tydeleg vart uttrykka i form av ei «jappetid».²⁴⁰

Storsul viser til korleis dei følgjande åra frå 1988-1992 markerte ei stor krisetid i næringa der fleire pelsdyrbønder avvikla drifta.²⁴¹ For å trekka linjene tilbake til den verdsøkonomiske krisa på byrjinga av 1930-talet ser ein dermed korleis dei internasjonale tilhøva i aukande grad enn i 1930 også råka den norske pelsdyrnæringa. Av fleire forhold kan ein mellom anna med utgangspunkt i Tveite sine forklaringar om dei rasjonelle og rimelege norske driftsmetodane på 1930-talet sjå korleis Noreg på slutten av 1980-talet i motsetnad var prega av svært høge driftskostnadar samanlikna med dei nordiske nabolanda, særleg grunna dei høge pelsdyrfôrprisane.²⁴² I tillegg ser ein korleis aukande konkurranse særleg frå den mykje billigare «Kina-minken» kan ha bidrege til ein minskande pelsskinnetterspurnad.²⁴³

²³⁵ «885 000 skinn til salgs». *Aftenposten*. 21.03.1979.

<https://www.nb.no/items/e81a5a48fc7aacfa3b2c81c706aa61e0?page=15>

²³⁶ «Oslo Skinnauksjoner omsatte for 249 mill.». *Aftenposten*. 18.06.1979.

<https://www.nb.no/items/8535780fd640acc6113eccdae94428f0?page=24>

²³⁷ Brudevold, «Pels uten å bli flådd til skinnet». *Aftenposten*. 03.11.1989.

<https://www.nb.no/items/327f9c8888a1549c40c208a893dd92f0?page=11>

²³⁸ Brautaset, Ecklund & Øksendal, *Børsen* (Oslo: Universitetsforlaget, 2019), 238.

²³⁹ Brautaset, Ecklund & Øksendal, *Børsen* (Oslo: Universitetsforlaget, 2019), 243.

²⁴⁰ Helle mfl., *Grunnbok i Norges historie*, 407-408.

²⁴¹ Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 41.

²⁴² Nedrebø, «Krev å få hand om kraftfôr-millionar». *Stavanger Aftenblad*. 30.03.1989.

<https://www.nb.no/items/bcc49048d97f428dc4a0a12a25865917?page=0>

²⁴³ Brudevold, «Pels uten å bli flådd til skinnet». *Aftenposten*. 03.11.1989.

<https://www.nb.no/items/327f9c8888a1549c40c208a893dd92f0?page=11>

Til tross for minskande pelsskinnpriser følgjande børskraket i 1929 kan ein likevel hevda at konsekvensane vart større følgjande børskraket i 1987 som kanskje hang saman med at denne luksusvara i aukande grad hadde vorte ålmenngjort følgjande ei velstandsauke i verdsbefolkninga der pelsskinna tidlegare fyrst og fremst var reservert overklassa.²⁴⁴ Eg har likevel ikkje undersøkt dette vidare, der sambandet mellom velstandsauke og den endrande etterspurnaden etter luksusvarar som pelsskinn kan syna som eit interessant område for vidare forskning.

Rogaland fylke

Tabell 2. Variabel 1 - Noreg og Rogaland

Teljingar	Landet		Rogaland		
	Tal dyr	% endring	Tal dyr	% endring	% Noreg
1929	33 891		267		0,8
1934	234 012	590	10 546	3850	4,5
1936	410 464	75	24 145	129	5,9
1939	555 491	35	40 403	67	7,3
1946	377 288	-32	25 624	-37	6,8
1949	275 620	-27	12 531	-51	4,5
1959	871 406	216	90 026	618	10,3
1969	3 244 207	272	711 959	691	21,9
1979	1 591 074	-51	372 757	-48	23,4
1989	1 318 837	-17	278 064	-25	21,1

Kjelde: Jordbruks-, landbruks- og pelsdyrteljingar.

Til tross for byrjande oppstart med pelsdyravl i slutten av 1920-talet syner teljinga i 1929 dei likevel minimale forholda som var å finna i fylket. At ekspansjonen utover 1920-talet baserte seg på enkelte bestemte regionar finn ein tydeleg ved å samanlikna Rogaland med det største pelsdyrfylket, Møre og Romsdal, som ved teljinga i 1929 sat med 14 852 pelsdyr og dermed kring 44% av alle pelsdyra i landet.²⁴⁵

Dette endra seg likevel utover 1930-talet, der Rogaland utover heile tiåret er prega av ein særleg sterk vekst samanlikna med landsgjennomsnittet, og har ved teljinga i 1939 etablert seg som eit

²⁴⁴ Kapittel 1, 20. Mellom anna peikar Lindstrøm på den aukande etterspurnaden etter pelsskinn som følgje av aukande levestandardar.

²⁴⁵ Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstillingen i Norge 20. Juni 1929. Første hefte: Husdyrhold.», 90.

betydeleg pelsdyrfylke med 7,3% av heile pelsdyrbestanden i landet. Til tross for den særleg høge veksten utover 1930-talet skil Rogaland seg igjen ut samanlikna med landsgjennomsnittet der 1940-talet synar ein ekstra sterk nedgang i Rogaland, som ved teljinga i 1949 synar seg i reduseringa til 4,5% av den totale pelsdyrbestanden. Frå den enorme veksten på 1930-talet ser ein korleis dei utfordrande tilhøva utover 1940-talet førte til ein ekstra stor nedgang i Rogaland.

Som tidlegare på 1930-talet blir den nye ekspansjonen utover 1950-talet særleg tydeleg i Rogaland som frå teljinga i 1959 markerer ein særleg oppgang samanlikna med landsgjennomsnittet, og utgjer no 10,3% av den totale pelsdyrbestanden. Den veldige veksten held fram der Rogaland ved teljinga i 1969 har teke rolla som eit klart leiande pelsdyrfylke med 21,9% av alle pelsdyra i landet, der ein mellom anna i *Stavanger Aftenblad* frå september 1969 kan lesa at «Rogaland er fortsatt det største pelsskinn-produserende fylket i landet».²⁴⁶

Som elles i landet markerer likevel teljinga i 1979 ein enorm nedgang også i Rogaland. Likevel utgjer no Rogaland heile 23,4% av pelsdyrbestanden som også synar seg att i avisene.²⁴⁷ Den leiande stillinga finn ein også frå teljinga i 1989 med 21,1% av den totale pelsdyrbestanden. Likevel skriv også *Stavanger Aftenblad* om «Heilsvarte tider i pelsdyrnæringa» som blir fortalt å særleg ha råka dei mange nyoppstarta pelsdyrbøndene i fylket følgjande dei optimistiske framtidsutsiktene som råda på midten av 1980-talet då pelsdyravlen vart «utpeika som den nye satsingsnæringa som skulle gje Bygde-Norge eit nytt bein å stå på etter at det ikkje var rom for ekspansjon i det tradisjonelle jordbruket».²⁴⁸ Dette finn ein også att av Almås som peikar på åra 1985-1987 som ei stor satsingstid innanfor pelsdyravlen.²⁴⁹

²⁴⁶ «Rogaland leverer flest minkskinn». *Stavanger Aftenblad*. 29.09.1969.

<https://www.nb.no/items/17e59d2471fd674d746d42c70df9a12a?page=23>

²⁴⁷ «Nye lover for pelsdyr-alarane». *Stavanger Aftenblad*. 05.06.1979.

<https://www.nb.no/items/97182d1fb648e4f3b7e2d43d51a671c0?page=0>

²⁴⁸ Nedrebø, «Heilsvarte tider i pelsdyrnæringa». *Stavanger Aftenblad*. 20.02.1989.

<https://www.nb.no/items/5942dcc84ab938b4a09e0cb03e0e66a2?page=7>

²⁴⁹ Almås, *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* (Oslo: Det norske samlaget, 2002), 332.

Klepp kommune

Tabell 3. Variabel 1 - Noreg, Rogaland og Klepp

Teljingar	Noreg		Rogaland			Klepp			
	Tal dyr	% endring	Tal dyr	% endring	% Noreg	Tal dyr	% endring	% Rogaland	% Noreg
1929	33 891		267		0,8	0		0	0
1934	234 012	590	10 546	3850	4,5	778		7,4	0,3
1936	410 464	75	24 145	129	5,9	1 691	117	7,0	0,4
1939	555 491	35	40 403	67	7,3	2 452	45	6,1	0,4
1946	377 288	-32	25 624	-37	6,8	2 361	-4	9,2	0,6
1949	275 620	-27	12 531	-51	4,5	2 152	-9	17,2	0,8
1959	871 406	216	90 026	618	10,3	37 315	1634	41,4	4,3
1969	3 244 207	272	711 959	691	21,9	247 561	563	34,8	7,6
1979	1 591 074	-51	372 757	-48	23,4	154 103	-38	41,3	9,7
1989	1 318 837	-17	278 064	-25	21,1	112 428	-27	40,4	8,5

Kjelde: Jordbruks-, landbruks- og pelsdyrteljingar.

Som sett kom dei første sølvrevpara til Klepp frå og med november 1929.²⁵⁰ At Klepp dermed ikkje har nokre registrerte pelsdyr frå jordbruksteljinga i 1929 dreiar seg om at teljingsdatoen fann seg den 20. juni 1929.²⁵¹ Likevel ekspanderte pelsdyravlen raskt i Klepp, der kommunen allereie frå teljinga i 1934 med sine 778 talte pelsdyr utgjorde den største pelsdyrkommunen i fylket.²⁵² Den leiande stillinga i fylket finn ein også frå teljinga i 1939 der ein med utgangspunkt i refleksjonane til Statistisk sentralbyrå kan peika på det utbreia landbrukssamfunnet i Klepp som grunnlag for denne betydelege utviklinga.²⁵³

Samanlikna med landet og Rogaland skil Klepp seg vidare ut med ein minimal nedgang utover 1940-talet, som dermed kan peika på ein særskild motstandsdyktigheit i Klepp. Om tilhøva for pelsdyravl i kommunen under okkupasjonstida viser lokalhistorikarane Lindanger & Nordås til korleis dei utfordrande tidene likevel var prega av særleg gode skinnpriser, der dei som evna å tilpassa seg og som fann gode utvegar på det heile opplevde «kriigsåra som den første store

²⁵⁰ Kapittel 1, 33.

²⁵¹ Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstillingen i Norge 20. Juni 1929. Første hefte: Husdyrhold.».

²⁵² Statistisk sentralbyrå, «Pelsdyrtellingen i Norge 1. september 1934.»., 43.

²⁵³ Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstillingen i Norge 20. juni 1939. Første hefte: Arealet, husdyrholdet m.v. Herredsvise oppgaver.»., 213., Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstillingen i Norge 20. juni 1939. Tredje hefte: Oversikt.»., 173. & Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge II 1837-1987* (Klepp kommune: Dreyer bok Stavanger, 1987), 335.

gullalderen».²⁵⁴ Dette finn ein også att av Døving som omtalar okkupasjonstida som «den rene høykonjunktur på sølvrevskinn», der ein følgjeleg kan tenkja seg at kleppsbuane i høgare grad enn andre pelsdyrbønder fann utveggar for omsetnad av pelsskinna og dermed tilhøyrande høge økonomiske gevinstar.²⁵⁵ Som følgje av dette utgjorde Klepp stadig meir av pelsdyrhaldet i fylket der kommunen ved teljinga i 1949 hadde auka til å utgjera 17,2% av pelsdyrbestanden.

Samanlikna med den betydelege veksten i Rogaland frå teljinga i 1959 er veksten i Klepp enorm der kommunen har auka til å utgjera så mykje som 41,3% av pelsdyrbestanden i Rogaland. I tillegg ser ein no korleis Klepp byrjar å markera seg i nasjonal målestokk med 4,3% av den totale pelsdyrbestanden i landet. Denne leiande stillinga syner seg att i avisene der *Jærbladet* i oktober 1959 skriv at «Klepp er framleis den bygda i landet som har størst minkhald».²⁵⁶ Til teljinga i 1969 held ekspansjonen fram, om så med ein noko mindre vekstrate enn gjennomsnittet for Rogaland. Ekspansjonen har likevel ført til at Klepp no utgjer 7,6% av den norske pelsdyrbestanden.

På linje med dei andre områda markerer teljinga i 1979 også betydelege nedgangar i Klepp. Samanlikna er likevel nedgangen i Klepp mindre der hegemoniet berre aukar, med 41,3% av pelsdyrbestanden i Rogaland og heile 9,7% av den norske pelsdyrbestanden. Denne utviklinga held også fram til teljinga i 1989 der Klepp held stillinga som ein dominerande pelsdyrkommune, som også gjer seg til uttrykk i lokalavisa: «Norsk minkproduksjon har sitt tyngdepunkt på Jæren».²⁵⁷

3.3 Variabel 2 - Produksjonstype

Den følgjande tabellen baserer seg på følgjande fargefordeling:

Pelsdyrtype	Sølvrev	Mink
-------------	---------	------

I tillegg vil gjennomgangen inkludera blårev som det tredje mest betydelege pelsdyret.

²⁵⁴ Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge II 1837-1987* (Klepp kommune: Dreyer bok Stavanger, 1987), 409.

²⁵⁵ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 123.

²⁵⁶ «50 000 mink nå føre pelsinga». *Jærbladet*. 06.10.1959.

<https://www.nb.no/items/e53b76048aa90132721621fca9e5bd82?page=0>

²⁵⁷ Sandø, «Norge i skinn». *Jærbladet*. 02.06.1989.

<https://www.nb.no/items/b72ecf65058cc855bb885e3b2709dc26?page=1>

Noreg

Tabell 4. Variabel 2 - Noreg

	Noreg	
Teljingar	Tal dominans	% dominans
1929	29 857	88,1
1934	214 063	91,5
1936	390 912	95,2
1939	493 190	88,8
1946	217 034	57,5
1949	113 049	41,0
1959	797 394	91,5
1969	3 039 467	93,7
1979	1 115 826	70,1
1989	541 971	41,1

Kjelde: Jordbruks-, landbruks- og pelsdyrteljingar.

Som sett frå tabellen synar dei første teljingane ein heilt klar sølvrevdominans. Likevel inneheld den første teljinga frå 1929 eit litt større mangfald der dei nest mest betydelege pelsdyra blårev og mink utgjorde høvesvis 4,9% og 0,9%.²⁵⁸ Utover 1930-talet festar likevel sølvreven grepet med høgdepunktet i teljinga frå 1936. Deretter markerer teljinga i 1939 eit brot på sølvrevdominansen der særleg blåreven har auka til å utgjera 5,3% samtidig som minken har vokse til 4,7% av pelsdyrbestanden.²⁵⁹ Etter krigs- og okkupasjonstida har den tidlegare sølvrevdominansen endra seg betrakteleg ettersom teljinga i 1946 syner ein veldig framgang av både blårev og mink med høvesvis 28,5% og 10,4% av pelsdyrbestanden.²⁶⁰

Ved slutten av 1940-talet er den tidlegare dominerande sølvreven knapt lenger leiande, der blåreven og minken har gripe om seg med høvesvis 30,5% og 25,9% av pelsdyrbestanden.²⁶¹ Den betraktelege framveksten i minkbestanden sidan teljinga i 1946 kan ein sjå i samband med ein ny motetrend der *Aftenposten* frå desember 1949 fortel at det er minkskinna det er «størst rift om nu», som dermed har ført til veldig oppgangstider for dette pelsdyret.²⁶²

²⁵⁸ Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstillingen i Norge 20. Juni 1929. Første hefte: Husdyrhold.», 90.

²⁵⁹ Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstillingen i Norge 20. Juni 1939. Første hefte: Arealet, husdyrholdet m.v. Herredsvise oppgaver.», 206-207.

²⁶⁰ Statistisk sentralbyrå, «Pelsdyrtelling i Norge 1. september 1946.», 42.

²⁶¹ Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstillingen i Norge 20. Juni 1949. Første hefte: Arealet, husdyrholdet m.v. Herredsvise oppgaver.», 256.

²⁶² «Årets pelsdyrmarked». *Aftenposten*. 14.12.1949.

<https://www.nb.no/items/11020f0007a11c73e6e798ca8936b565?page=1> & Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndenes forlag, 1967), 343.

Med dette ser ein korleis teljinga i 1959 markerer eit brot i produksjonstype der minken har teke over leiinga frå den tidlegare dominerande sølvreven. Det er elles merkbart å sjå i kor stor grad denne leiinga fann stad, der minken no utgjorde 91,5% av pelsdyrbestanden, som dermed forklarar den veldige ekspansjonen som syna seg frå variabel 1. Borgedal trekk fram dei mange mutasjonane eller variantane ein kunne avla fram av minken som eit sentralt element for den veldige utviklinga i minkavlen, der også *Aftenposten* skriv om dette mutasjonsmangfaldet: «fra det sorteste sorte til det hviteste hvite, fra silverblue til safir, fra standard til pastell». ²⁶³ Ein kan kort nemna at mutasjonsavl av minken var ei vidareføring frå eksperimenteringa som hadde vorte utført på sølvreven, der ein i Noreg kring 1933 avla fram mutasjonen platinarev, som i følge Storsul «kom til å innlede en helt ny epoke i hele verdens pelsdyravl». ²⁶⁴ Følgjande dei store suksessane med platinarevavlen vart ei liknande praksis overført på minken som raskt viste seg å gje særleg gode resultat. ²⁶⁵

I tillegg til minken kan ein også i *Aftenposten* i desember 1959 lesa at «Både mink og blårev er moderne nå» og «alt som er moderne betales med gode priser», som også synar seg i teljinga frå 1959 der blåreven utgjorde 8,2% av pelsdyrbestanden. ²⁶⁶ Dermed var no blåreven den klart leiande revetypen der den tidlegare regjerande sølvreven utgjorde knappe 0,3%.

Storsul framhev slutten av 1950- og 1960-åra som den store minkepoken med svært høge økonomiske gevinstar for dei som dreiv med minkavl, som verkeleg synar seg att i teljinga frå 1969 med heile 93,7% av pelsdyrbestanden. Revetypane blårev og sølvrev utgjorde med det høvesvis 6,1% og 0,1%. ²⁶⁷ Almås trekk fram åra 1970-1971 som toppåra for norsk minkskinnproduksjon. ²⁶⁸

²⁶³ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 354-355. & Breili, «Optimistiske pelsdyroppdrettere». *Aftenposten*. 16.12.1959.

<https://www.nb.no/items/f882400a7f21c565a45d2848896b47af?page=4>

²⁶⁴ Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 8.

²⁶⁵ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 354.

²⁶⁶ «Skinnkjøpere fra mange land til den store Oslo-auksjonen». *Aftenposten*. 01.12.1959.

<https://www.nb.no/items/45cf95e034a2e5fad31c12c5c48d476b?page=0> & Statistisk sentralbyrå, «Jordbruksteljinga i Norge 20. Juni 1959. Første hefte: Areal, husdyrhald m.m.», 202-203.

²⁶⁷ Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 40. & Statistisk sentralbyrå, «Jordbruksteljinga i Norge 20. Juni 1969. Hefte III: husdyrhald.», 64.

²⁶⁸ Almås, *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* (Oslo: Det norske samlaget, 2002), 332.

Teljinga i 1979 markerer likevel eit nytt brot i produksjonstypar som reduserte minken til fordel for revetypane, fyrst og fremst gjennom blåreven med 28,2% av pelsdyrbestanden i tillegg til den smått stigande sølvreven med 1,6% av pelsdyrbestanden.²⁶⁹ Med dette ser ein korleis den nye framveksten av reveavlen på kostnad av den tidlegare dominerande minkavlen bidrog til ein markant nedgang i talet pelsdyr som synar seg att i variabel 1.

Også Storsul viser til korleis minkavlen, som sølvrevavlen på 1940- og 1950-talet, gradvis minska inn mot slutten av 1960-talet og byrjinga av 1970-talet.²⁷⁰ Til dette peikar han mellom anna på korleis aukande konkurranse mot dei kvalitetsrike danske minkane og dermed minskande skinnpriser bidrog til at fleire valte å avvikla produksjonen framfor ei omlegging til den då meir lønsame reveavlen. Til dette framhev Storsul ein generell konservativ haldning innanfor den norske næringa der han særleg vektlegg korleis dei lange historiske røtene i Noreg bidrog til at dei norske produsentane i mindre grad tilpassa seg dei rådande marknadsforholda som i andre skinnproduserande land som Danmark.

På same måte som dei varierende produksjonstypane på 1940-talet markerer også teljinga i 1989 ein mindre tydeleg dominans innanfor ein bestemt pelsdyrtype. Sett kvar for seg var likevel minken dominerande, men samla sett var likevel revetypane dominerande med 58,9% av pelsdyrbestanden.²⁷¹ Interessant å merka seg er at det ikkje lenger var den leiande blåreven, men sølvreven som igjen hadde teke leiinga innanfor revetypane med 30,7% av heile pelsdyrbestanden, der Almås peikar på 1980-talet som ein «ny vår» for sølvreven.²⁷² Samanlikna med teljinga i 1979 med 1,6% av pelsdyrbestanden har sølvrevutviklinga vore enorm. Samtidig utgjorde blåreven 24,4% av pelsdyrbestanden og ein kan med dette peika på eit større mangfald innanfor dei norske produksjonstypane på slutten av 1980-talet.

²⁶⁹ Statistisk sentralbyrå, «Landbruksteljing 20. juni 1979. Hefte V. Husdyr.», 72.

²⁷⁰ Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 40-42.

²⁷¹ Statistisk sentralbyrå, «Landbruksteljing 1. juni 1989. Hefte V. Husdyr.», 76-79.

²⁷² Almås, *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* (Oslo: Det norske samlaget, 2002), 332.

Rogaland

Tabell 5. Variabel 2 - Noreg og Rogaland

Teljingar	Noreg		Rogaland	
	Tal dominans	% dominans	Tal dominans	% dominans
1929	29 857	88,1	172	64,4
1934	214 063	91,5	9 940	94,3
1936	390 912	95,2	23 727	98,3
1939	493 190	88,8	38 499	95,3
1946	217 034	57,5	20 183	78,8
1949	113 049	41,0	7 930	63,3
1959	797 394	91,5	88 895	98,7
1969	3 039 467	93,7	700 284	98,4
1979	1 115 826	70,1	338 429	90,8
1989	541 971	41,1	237 590	85,4

Kjelde: Jordbruks-, landbruks- og pelsdyrteljingar.

I motsetnad til landet synar teljinga i 1929 eit større mangfald og ein mindre tydeleg sølvrevdominans innanfor pelsdyrbestanden i Rogaland, som uttrykkar den byrjingsfasen som fylket fann seg innanfor. Likevel endra dette seg allereie ved teljinga i 1934 der sølvrevfeberen for alvor greip om seg også i Rogaland, som også kom til å prega resten av tiåret.

Likevel markerte også 1940-talet for Rogaland ein byrjande nedgang i sølvrevavlen der blåreven og minken ved teljinga i 1946 hadde auka til å utgjera høvesvis 10,1% og 7,6%.²⁷³ I større grad enn landsgjennomsnittet held likevel sølvreven stand i Rogaland under teljinga i 1949. Reduksjonen er likevel tydeleg der blåreven har auka til 8,1% samtidig som særleg minken har peika seg ut som eit betydeleg alternativ i Rogaland med 26% av pelsdyrbestanden.²⁷⁴

Frå dette utgangspunktet ser ein korleis minken i Rogaland etter omlegginga i 1959 finn eit endå klarare tyngdepunkt samanlikna med landsgjennomsnittet, der *Stavanger Aftenblad* i november 1959 fortel om den høgaste målinga av mink i Rogaland nokon gong følgjande den stadig aukande interessa for minkproduksjon.²⁷⁵ Den tidlegare dominerande sølvrevavlen i

²⁷³ Statistisk sentralbyrå, «Pelsdyrtellingen i Norge 1. september 1946.», 51.

²⁷⁴ Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstillingen i Norge 20. Juni 1949. Første hefte: Arealet, husdyrholdet m.v. Herredsvise oppgaver.», 256.

²⁷⁵ «Gode voner for pelsdyr-alet nå». *Stavanger Aftenblad*. 12.11.1959.

<https://www.nb.no/items/8d7218896409fce877ddf4eeb0103a96?page=4>

Rogaland står no for berre 0,5% av pelsdyrbestanden.²⁷⁶ Minken held dominansen også i 1969, der ein i *Stavanger Aftenblad* frå september 1969 kan lesa at «Rogaland er fortsatt det største pelsskinn-produserende fylket i landet» som i all hovudsak dreiar seg om den omfattande minkavlen der Rogaland står for 23% av minkskinnproduksjonen i landet.²⁷⁷

Den sterke stillinga kring minken gjer seg også til uttrykk under teljinga i 1979 der minken framleis er den klart leiande pelsdyrtypen i motsetnad til nedgangstrenden som pregar landsgjennomsnittet. At pelsdyrbøndene i Rogaland plikta seg til minkavlen til tross for endrande lønsamheit finn ein særleg til uttrykk under teljinga frå 1989. Ein fann likevel noko reveavl også i Rogaland med sølvrev og blårev som utgjorde høvesvis 8% og 5,7% av pelsdyrbestanden.²⁷⁸

Klepp

Tabell 6. Variabel 2 - Noreg, Rogaland og Klepp

Teljingar	Noreg		Rogaland		Klepp	
	Tal dominans	% dominans	Tal dominans	% dominans	Tal dominans	% dominans
1929	29 857	88,1	172	64,4	0	
1934	214 063	91,5	9 940	94,3	751	96,5
1936	390 912	95,2	23 727	98,3	1 686	99,7
1939	493 190	88,8	38 499	95,3	2 424	98,9
1946	217 034	57,5	20 183	78,8	1 808	76,6
1949	113 049	41,0	7 930	63,3	1 160	53,9
1959	797 394	91,5	88 895	98,7	36 875	98,8
1969	3 039 467	93,7	700 284	98,4	246 152	99,4
1979	1 115 826	70,1	338 429	90,8	147 982	96,0
1989	541 971	41,1	237 590	85,4	106 326	94,6

Kjelde: Jordbruks-, landbruks- og pelsdyrteljingar.

Frå dei første teljingane av pelsdyr i Klepp utover 1930-talet er pelsdyrbestanden nesten ein-sidig basert på sølvrevar. Ved teljinga i 1939 fordelte den vidare pelsdyrbestanden seg på

²⁷⁶ Statistisk sentralbyrå, «Jordbruksteljinga i Norge 20. Juni 1959. Første hefte: Areal, husdyrhald m.m.», 202-203.

²⁷⁷ «Rogaland leverer flest minkskinn». *Stavanger Aftenblad*. 29.09.1969.

<https://www.nb.no/items/17e59d2471fd674d746d42c70df9a12a?page=23>

²⁷⁸ Statistisk sentralbyrå, «Landbruksteljing 1. juni 1989. Hefte V. Husdyr.», 76-79.

1,1% blårevar og 0,1% «Andre rever i alt», som dermed synar at det framleis i 1939 berre var revar å finna på dei ulike pelsdyrgardane i Klepp.²⁷⁹

På same måte som utviklinga elles markerer også teljinga i 1946 ein reduksjon i sølvrevdominansen, der særleg blåreven utgjorde 14,6% av pelsdyrbestanden samtidig som det også var kome mink til kommunen som utgjorde 6,3% av pelsdyrhaldet i Klepp.²⁸⁰ Klepp er eit særskilt interessant område når det kjem til teljinga i 1949 der kommunen allereie her markerer omlegginga til mink som dominerande pelsdyr. Med andre ord har minken på berre tre år hatt ein enorm framgang, der Klepp følgjeleg synar som eit føregangsområde for den komande utviklinga som etterkvart også prega Rogaland og landet. Ein kan peika på liknande tendensar i andre Rogalandskommunar, men likevel ingen på linje med Klepp som var den klart største minkbygda i fylket.²⁸¹ Til tross for minkavlen var framleis den tradisjonelle sølvreven betydeleg ettersom den utgjorde 40,3% av pelsdyrbestanden i kommunen, og markerte dermed også Klepp som den største sølvrevkommunen i fylket. Blåreven utgjorde 4,8% av pelsdyrbestanden i Klepp.

Med dette kan ein sjå korleis den tidlegare tilpassinga og omlegginga til minkavl i Klepp kan bidra i forklaringa av den mindre betydelege nedgang i talet pelsdyr (variabel 1) frå teljinga i 1949.²⁸² Om den veksande minktrenden kan ein mellom anna i *Stavanger Aftenblad* frå mai 1949 lesa at ein på tross av nedgangen i reveavlen har fått ein auke av medlemmar i Rogaland Pelsdyrslag ettersom fleire tek til med minkavl.²⁸³ I tillegg til nyoppstarta minkavlantar kan ein også tenkja seg at fleire tidlegare sølvrevavlantar i Klepp tilpassa seg dei rådande marknadstilhøva og gjekk over til minkavl som eit alternativ til avvikling av heile pelsdyrdrifta. Med dette peikar pelsdyrbøndene i Klepp seg ut som meir tilpassingsdyktige samanlikna med gjennomsnitta for fylket og landet.

Frå den tidlege omlegginga til minkavl har ekspansjonen verkeleg slått inn ved teljinga i 1959. På lik linje med 1930-talet markerer pelsdyrbestanden i Klepp ein svært einseitig

²⁷⁹ Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstillingen i Norge 20. Juni 1939. Første hefte: Arealet, husdyrholdet m.v. Herredsvise oppgaver.», 213.

²⁸⁰ Statistisk sentralbyrå, «Pelsdyrtellingen i Norge 1. september 1946.», 50.

²⁸¹ Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstillingen i Norge 20. juni 1949. Første hefte: Arealet, husdyrholdet m.v. Herredsvise oppgaver.», 264-265.

²⁸² Kapittel 2, 44-45.

²⁸³ «Mindre rev, men fleire oppdrettarar i Rogaland». *Stavanger Aftenblad*. 21.05.1949.
<https://www.nb.no/items/607d4a5399145757fe7a00864ecdf4db?page=5>

produksjonsform retta mot eit type pelsdyr. Dette gjer seg også til uttrykk i lokalavisa der *Jærbladet* fortel at «Klepp er framleis den bygda i landet som har størst minkhald» der den generelle utbreiinga av den jærske minkavlen blir grunna i «god tilgang på skrapfisk til minkmat, og elles ligg tilhøva godt tilrettes for minkal».²⁸⁴ Blårevavlen og sølvrevavlen utgjer minimale 1,1% og 0,1% av pelsdyrbestanden.²⁸⁵ Som i Rogaland spissar minkdominansen seg vidare i Klepp der teljinga i 1969 synar ein tilnærma homogen produksjonstype der minkane utgjer heile 99,4% av pelsdyrbestanden.

Der minkdominansen i liten grad minskar i Rogaland ved teljinga i 1979 er reduksjonen i Klepp heilt minimal. I motsetnad til større endringar i Rogaland held minkdominansen seg vidare tydeleg i Klepp også under teljinga i 1989. Med dette ser ein korleis Klepp, til tross for den tydelege marknadstilpassinga til minkavl på 1940- og 1950-talet, i mindre grad tilpassa seg dei endrande tilhøva utover 1970- og 1980-talet. Sannsynlegvis kan dette grunnast i ei særleg etablering kring minkavl i dette området, og er noko som vil bli vidare undersøkt i kapittel 3.²⁸⁶

3.4 Variabel 3 - Tal pelsdyrgardar

Noreg

Tabell 7. Variabel 3 - Noreg

Teljingar	Noreg	
	Tal pelsdyrgard	Gj. snitt storleik
1929	2 500	14
1934	9 854	24
1936	16 852	24
1939	20 738	27
1946	12 985	29
1949	7 114	39
1959	2 436	358
1969	4 716	688
1979	1 715	928
1989	2 324	567

Kjelde: Jordbruks-, landbruks- og pelsdyrteljingar.

²⁸⁴ «50 000 mink nå føre pelsinga». *Jærbladet*. 06.10.1959.

<https://www.nb.no/items/e53b76048aa90132721621fca9e5bd82?page=0>

²⁸⁵ Statistisk sentralbyrå, «Jordbruksteljinga i Norge 20. Juni 1959. Første hefte: Areal, husdyrhald m.m.», 283.

²⁸⁶ Kapittel 3, 73.

Teljinga frå 1929 inneheld ikkje ei nøyaktig teljing av talet pelsdyrgardar, men viser det til å vera kring 2 500 revegardar i landet.²⁸⁷ Rekna saman med talet pelsdyr (variabel 1) fann ein ei gjennomsnittleg fordeling av 14 dyr på kvar pelsdyrgard i Noreg ved teljinga i 1929. Som tidlegare peika på krevja produksjonsomlegginga frå livdyrsalet til skinnomsetnaden tidleg på 1930-talet ei auke i pelsdyrbesetningar på kvar einskild pelsdyrgard, som dermed kan forklara den aukande gjennomsnittlege fordelinga som pregar teljingane utover 1930-talet.²⁸⁸ I samband med nedgangen i talet pelsdyr (variabel 1) på 1940-talet, gjer dette seg også til uttrykk i ein betydeleg nedgang i talet pelsdyrgardar. Samtidig er det interessant å sjå at storleikane på dei attverande pelsdyrgardane aukar, der teljinga i 1949 viser til ein gjennomsnittleg fordeling av 39 dyr per pelsdyrgard.

Frå teljinga i 1959 ligg det til grunn eit tydeleg skilje mellom talet pelsdyrgardar (variabel 3) og talet pelsdyr (variabel 1) der den kraftige auka i talet pelsdyr likevel førte til ein betydeleg nedgang i talet pelsdyrgardar. Også den gjennomsnittlege storleiken på pelsdyrgardane syner att store omleggingar, som sjølvstekt heng saman med omlegginga frå sølvrev til mink som dominerande pelsdyrtype (variabel 2). Med tanke på strukturane kan ein vanskeleg samanlikna og peika på aktuelle strukturelle forskjellar mellom revegardane og minkgardane der Borgedal framhev dei store skilnadane mellom desse pelsdyrtypane med tanke på storleik og matbehov.²⁸⁹

Følgjande den veldige minkekspansjonen utover 1960-talet finn ein også att ein kraftig auke i talet pelsdyrgardar frå teljinga i 1969, i tillegg til aukande strukturar på dei enkelte pelsdyrgardane. Likevel ser ein korleis talet pelsdyrgardar har trekt seg tilbake under teljinga i 1979 som dermed peikar på det store talet pelsdyrbønder som no hadde avvikla drifta. Samtidig ser ein korleis dei attverande pelsdyrgardane har auka i storleik. Frå teljinga i 1989 finn ein eit nytt brot med ein auke i talet pelsdyrgardar i tillegg til ein betrakteleg nedgang i storleiken på dei enkelte pelsdyrgardane, som med utgangspunkt i produksjonstype (variabel 2) særleg kan forklarast med den betydelege tilbakekomsten av reveavl.

²⁸⁷ Ein må også nemna at talet berre baserer seg på revegardar og inkluderer dermed ikkje dei andre pelsdyrtypane.

²⁸⁸ Kapittel 2, 37.

²⁸⁹ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 358.

Rogaland

Tabell 8. Variabel 3 - Noreg og Rogaland

Teljingar	Noreg		Rogaland	
	Tal pelsdyrgard	Gj. snitt storleik	Tal pelsdyrgard	Gj. snitt storleik
1929	2 500	14		
1934	9 854	24	568	19
1936	16 852	24	1 261	19
1939	20 738	27	1 801	22
1946	12 985	29	1 102	23
1949	7 114	39	491	26
1959	2 436	358	254	354
1969	4 716	688	1 128	631
1979	1 715	928	304	1226
1989	2 324	567	230	1209

Kjelde: Jordbruks-, landbruks- og pelsdyrteljingar.

Grunna den omtrentlege teljinga av pelsdyrgardane i landet vart det ikkje gjennomført regionale teljingar av talet pelsdyrgardar under teljinga i 1929. Teljingane utover 1930-talet markerer ein tydeleg framvekst av pelsdyrgardar samtidig som storleiken på desse gjennomgåande legg seg noko under landsgjennomsnittet. Som landsgjennomsnittet synar også Rogaland ein nedgang i talet pelsdyrgardar utover 1940-talet pelsdyrgardar, der også dei attverande pelsdyrgardane blir prega av til dels aukande storleikar. Med omlegginga til mink som dominerande pelsdyrtype under teljinga i 1959 (variabel 2) synar nedgangen i talet pelsdyrgardar at mange tidlegare sølvrevavlalarar i fylket ikkje la seg over til minkavl, der dei i staden avvikla heile pelsdyrdrifta. Dette endrar seg likevel kraftig med teljinga i 1969 som inneheld eit særleg høgt tal pelsdyrgardar i Rogaland samanlikna med det samla talet i Noreg. Den særskilde stillinga i Rogaland ser ein tydeleg gjennom samanlikninga av det nest største fylket etter tal pelsdyrgardar, som var Hedmark med 483 bruk.²⁹⁰

Likevel trekk talet pelsdyrgardar seg også sterkt tilbake i Rogaland under teljinga i 1979, samtidig som storleiken på dei attverande pelsdyrgardane har fått ei kraftig auke. Der talet pelsdyrgardar i landet vidare aukar ved teljinga i 1989 er det interessant å merka seg ein fortsettande nedgang i Rogaland, som forsterkar forståinga av den etablerte uvilja blant pelsdyrbøndene i Rogaland til omlegging mot reveavl (variabel 2).

²⁹⁰ Statistisk sentralbyrå, «Jordbruksteljinga i Norge 20. Juni 1969. Hefte III: husdyrhald.», 64.

Klepp

Tabell 9. Variabel 3 - Noreg, Rogaland og Klepp

Teljingar	Noreg		Rogaland		Klepp	
	Tal pelsdyrgard	Gj. snitt storleik	Tal pelsdyrgard	Gj. snitt storleik	Tal pelsdyrgard	Gj. snitt storleik
1929	2 500	14				
1934	9 854	24	568	19	22	35
1936	16 852	24	1 261	19	47	36
1939	20 738	27	1 801	22	61	40
1946	12 985	29	1 102	23	65	36
1949	7 114	39	491	26	41	52
1959	2 436	358	254	354	91	410
1969	4 716	688	1 128	631	289	857
1979	1 715	928	304	1226	93	1657
1989	2 324	567	230	1209	43	2615

Kjelde: Jordbruks-, landbruks- og pelsdyrteljingar.

Med framveksten av stadig fleire pelsdyrgardar utover 1930-talet ser ein korleis fleire tok til med pelsdyravl i Klepp. Allereie frå teljinga i 1934 synar pelsdyrgardane i kommunen ein betydeleg høgare gjennomsnittstorleik samanlikna med pelsdyrgardar elles i landet og Rogaland, der mellom anna Westersjø peikar på korleis Jæren bar preg av noko større pelsdyrgardar enn elles i fylket.²⁹¹ Med utgangspunkt i oversiktsheftet til jordbruksteljinga frå 1939 kan ein også lesa korleis «Pelsdyrgårdene i de beste jordbruksbygdene er gjennomgående atskillig større enn i de andre områdene» der landbruksområdet Klepp på Jæren følgjande plasserer seg godt innanfor denne skildringa.²⁹²

Med utgangspunkt i utbrotet av andre verdskrig og den følgjande okkupasjonstida er det interessant å sjå korleis talet pelsdyrgardar i Klepp likevel syna ein liten auke mellom teljingane i 1939 og 1946, som ein dermed kan peika i samband med den tidlegare omtalte gullalderen som prega enkelte vellykka pelsdyrbønder.²⁹³ Ein kan samtidig peika på ein gjennomsnittleg reduksjon på dei einskilde pelsdyrgardane, som nok heng saman med overlevinga følgjande dei utfordrande krigstilhøva der besetningane vart reduserte til å berre bestå av dei absolutt beste

²⁹¹ *Rogaland Pelsdyrslag 50 år*, 22.

²⁹² Statistisk sentralbyrå, «Jordbukstelingen i Norge 20. juni 1939. Tredje hefte: Oversikt.», 171. &

Innleiingskapittel, 5.

²⁹³ Kapittel 2, 44-45.

avlstdyra.²⁹⁴ Først mot slutten av 1940-talet finn ein også nedgang i talet pelsdyrgardar i Klepp følgjande dei betydelege omsetnadsvanskane i den tidlege etterkrigstida. Samtidig kan ein også her peika på ein omfattande strukturell auke som nok i særleg grad heng saman med den tidlege omlegginga til minkavl (variabel 2).

I motsetnad til landet og fylket er det interessant å sjå korleis teljinga i 1959 markerer ein sterk oppgang i talet pelsdyrgardar i Klepp som peikar på dei mange nyoppstarta pelsdyrbøndene som tok til med minkavl. Som sølvrevgardane er også minkgardane i Klepp prega av større strukturar samanlikna med dei andre områda der *Jærbladet* i oktober 1959 skisserer følgjande fordeling på dei jærskke minkgardane: «Størsteparten av minkfarmane har nokre hundre dyr, mange har 1000 dyr og derikring, og dei største farmane tel ikring 3000 dyr».²⁹⁵

I samband med talet pelsdyr markerer også teljinga i 1969 det store høgdepunktet i talet pelsdyrgardar i Klepp med 289 pelsdyrgardar. Samanlikna hadde den nest største kommunen, Hå kommune, 121 pelsdyrgardar.²⁹⁶ Samtidig med dei mange nyoppstarta pelsdyrgardane kan ein også peika på aukande gjennomsnittstorleik for dei samla pelsdyrgardane.

I tråd med utviklinga elles minska også talet pelsdyrgardar i Klepp ved teljinga i 1979, samtidig som strukturane på dei attverande pelsdyrgardane fekk ein enorm auke. Nedgangen heldt også fram ved teljinga i 1989 samtidig som storleiken på dei attverande pelsdyrgardane nådde nye høgder, som tydeleg kan bli sett i samband med ei framveksande industrialisering i pelsdyrnæringa.²⁹⁷

Med utgangspunkt i variablane ser ein korleis pelsdyrnæringa har vore ei næring prega av veldige opp- og nedturar der ein kan peika på eit mangfald interessante utviklingar. Rogaland og særskilt Klepp skil seg ut frå landsgjennomsnittet på fleire måtar og markerer med dette eit særskilt interessant område for vidare undersøking. Særleg gjeld dette for Klepp som frå ein sein start raskt hevdar seg som den leiande pelsdyrkommunen i Rogaland utover 1930-talet. Vidare ber Klepp preg av ein mindre tydeleg nedgang under dei utfordrande tilhøva på 1940-

²⁹⁴ «Revegardane.». *Stavanger Aftenblad*. 19.09.1939.

<https://www.nb.no/items/a73e7cfb01ddaeffa95404a34b474188?page=5>

²⁹⁵ «50 000 mink nå føre pelsinga». *Jærbladet*. 06.10.1959.

<https://www.nb.no/items/e53b76048aa90132721621fca9e5bd82?page=0>

²⁹⁶ Statistisk sentralbyrå, «Jordbruksteljinga i Norge 20. Juni 1969. Hefte III: husdyrhald.», 78.

²⁹⁷ Ellefsen, «Den moderne pelsdyrfabrikken», 207-210.

talet. Samtidig peikar kleppsbuen seg ut i ein tidlegare marknadstilpassing og omlegging til minkavl der minkavlen også blir verande som den store pelsdyrproduksjonen utover den undersøkte perioden. Frå oppstarten og fram til siste teljing markerer pelsdyrgardane i Klepp seg med stadig aukande gjennomsnittlege storleikar samanlikna med dei andre områda, der særleg teljingane i 1979 og 1989 synar enorme utviklingar innanfor dei ein skilde pelsdyrgardane.

4. Kapittel 3 – Pelsdyravl i landbruksbygda Klepp

Med utgangspunkt i den overordna kartlegginga av utviklinga i den norske pelsdyrnæringa og identifiseringa av Klepp i Rogaland som ei særskild pelsdyrbygd vil det følgjande kapittelet nærmare undersøka forankringa den norske pelsdyrnæringa har hatt i det norske landbruket gjennom undersøkinga av den særskilde landbruks- og pelsdyrbygda Klepp.

Om omgrepsbruk nyttar eg meg av den generelle nemninga «landbruk» framfor det meir tradisjonelle «jordbruk»-omgrepet, som fyrst og fremst dreiar seg om utnyttinga av jorda i form av planteproduksjon.²⁹⁸

4.1 Kjelder og framgangsmåte

Frå og med framveksten av *Oral history* på 1960-talet har bruken av munnlege kjelder vore ein mykje nytta historisk kjeldetype og vil i det følgjande bli nytta gjennom informasjon henta frå intervju av tre tidlegare pelsdyrbønder i Klepp.²⁹⁹ Kjeldetilfanget bygger på dei personlege opplevingane til pelsdyrbøndene og kan dermed klassifiserast som eit minnemateriale der den munnlege kjelda i form av å både reflektera sjølve personen og utanforliggende forhold kan bli nytta både som ei leivning og som ei beretning.³⁰⁰

Innanfor historiefaget kan ein peika på ei grunnleggande forventning og ein tradisjonen for å gjera nytte av munnlege kjelder så lenge forholda ligg til rette for det.³⁰¹ Bruken av munnlege kjelder vil samtidig bidra med særleg verdifull informasjon i undersøkinga av den norske pelsdyrnæringa, ettersom den nylege avviklinga vil fjerna pelsdyravl som ein del av medvitte til dei framtidige generasjonane. I høve til den konkrete oppgåva bidreg også dei munnlege kjeldene med eit perspektiv «nedanfrå» der dei, i motsetnad til dei tekstlege kjeldene, fokuserer på pelsdyrbøndene sine personlege erfaringar og tankar kring pelsdyravl som ei landbruksnæring, som dermed bidreg til å utfylla og balansera det øvrige kjeldematerialet.³⁰² Med tanke på det lokallistoriske perspektivet bidreg kjeldematerialet også med unik

²⁹⁸ *Det Norske Akademis ordbok*. «landbruk». Oslo: Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Oppslag: Februar 2024. & *Det Norske Akademis ordbok*. «jordbruk». Oslo: Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Oppslag: Februar 2024.

²⁹⁹ Grove & Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», 124.

³⁰⁰ Andresen m.fl., *Å gripe fortida* (Oslo: Det norske samlaget, 2017), 69 og 83.

³⁰¹ Grove & Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», 123.

³⁰² Andresen m.fl., *Å gripe fortida* (Oslo: Det norske samlaget, 2017), 48-49 & 83-85.

informasjon kring perspektivet om pelsdyravl i Klepp som ein vanskeleg finn i anna kjeldemateriale.

Når det gjeld bruken av munnlege kjelder i historiefaget må ein reflektera over fleire ulike moment. For det fyrste ser ein at til tross for eit personleg preg forstår ein likevel ikkje dei munnlege kjeldene som primærkjelder til den fortidige pelsdyravlen, ettersom dei stammar frå den notidige intervjusituasjonen, i motsetnad til mellom anna dei meir samtidsprega skriftlege kjeldene.³⁰³ At kjelda er eit produkt av den bestemte intervjusituasjonen krevjar også særskilde refleksjonar der ein som intervjuar må vera medviten sin rolle som med-produsent og unngå å pressa intervjuobjektet, men snarare leggja til rette for ein friast mogleg samtale som følgjeleg vil gje eit mest mogleg truverdig resultat.³⁰⁴ Ein må også vera medviten ei rekkje avgrensingar knytt til minnematerialet der forhold som gløymse og omskriving ofte pregar dei munnlege kjeldene. Særleg fenomenet kring omskriving vil vera aktuelt med tanke på pelsdyravl der den tidlegare nemnte pelsdyrmotstanden og avviklinga av næringa også vil ligga i skuggen under intervjusituasjonen og prega kjeldematerialet i samband med informantane sine forståingar av seg sjølv og næringa. Følgjeleg ser ein korleis dei munnlege kjeldene i liten grad vil fungera på eigne bein, der dei fyrst og fremst i samband med andre kjeldetypar kjem til sin fulle rett som verdifulle bidrag i avdekkinga av problemstillinga.³⁰⁵

Naturleg nok ligg det ei særleg tidsavgrensing innanfor dei munnlege kjeldene ettersom tileigninga av ein slik type informasjon stadig vil vera knytt den næraste fortida.³⁰⁶ Ei tydeleg avgrensing kring dei intervjuar pelsdyrbøndene er særleg knytt til korleis dei sjølv ikkje opplevde den tidlegaste framveksten av sølvrevavl i Klepp på byrjinga av 1930-talet. Med tanke på tidsavgrensinga i problemstillinga fører dette til ein ubalanse i kjeldematerialet, der det fyrst og fremst er den seinare undersøkjande perioden som blir dekkja av dei munnlege kjeldene. Ein finn likevel verdifulle bidrag også kring dei tidlegaste pelsdyrperiodane frå to av pelsdyrbøndene der minnematerialet deira også bygger på vidareforteljingar frå føregåande generasjonar som dreiv med pelsdyravl.

³⁰³ Grove & Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», 126.

³⁰⁴ Andresen m.fl., *Å gripe fortida* (Oslo: Det norske samlaget, 2017), 84.

³⁰⁵ Grove & Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», 123 & 145.

³⁰⁶ Grove & Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», 123 & Andresen m.fl., *Å gripe fortida* (Oslo: Det norske samlaget, 2017), 85.

Sjølve intervjusituasjonen bestod av ein kvalitativ framgangsmåte der informantane friast mogleg fekk styra samtalen der dei gjennom sine eigne erfaringar fokuserte på tematikkane kring forståinga av pelsdyravl som landbruksnæring og Klepp som ei særskild pelsdyrbygd.³⁰⁷ For å velja ut informantane gjekk eg fyrst og fremst til ein «nøkkelinformant», ein person med særleg innsikt innanfor tematikken, som vidare bidrog med utvalet av dei resterande informantane.³⁰⁸

Intervjusituasjonen fann seg på heimstaden til kvar enkelt informant og eg nytta lydopptak på mobil under kvart intervju.³⁰⁹ For å gjera det munnlege materialet til handterlege kjelder transkriberte eg deretter lydopptaka til eit ordrett referat. Framgangsmåten er arbeidskrevjande, men bidreg samtidig med analysearbeidet der ein tileignar seg ein særleg nærleik og oversikt over materialet. Dermed sit ein igjen med eit svært omfattande materiale, der historikaren må skjæra ned innhaldet og fokusera på hovudpunkta og dei sentrale trekka i materialet. Det er likevel fyrst og fremst problemstillinga som legg føringane for kva delar av materialet som vil bli nytta, der eg i samband med det innhenta materialet berre nytta meg av informasjonen knytt til forståinga av pelsdyravlen som landbruksnæring og den særskilde utviklinga innanfor pelsdyrbygda Klepp.³¹⁰

Følgjande kjem tre korte biografiar om dei aktuelle informantane.

Bertran Trane Skadsem

Bertran er fødd i 1958 og driv eit gardsbruk på garden Skas som ligg heilt nord i Klepp kommune, mot den sørlege delen av Sola kommune.³¹¹ Farfaren til Bertran byrja fyrst med pelsdyravl på gardsbruket, då han tidleg på 1930-talet starta med sølvrevavl. Bertran byrja sjølv med pelsdyr, då med mink, i 1976 ettersom han gjekk inn i pelsdyrdrifta saman med foreldra sine. Han tok etterkvart over heile drifta av pelsdyra samtidig som foreldra hans stod for den resterande gardsdrifta. I tillegg til pelsdyr har gardsdrifta vore prega av eit mangfald andre landbruksproduksjonar som mjølkekyr, poteter og egg. Pelsdyrgarden har stadig vorte utvida. Bertran har fungert som ein særleg interessant informant ettersom han er den sittande

³⁰⁷ Grove & Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», 136.

³⁰⁸ Grove & Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», 130.

³⁰⁹ Grove & Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», 136-140.

³¹⁰ Grove & Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», 126.

³¹¹ Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge II 1837-1987* (Klepp: Dreyer Bok, 1987), 166. og Brunnes, *Klepp gards- og ættesoge 1900-1960* (Klepp: Dreyer Aksjeselskap, 1964), 410.

styreleiaren i Norges Pelsdyrslag. Med dette har han fungert som ein «nøkkelinformant» til oppgåva og mellom anna bidrege til utvalet av andre relevante informantar.

Ingebret Hodne

Ingebret er fødd i 1938 og har drive eit gardsbruk på garden Gruda som grensar til den nordlege delen av tettstaden Kleppe.³¹² Ingebret byrja saman med bror sin med minkproduksjon i 1962 på gardsbruket som dei då hadde teke over etter far deira. Dermed representerer Ingebret den første generasjonen med pelsdyrdrift på dette gardsbruket. Pelsdyrproduksjonen vart starta i det små, med ei omfattande landbruksdrift utanom. Gradvis endra dette seg gjennom utviklingar av pelsdyrgarden på kostnad av dei tradisjonelle landbruksproduksjonane. Sonen til Ingebret tok over gardsbruket på 1990-talet, og utvikla pelsdyrgarden vidare.

Leidulf Storhaug

Leidulf er fødd i 1945 og har drive eit gardsbruk på garden Håland som grensar til den nordlege delen av tettstaden Kleppe og den austlege delen av garden Gruda.³¹³ Far til Leidulf, Odd Storhaug, starta med minkavl i 1944. Odd utvikla pelsdyrgarden gradvis og var på 1960-talet blant dei største pelsdyrprodusentane på Jæren. Leidulf vart frå ung alder av engasjert i pelsdyrdrifta og følgja nøye med på drifta av pelsdyrgarden saman med far sin. Allereie ved 5-6-årsalderen fekk han si første minktispe. Som 16-åring byrja Leidulf i 1961 å drifta eit eige minkhus på garden, der han vidare i 1970 tok over drifta av heile gardsbruket. Sjølv gardsbruket er av mindre storleik med avgrensa moglegheiter til noko særleg landbruksdrift, der pelsdyrdrifta dermed har fungert som den store hovudnæringa på garden. Produksjonar kring grasdyrking og purker har fungert som eit lite attåt til den betydelege pelsdyrdrifta.

4.2 Pelsdyravl som attåt- eller hovudnæring

Sølvrevavl på 1930-talet

Som sett fekk sølvrevavlen ein veldig vekst i Klepp utover 1930-talet, der kommunen raskt tok stillinga som den leiande pelsdyrkommunen i fylket.³¹⁴ Ein av desse tidlege revegardane fann ein på gardsbruket til Bertran, ettersom farfar hans ein gong på byrjinga av 1930-talet tok til

³¹² Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge I fram til 1837* (Klepp: Dreyer Bok, 1990), 22. og Brunnes, *Klepp gards- og ættesoge 1900-1960* (Klepp: Dreyer Aksjeselskap, 1964), 410.

³¹³ Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge I fram til 1837* (Klepp: Dreyer Bok, 1990), 54. og Brunnes, *Klepp gards- og ættesoge 1900-1960* (Klepp: Dreyer Aksjeselskap, 1964), 410.

³¹⁴ Kapittel 2, 44.

med sølvrevavl, som også samsvarar med *Klepp bygdesoge* som trekk fram garden Skas som ei av dei første områda med pelsdyravl.³¹⁵ Bertran fortel at revegarden vart oppretta som eit AS, som også samsvarar med Lindanger & Nordås som framhev kompaniskapet mellom bønder og forretningsfolk frå byen som det typiske kjenneteiknet for skipinga av desse første revegardane i Klepp. Kapitalen frå desse utanforståande forretningsfolka var heilt naudsyn i oppstarten av ein produksjon som i oppstartstida baserte seg på svært dyrebare avlsdyr.

Bertran viser til korleis det vart tilsett ein utanforståande reverøktar i drifta av revegarden, som nettopp var vanleg på desse første revegardane i ei tid med manglande erfaringar og kunnskapar.³¹⁶ Reverøktaren heitte Knut Gaustanes og kom frå Møre og Romsdal. At erfaringane kring reveavl var sterke nettopp her dreiar seg om den store revefeberen som prega denne delen av landet frå midten av 1920-talet, og synar dermed som eit eksempel på kunnskapsoverføring i spreinga av reveavlen til dei andre landsdelane.³¹⁷ Også Westersjø viser til korleis dei første revegardane generelt i Rogaland gjerne baserte seg på aksjegardar med eigne tilsette røktarar.³¹⁸ Likevel som følgje av den tidlegare nemnte omlegginga frå avlsdyrsal til baseringa på skinnomsetnaden fekk desse aksjegardane ein kort varigheit, der dei fleste revegardane i fylket ganske snart vart drive privat av bonden sjølv som også kom til å ta seg av drifta av revane.³¹⁹

Minkavl utover 1950- og 1960-talet

Som sett markerte 1950- og 1960-talet ei særskild minkbølge over Klepp der stadig fleire tok til med avl av dette til å byrja med ukjente pelsdyret.³²⁰ Bertran fortel at revegarden på gardsbruket hans vart avvikla kring 1950, der ein på byrjinga av 1960-talet igjen tok til med pelsdyravl, i form av minkavl.³²¹ På gardsbruket til Ingebret hadde det ikkje vore drive noko form for pelsdyravl før han og bror hans tok til med minkavl i 1962.³²² Gardsbruka til begge informantane var frå før av prega av ein mangfaldig landbruksproduksjon, der pelsdyravlen no vart lagt til som del av desse gardsdriftene.

³¹⁵ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024. & Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge II 1837-1987* (Klepp: Dreyer Bok, 1987), 352.

³¹⁶ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024. & Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge II 1837-1987* (Klepp: Dreyer Bok, 1987), 352.

³¹⁷ Natland mfl., *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*, 113.

³¹⁸ *Rogaland Pelsdyrslag 50 år*, 22.

³¹⁹ Kapittel 1, 30-31. & Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge II 1837-1987* (Klepp: Dreyer Bok, 1987), 352.

³²⁰ Kapittel 2, 51-52.

³²¹ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

³²² Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024.

Kvifor byrja ein med pelsdyravl i landbruksbygda Klepp?

Det store spørsmålet er kvifor stadig fleire bønder tok til å starta opp med dei ulike formene for pelsdyravl på gardsbruka sine. Tveite peikar på det gjennomgåande trekket ved dei norske pelsdyrgardane som i motsetnad til dei utanlandske spesialiserte pelsdyrgardane fann seg i tilknytninga til dei ulike norske gardsbruka.³²³ I det følgjande finn ein at det var nettopp denne struktureringa som låg til grunn for spreininga av både den tidlege revefebereren på 1930-talet og også minkfebereren utover 1950- og 1960-talet i Klepp.

Bertran fortel at pelsdyravl fyrst og fremst vart starta opp som ei attåttnæring på dei mindre gardsbruka, eller småbruka, som kjenneteiknar seg av å innehalda eit minimalt ressursgrunnlag.³²⁴ Sandvik viser til korleis halvparten av dei norske gardsbruka i tida kring 1920 var småbruk beståande av eit mindre ressursgrunnlag på maksimalt 20 mål dyrka jord, som i stor utstrekking baserte seg på alternative næringar kring skogbruk og fiske, og dermed også etterkvart pelsdyravl, som motsats til plantedyrkinga.³²⁵ I forlenging av dette viser Bertran til korleis dei avgrensa utviklingsmoglegheitene på småbruka i Klepp gjorde at ein tok til med mindre arealkrevjande produksjonar som hønseri, veksthus og pelsdyravl som bidrog med å oppretthalda ei aktiv drift på desse mindre gardsbruka.³²⁶

Informanten Leidulf representerer sjølv eit slikt mindre gardsbruk der far hans starta opp med pelsdyravl som raskt fekk rolla som den klart viktigaste produksjonen.³²⁷ Med dette viser Leidulf til korleis pelsdyravlen på slike mindre gardsbruk gav bøndene eit levebrød til å driva garden på heiltid på tross av avgrensa utviklingsmoglegheiter, som dermed bidrog til å oppretthalda busetnaden på dei mange mindre gardsbruka rundt om i landet. Også Storsul framhev korleis den framveksande pelsdyravlen utover 1930-talet fyrst og fremst fungerte som ei kjærkomen inntekt og som overleving på dei mange småbruka.³²⁸

³²³ Tveite, «Pyramidespill som attåttnæring», 84.

³²⁴ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024. & *Store norske leksikon*, s.v. «småbruk», av Reidar Almås. 05.02.2024. <https://snl.no/sm%C3%A5bruk>

³²⁵ Sandvik, *Nasjonens velstand* (Bergen: Fagbokforlaget, 2022), 147 & 201.

³²⁶ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

³²⁷ Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024.

³²⁸ Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 40.

Med utgangspunkt i dette kan ein sjå det særeigne norske landbrukspreget, som vektlagt av Tveite, i samband med historikaren Brynjulv Gjerdåker som i *Norges landbrukshistorie III 1814-1920* frå 2002 framhev den særnorske bruksstrukturen samanlikna med europeiske forhold, der bruksdelingar og frikjøp av tidlegare husmannsbruk bidrog til eit norsk landbruk som også kring 1920-talet var prega av særleg mange småbruk.³²⁹ Med dette viser Gjerdåker til at «På tre av fire norske jordbruk måtte folk skaffa ein større eller mindre del til livsopphaldet av anna næring», der han dermed framhev korleis «næringskombinasjon var regelen».³³⁰ Gjerdåker viser til korleis ein næringskombinasjon, «med jordbruket som det allmenne og stabile festet i økonomien», og attåttnæringar som skogbruk eller fiske bidrog til «At dei fleste hushalda hadde fleire føter å stå på» samtidig som «større fleksibilitet og overlevingsevne i vanskelege tider enn om næringsgrunnlaget allment hadde vore meir ein-sidedig».³³¹ På denne måten ser ein korleis den norske pelsdyravlen kom til å breia seg utover eit landbrukslandskap av mindre strukturar.

Til tross for dette viser Bertran til at pelsdyravl også vart starta opp på fleire av dei større og betre stilte gardsbruka.³³² Lindanger & Nordås viser til korleis oppstarten av reveavl utover 1930-talet i Klepp i stor fann seg i samband med krisetider i landbruket og tilhøyrande gjeldsproblem som følgje av dei utfordrande landbrukstilhøva, der særleg dei dalande mjølkeprisane tvang bøndene til ulike tiltak som gjeldsnedskrivningar og samvirkeskipingar.³³³ I samband med dette ser ein korleis Almås omtalar tida frå og med 1920 som starten på ei krisetid innanfor det norske landbruket.³³⁴ Sandvik, som peikar på landbruket som den framleis viktigaste næringsgreina i landet også i 1920, viser til landbrukskrisa på 1920-talet som eit internasjonalt fenomen som vart særleg forsterka i Noreg grunna paripolitikken³³⁵, aukane utanlandsk konkurranse og ei framveksande gjeldskrise for fleire norske bønder.³³⁶ Det er med utgangspunkt i desse krisetidene Lindanger & Nordås viser til korleis fleire Kleppbønder tok til med ulike attåttnæringar, særleg reveavl, for å søka å produsera seg ut av dei trykkande tilhøva.³³⁷ Med utgangspunkt i dette ser ein korleis pelsdyravl var noko som appellerte til både

³²⁹ Gjerdåker, *Norges landbrukshistorie III 1814-1920* (Oslo, Det norske samlaget, 2002), 170-171.

³³⁰ Gjerdåker, *Norges landbrukshistorie III 1814-1920* (Oslo, Det norske samlaget, 2002), 172-173.

³³¹ Gjerdåker, *Norges landbrukshistorie III 1814-1920* (Oslo, Det norske samlaget, 2002), 173-174.

³³² Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

³³³ Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge II 1837-1987* (Klepp: Dreyer Bok, 1987), 337-352.

³³⁴ Almås, *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* (Oslo: Det norske samlaget, 2002), 66.

³³⁵ Paripolitikken var eit forsøk på å tilbakeføra den norske kroneverdien til nivået ein fann før krigsutbrotet

³³⁶ Sandvik, *Nasjonens velstand* (Bergen: Fagbokforlaget, 2022), 147, 182, 188 & 200.

³³⁷ Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge II 1837-1987* (Klepp: Dreyer Bok, 1987), 352.

dei mindre og større gardsbruka i Klepp, der dei tidlege pelsdyrpionerane i bygda gradvis introduserte pelsdyravlen til å etterkvart bli eit «spennande alternativ til dei labre prisane innan mjølkeproduksjonen».³³⁸

Med utgangspunkt i krisetida i landbruket viser Tveite til det paradoksale i den samtidige framveksten av den kapitalkrevjande pelsdyravlen.³³⁹ Som sett gjorde bidraget frå den utanforståande kapitalen i skipinga av aksjegardane det mogleg for dei første pelsdyrbøndene å starte med denne nye næringa. Likevel vart ikkje dette rådande der det fyrst og fremst var pelsdyrbøndene sjølv som vart ståande ansvarleg for både kapitalen og drifta av pelsdyrgarden. For å nærmare undersøka kva forhold som kan ha lege til grunn vil eg ta utgangspunkt i bidraga frå informantane kring framveksten av pelsdyravlen utover 1950- og 1960-talet, som også kan nytta som sannsynlege forklaringar for den liknande framveksten på 1930-talet.

Høg økonomisk vinning

På same måte som dei høge sølvrevprisane på 1930-talet var prisane på minkskinna særleg utover 1960-talet høge og stabile der Bertran viser til korleis denne opphavlege attåtnæringa ofte overgjekk dei andre landbruksproduksjonane og at ein tidvis «tente jo mykje betre pengar på pelsdyr enn på det andre».³⁴⁰ Leidulf trekk fram 1960-talet som ein einaste stor økonomisk opptur, der han viser til korleis far hans, Odd Storhaug, følgjeleg slutta av med den mindre lukrative griseproduksjonen som hadde fungert som eit attåt til pelsdyrdrifta.³⁴¹ Ingebret viser til korleis han raskt auka opp og utvikla produksjonen på pelsdyrgarden ettersom dei høge økonomiske gevinstane langt på veg overgjekk kostnadane ved å auka produksjonen.³⁴² Generelt peikar Ingebret på korleis det under denne tida vaks fram pelsdyrgardar på dei fleste gardsbruka på garden Gruda ettersom dei gav svært viktige attåtinntekter til landbruksproduksjonane.

Syssetting

Ved sida av dei attraktive prisane peikar Ingebret på kva moglegheiter pelsdyrdrifta gav gjennom bidraget til å halda ved like familiebruket på dei ulike gardsbruka.³⁴³ Til dette peikar

³³⁸ Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge II 1837-1987* (Klepp: Dreyer Bok, 1987), 348.

³³⁹ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 83.

³⁴⁰ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

³⁴¹ Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024.

³⁴² Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024.

³⁴³ Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024.

han på korleis sønene på fleire av nabogardane gjerne starta opp med pelsdyr ettersom tida framleis ikkje var inne for å ta over heile gardsdrifta. Gjennom pelsdyravlen kunne fleire ungdommar starta opp med noko eige heime på garden samtidig som dei dermed kunne bidra i gardsarbeidet elles. Med dette framhev Ingebret korleis pelsdyravlen bidrog til ein nyttig og fleksibel arbeidsplass med tanke på anna landbruksverksemd. På sitt eige gardsbruk bidrog pelsdyravlen til sysselsettinga av ei drift beståande av både han og bror hans.

Bertran, som også peikar på sysselsettinga av ei fleir-generasjonsdrift på sitt eige gardsbruk, framhev også korleis den særskilde pelsdyrdrifta i det heile lèt seg kombinera med andre landbruksproduksjonar.³⁴⁴ Til dette peikar han mellom anna på korleis paringstida til minken, som går føre seg kring mars månad, ofte la seg i tidene før ein tok til med våronna. På same måte fann pelsetida seg i vintermånadane november/desember, som gjerne var ei mindre travel tid i gardsdrifta elles. I det heile peikar han på korleis dei mest hektiske pelsdyrtidene ofte fann seg under dei rolegare tidene i landbruket.

4.3 Klepp som føregåande minkbygd

Ein minkpioner i Klepp

Som sett skilte Klepp seg ut som eit område med raskare omlegging til mink som dominerande pelsdyrtype.³⁴⁵ Leidulf viser til korleis far hans, Odd Storhaug, som tidlegare hadde drive med sølvrevavl vart ein sentral pioner, særleg med tanke på minkavlen som han tok til med frå 1944.³⁴⁶ Den første besetninga bestod av 2 hannar og 10 tisper som han kjøpte av den sentrale minkavlaren C. M. Øvrebø frå Bergen.³⁴⁷ Lindanger & Nordås viser til at pelsdyrbøndene i Klepp på slutten av 1930-talet «byrja for første gong i det heilt små å lukta på minken som eit mulig framtidig alternativ til sølvreven».³⁴⁸ Likevel vart det, som tidlegare sett, under teljinga i 1939 berre registrert ulike revetypar i Klepp.³⁴⁹ Likevel hadde dette endra seg ved teljinga i 1946 som syna 149 minkar i kommunen.³⁵⁰

Kvifor rask omlegging til mink i Rogaland og Klepp?

³⁴⁴ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

³⁴⁵ Kapittel 2, 51.

³⁴⁶ Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024.

³⁴⁷ Lindstrøm, *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1976* (Oslo: Aktietrykkeriet, 1976), 57.

³⁴⁸ Lindanger & Nordås, *Klepp bygdesoge II 1837-1987* (Klepp: Dreyer Bok, 1987), 352.

³⁴⁹ Kapittel 2, 51.

³⁵⁰ Statistisk sentralbyrå, «Pelsdyrtellingen i Norge 1. september 1946.», 50.

Frå føregåande kapittel syna krigstidene på 1940-talet fleire utfordrande tilhøve for pelsdyravlen, der særleg ein endrande motetrend til fordel for minken fekk avgjerande betydning for den vidare utviklinga i næringa.³⁵¹ Dei endrande produksjonstilhøva bidrog i stor grad til at fleire pelsdyrbønder avvikla pelsdyrdrifta, som mellom anna Kasper Haugvaldstad frå Mosterøy i Rogaland som i *Stavanger Aftenblad* frå januar 1979 fortel at han frå ein oppstart med reveavl på 1930-talet avvikla drifta etter krigen som følgje av det katastrofale prisnivået på reveskinna.³⁵² Dei byrjande teikna på nedgåande sølvrevpriser synar seg også att i tidene før krigsutbrotet der *Stavanger Aftenblad* i januar 1939 skriv om «Økonomisk krise for sylvrevalet», følgjande aukande verdsproduksjon, nedgangskonjunkturar i dei viktigaste marknadslanda og generelt høge prisar på slakteavfall.³⁵³

Altså kan ein tenka seg at dei dårlege sølvrevprisane tvang dei fleste pelsdyrbøndene til å anten avslutta heile drifta, som Kasper Haugvaldstad, eller venda seg til alternative pelsdyrtypar, som minkpioneren Odd Storhaug. På same måten som pelsdyrdrifta sjølv bidrog til eit auka næringsgrunnlag innanfor gardsdrifta ser ein også korleis satsinga på alternative pelsdyrtypar på same måten bidrog til at ein fekk fleire bein å stå på også innanfor sjølve pelsdyrdrifta. Med dette synar Odd Storhaug som ein slik pioner, som i følgje Leidulf raskt fekk dreisen på minkavlen gjennom ein stadig aukande produksjon.³⁵⁴

Odd Bekkehein framhev i eit jubileumsskrift til Rogaland Pelsdyrslag, Odd Storhaug som ein særleg sentral pelsdyralar og den etterkvart største minkavlaren i Rogaland, der han viser til korleis Storhaug gjennom betydelege livdyrsal og gode avsetnadar på skinnauksjonar vart «rik på ein sesong».³⁵⁵ Ved sida av Storhaug trekk også Bekkehein fram ein annan pioner, Otto Ydstebø frå Kvitsøy, som blir omtala å vera den aller første minkpioneren i fylket ettersom han starta med minkavl i tidene før utbrotet av andre verdskrig.³⁵⁶

³⁵¹ Kapittel 2, 46.

³⁵² «Kledd i rev fra Mosterøy?». *Stavanger Aftenblad*. 02.01.1979.

<https://www.nb.no/items/9fc5d618d4a25e22e31f8ab1141455cd?page=11>

³⁵³ «Økonomisk krise for sylvrevalet». *Stavanger Aftenblad*. 30.01.1939.

<https://www.nb.no/items/b879567599beb6a649ee79df1d43a531?page=0>

³⁵⁴ Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024.

³⁵⁵ *Rogaland Pelsdyrslag 50 år*, 33.

³⁵⁶ *Rogaland Pelsdyrslag 50 år*, 32.

Eg vil nærmare undersøka ulike forklaringar for den tidlege framveksten av minkavl i Klepp og Rogaland i kapittel 4 med tanke på avisartiklar.³⁵⁷ Samtidig kan ein likevel med det øvrige konkludera med korleis pionerverksemda til eit mindre tal framtidsretta personar la forholda til rette for ei vidare spreining av minkavlen, der pionerarbeidet til mellom anna Otto Ydstebø og Odd Storhaug bidrog til ein minkfeber som etterkvart spreidde seg «Ut over alle bygder i Rogaland».³⁵⁸ Dermed finn ein tydelege mønster frå oppstarten med sølvrevavl der framveksten av den uklare pelsdyravlen tok til igjennom eit knippe pionerar som gjennom vellukka resultat og høge gevinstar la til rette føresetnadane for den vidare spreinga. Samtidig ser ein også korleis framveksten av minkavlen fann seg i ei tid då pelsdyravlen allereie over fleire tiår hadde danna eit breitt fotfeste.

4.4 Sentralisering og effektivisering som grunnar for enorm vekst

Teljingane frå 1950- og 1960-talet syna ein enorm vekst i minkavlen generelt i Noreg, og heilt særskilt i Rogaland og Klepp.³⁵⁹ I tillegg til motetrend og tilhøyrande høge priser framhev Leidulf særleg framveksten av fôrkjøkkena som eit heilt sentralt element til denne ekspansjonen.³⁶⁰

Fôring som sjølvstendig arbeid

Bertran fortel korleis fôret i byrjinga var noko kvar enkelt pelsdyrbonde sjølv måtte sørge for gjennom tileigninga av ulike typar råvarer, særleg slakte- og fiskeavfall, frå ulike lokale leverandørar, som ein vidare måtte lagra på best mogleg måte.³⁶¹ Deretter vart dei ulike råvarene framstilla til ei fôrblending på den einskilde pelsdyrgarden, der Leidulf viser til korleis far hans til å byrja med nytta ei vanleg kjøkkenkvern og blanda det heile saman med nevane.³⁶² Følgjande den byrjande minkavlen viser Borgedal til store endringar kring fôrforsyninga ettersom minken i større grad enn reven baserte seg på ferskast mogleg mat.³⁶³ Følgjande den aukande framveksten av minkgardar vart det på dei største pelsdyrgardane starta opp med heimefryseri der det vart lagra større parti av fisk og diverse råvarer. Vidare vart det også i dei ulike pelsdyrområda starta opp med organiserte lokale innkjøpslag der fleire pelsdyravlantar

³⁵⁷ Kapittel 4, 87.

³⁵⁸ *Rogaland Pelsdyrslag 50 år*, 33.

³⁵⁹ Kapittel 2, 50.

³⁶⁰ Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024.

³⁶¹ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024. & Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 179.

³⁶² Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024.

³⁶³ Borgedal, *Norges jordbruk i nyere tid* (Oslo: Bøndernes forlag, 1967), 350-351.

gjekk saman i utbygginga av større fryseri. Frå den tidlegare individualiserte innkjøpinga vart innkjøpinga organisert kring ei større gruppe i form av ulike pelsdyrfôrlag.³⁶⁴

Organisering av innkjøpslag

I forklaringa av den omfattande veksten som prega Klepp kan ein peika på framveksten av eit slikt pelsdyrfôrlag, der Klepp Kjølslag i 1947 vart skipa av ei gruppe pelsdyrbønder i bygda som raskt sette opp eit fryseri som tok inn og leverte råstoff til dei ulike medlemmane.³⁶⁵ I eit jubileumsskrift frå pelsdyrfôrlaget kan ein lesa korleis samskipinga av fôringa betra forholda for desse pelsdyrbøndene under dei vanskelege fôrtilhøva i tidene etter andre verdskrig, som dermed kan syna som ein medverkande årsak for den mindre merkbare nedgangen som prega Klepp i etterkrigstida.³⁶⁶

Etterkvart som minkavlen ekspanderte utover 1950- og 1960-talet minskta tilgangen på råvarer der det følgjeleg oppstod ein utbreia konkurranse mellom dei ulike innkjøpslaga i tileigninga av desse råstoffa.³⁶⁷ Som tiltak vart det lagt eit press frå Norges Pelsdyrslag om breiare samordningar kring pelsdyrfôringa, som mellom anna resulterte i skipinga av Rogaland Pelsdyrfôrlag AL i 1960, som skulle dekkja fôretterspurnaden til store delar av pelsdyrgardane på Jæren. Fabrikken vart lagt til hamneområdet Sirevåg, heilt sør på Jæren, for ein lettast mogleg tilgang på fiskeprodukt.³⁶⁸

Felleskjøkken

Frå organiseringa av pelsdyrfôrlaga vart desse vidare utvikla i form av ulike felleskjøkken, der ein i tillegg til å henta inn råvarene også tok til å framstilla råvarene til pelsdyrfôr på lageret, før det deretter vart sendt ut som ferdige fôrblendingar til medlemmane.³⁶⁹ Rogaland Pelsdyrfôrlag gjekk såleis i gang med produksjon av ferdigfôr frå og med 1962, etterfølgjande av Klepp Kjølslag i 1963.³⁷⁰

³⁶⁴ Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 179.

³⁶⁵ Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024. og *Klepp kjølslag AL 25 år, 1972*.

³⁶⁶ *Klepp kjølslag AL 25 år, 1972*. & Kapittel 2, 44-45.

³⁶⁷ Eidsvåg, *Godt fôr gjør godt* (Rogaland Pelsdyrfôrlag, 2012), 7-8.

³⁶⁸ Jøssang, *Industrieventyret på Jæren* (Oslo: Det Norske Samlaget, 2004), 201-202.

³⁶⁹ Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 180.

³⁷⁰ Eidsvåg, *Godt fôr gjør godt* (Rogaland Pelsdyrfôrlag, 2012), 13-14. & *Klepp kjølslag AL 25 år, 1972*.

Ein av dei som starta opp med minkavl i kjølvatnet av dette var Ingebret som starta opp i 1962.³⁷¹ Ingebret fortel at dei den første veka henta pelsdyrfôr i bøtter frå ein pelsdyrgard på nabogardsbruket, før dei deretter meldte seg inn i og fekk fôrleveransar igjennom Rogaland Pelsdyrfôrlag. Til å byrja med vart denne fôrblandinga køyrt ut i baljar som vart sett langs vegane, noko som særleg vart problematisk i dei verste hetebølgjene.³⁷² For å betra leveransen og kvaliteten på fôret byrja ein etterkvart å ta i bruk fôrtankar utarbeida med utgangspunkt i lortspreiaren «Doffen» frå den kleppbaserte landbruksreiskapsprodusenten Brødr. Moi.³⁷³

Leidulf framhev korleis organiseringa av pelsdyrfôringa i det heile letta arbeidet til pelsdyrbonden som no kunne bruka større delar av tida med sjølve drifta og det daglege stellet av dyra.³⁷⁴ Likevel framhev Ingebret og Leidulf korleis utviklinga førte til at den enkelte produsenten dermed mista oversikta ein tidlegare hadde hatt over kvaliteten på pelsdyrfôret, der det praktiske ferdigfôret likevel bidrog til større usikkerheit som verst tenkeleg kunne resultera i tusenvis av døde minkar, som hende ein gong på 1960-talet.³⁷⁵ Likevel nytta dei aller fleste seg av dette tilbudet, særleg på dei mindre pelsdyrgardane som gjerne fann seg som eit attåt til andre landbruksproduksjonar.³⁷⁶ På dei større pelsdyrgardane løna det seg likevel ofte å halda fram med sjølvprodusert pelsdyrfôr, noko som mellom anna vart gjort på den større pelsdyrgarden til Leidulf.

Ein særeigen fôrtilgang på Jæren?

Informantane og historikaren Lars Gaute Jøssang framhev betydninga pelsdyrnæringa har spelt innanfor både fiske- og landbruksnæringa som avtakar av mellom anna «slakteavfall, blod, skrapfisk og fiskemjøl».³⁷⁷ Som sett førte den stadige ekspansjonen av pelsdyrgardar utover 1950- og 1960-talet til aukande konkurranse i tileigninga av råvarer til pelsdyrfôringa. Likevel kan ein både frå *Stavanger Aftenblad* og *Jærbladet* i høvesvis 1949 og 1969 lesa om svært gode tilgangar på billige råvarer til bruken i pelsdyrfôr, særleg med tanke på fiskeavfall.³⁷⁸ Samtidig

³⁷¹ Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024.

³⁷² Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

³⁷³ Jøssang, *Industrieventyret på Jæren* (Oslo: Det Norske Samlaget, 2004), 202.

³⁷⁴ Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024.

³⁷⁵ Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024., Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024. & Jøssang, *Industrieventyret på Jæren* (Oslo: Det Norske Samlaget, 2004), 202.

³⁷⁶ Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024.

³⁷⁷ Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024., Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024. & Jøssang, *Industrieventyret på Jæren* (Oslo: Det Norske Samlaget, 2004), 202.

³⁷⁸ «Gode vilkår for at rogalendingene kan drive lønnsomt pelsdyr-oppdrett». *Stavanger Aftenblad*. 21.05.1949. <https://www.nb.no/items/607d4a5399145757fe7a00864ecdf4db?page=0> & «Svært god tilførsle av råstoff til

kan ein også tenkja seg at tilgangen på slakteavfall må ha vore særleg god innanfor landbruksfylket Rogaland.

I hovudoppgåva *Den driftige jærbonden i etterkrigstida - myte eller realitet?* frå 2000 viser Anne Jorunn Frøyen til ein veldig vekst i talet husdyr, der Jærbøndene utover etterkrigstida utgjorde ein stadig større del av det totale talet husdyr i Noreg.³⁷⁹ Særleg utover 1950- og 1960-talet kan ein peika på ein veldig ekspansjon i alle dei ulike husdyrtypane som blir grunna i spesialiseringar til bestemte husdyrproduksjonar på dei enkelte gardsbruka.³⁸⁰ Med utgangspunkt i dette kan ein peika på korleis utviklinga i talet husdyr på Jæren følgjeleg bidrog til gode tilgangar på slakteavfall, som dermed i samband med det tilgjengelege fiskeavfallet bidrog til ei særleg oppblomstring av jærsk minkavl utover 1950- og 1960-åra.

Pelseri

På same måte som det gjekk føre seg ei sentralisering i pelsdyrføringa fann ein også utviklingar kring pelsinga av pelsdyra, som også til å byrja med vart utført individuelt på kvar enkel pelsdyrgard.³⁸¹ Likt som føringa oppstod også endringane i pelsearbeidet etterkvart som minkavlen vaks utover 1950- og 1960-talet, der dei veksande strukturane førte til store vanskar i å rekka over pelsearbeidet. Av den grunn vart det fleire stadar skipa pelsesentralar som utførte pelsearbeidet etter bestemte betalningar for kvart dyr.

Frå *Stavanger Aftenblad* blir det i januar 1979 skrive om det industrielle miljøet på Vigrestad, sør på Jæren, der Vigrestad Pelsingssentral vart skipa som følge av den sterke auka av minkgardar i distriktet saman med det aukande behovet for å rasjonalisera pelsinga.³⁸² Bertran viser til korleis det vaks fram fleire pelsesentralar berre innanfor Klepp, med både Håland, Klepp og Jadar Pelsesentral.³⁸³ I *Jærbladet* frå november 1969 kan ein lesa om framveksten av desse jærske pelsesentralane som gjennom sin sesongvise sysselsetting blir omtala å vera ein «ny Jær-industri».³⁸⁴ Artikkelen fortel vidare om Håland pelsesentral i Klepp som då var den

pelsdyrforkjøkkena». *Jærbladet*. 21.03.1969.

<https://www.nb.no/items/2464cd4a42dbd4537dd974cc233fb5d7?page=1>

³⁷⁹ Frøyen, *Den driftige jærbonden i etterkrigstida - myte eller realitet?*, 23.

³⁸⁰ Frøyen, *Den driftige jærbonden i etterkrigstida - myte eller realitet?*, 23 & 32-37.

³⁸¹ Lindstrøm, *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1976* (Oslo: Aktietrykkeriet, 1976), 212.

³⁸² «Industriby i miniatyr». *Stavanger Aftenblad*. 13.01.1979.

<https://www.nb.no/items/a09b0925a0468a16713c0fbc93dc2c2a?page=8>

³⁸³ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

³⁸⁴ «500 000 Rogalandsmink til pelsing i november». *Stavanger Aftenblad*. 08.11.1969.

<https://www.nb.no/items/5e107e855152730cbe268c2c164958bf?page=0>

største pelsesentralen i landet der den med ein dagskapasitet på 4 000 skinn heldt ein mannskapsstyrke på 70 personar over ein periode på kring 4 veker. Bertran arbeidde sjølv ei stund på denne pelsesentralen og fortel at dei i tillegg til jærskje minkar pelsa betydelege mengder minkar frå Ryfylke.³⁸⁵ Etter pelsinga vart jernbanevogner lasta opp med skinnkartongar som vidare vart sendt til dei komande skinnauksjonane i Oslo.

Dermed kom også pelsinga inn i organiserte og sentraliserte former som følgjeleg også førte til avgrensingar kring undersøking og kvalitetssikring av den enkelte produsenten.³⁸⁶ Følgjeleg heldt gjerne dei største pelsdyrgardane fram med pelsinga innanfor pelsdyrgarden der ein mellom anna frå november 1969 kan lesa om pelsdyrbonden Per Vådeland frå Klepp som har investert i eit eige pelsanlegg.³⁸⁷

4.5 Strukturomlegging og spesialisering

Som sett synar Klepp ein særleg tidleg omlegging til mink der minken heldt fram som dominerande pelsdyrtype også utover 1970- og 1980-talet då den tidlegare lønsamheita i minkavlen endra seg.³⁸⁸ Ingebret skildrar dei motgåande tilhøva i næringa utover 1970-talet som elendige tider der «dei fleste bytte vel berre pengar».³⁸⁹ Likevel fann ein fleire pelsdyrbønder i Klepp som heldt fram, der kommunen også utover teljingane i 1979 og 1989 markerte seg både på fylkes- og landsnivå.³⁹⁰

Spesialiserte pelsdyrgardar

Som sett vart nedgangen likevel betydeleg også i Klepp der både teljingane i 1979 og 1989 syna store nedgangar i talet pelsdyrgardar.³⁹¹ Samtidig vart utviklinga på dei attverande pelsdyrgardane prega av aukande strukturar der pelsdyrgardane vaks i storleik.

Som tidlegare diskutert vart den norske pelsdyravlen i hovudsak starta opp anten som eit attåt til andre landbruksproduksjonar eller som hovudnæringa på mindre gardsbruk.³⁹² Også utover

³⁸⁵ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

³⁸⁶ Lindstrøm, *Norges Pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1976* (Oslo: Aktietrykkeriet, 1976), 213.

³⁸⁷ «500 000 Rogalandsmink til pelsing i november». *Stavanger Aftenblad*. 08.11.1969.

<https://www.nb.no/items/5e107e855152730cbe268c2c164958bf?page=0>

³⁸⁸ Kapittel 2, 50-52.

³⁸⁹ Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024.

³⁹⁰ Kapittel 2, 45.

³⁹¹ Kapittel 2, 55-56.

³⁹² Kapittel 3, 63-65.

1960-talet viser Bertran til at dei fleste pelsdyrgardane vart drivne i samband med andre landbruksproduksjonar.³⁹³ Likevel kom dette til å endra seg, særleg utover 1970-talet, der Bertran trekk linjene til den generelle spesialiseringa som gjekk føre seg i landbruket, der ein mellom anna gjekk frå å halda mindre produksjonar av ulike husdyrgrupper til å spesialisera seg og auka produksjonen kring ei bestemt gruppe. Som følge av spesialiseringa vart dermed pelsdyrproduksjonen på dei ulike gardsbruka anten satsa vidare på eller fjerna frå drifta. At spesialiseringa særleg gjorde seg gjeldande på Jæren blir tydeleg framheva av Frøyen som peikar på korleis spesialiseringa på dei jærskke gardsbruka for alvor slo igjennom utover 1960-talet og dei følgjande tiåra mot tusenårsskiftet der det mangfaldige gardsbruket forsvann: «Bøndene spesialiserte seg, og produksjonen auka».³⁹⁴

Ingebret fortel at fleire byrja å stilla seg kritisk til moglege framtider i næringa følgjande dei økonomiske motgangstidene som dermed førte til at fleire avvikla drifta.³⁹⁵ Samtidig fortel han at svært mange var svært medvitne dei økonomiske svingingane som prega næringa, der fleire av dei nyoppstarta pelsdyrbøndene under dei lønsame 1950- og 1960-åra sette opp rimelege og simple minkhus med tankegangen om å bruka minst mogleg pengar for å kunna henta ut størst mogleg økonomiske gevinstar så lenge produksjonen løna seg. Dei var dermed svært førebudde på å avvikla drifta så snart konjunkturane endra seg utover 1970-talet.

Til tross for dette fann ein samtidig fleire pelsdyrbønder med langsiktige perspektiv på produksjonen, der fleire av desse også utover 1970-talet heldt fram og utvikla pelsdyrproduksjonen på kostnad av andre landbruksproduksjonar. Sjølv fortel Ingebret korleis han, frå å driva pelsdyrgarden i samband med produksjonar som mjølkekyr og slaktegris, etter kvart slutta av med fleire av dei mest arbeidskrevjande landbruksproduksjonane, og spesialiserte seg kring pelsdyravl. Produksjonen gjekk dermed frå ei stilling som attåtning til å i aukande grad nytta som hovudnæringa på garden.

4.6 Klepp som særskild pelsdyrbygd

At mange valte å halda fram med pelsdyravl til tross for dei motgåande tidene i næringa kan synast vanskeleg å forstå, særleg ettersom dei attverande pelsdyrbøndene gjerne spesialiserte seg kring denne uvisse pelsdyrdrifta og dermed mista den økonomiske tryggheta ein hadde hatt

³⁹³ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

³⁹⁴ Frøyen, *Den driftige jærbonden i etterkrigstida - myte eller realitet?*, 32-33.

³⁹⁵ Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024.

i kombinasjonen av ulike landbruksproduksjonar. Med andre ord må ein kunna peika på særlege forhold som har lege til grunn i forklaringa av dei pelsdyrbøndene som valte å fortsetta drifta. Ettersom Klepp heldt fram som eit betydeleg pelsdyrområde må ein vidare peika på særlege forhold som skilte dette geografiske området frå andre.

Fagleg interesse

Sjølv framhev Ingebret den faglege interessa som hovudgrunnen for kvifor han valte å halda fram og spesialisera seg kring pelsdyravl, og fortel følgjande: «du kunne sjå resultat og framgang og alt, for kvart år. Det var jo kort i frå du para dei til du selte skinnet og du skulle ha kunnskapar om dette her. Det var interessa som gjorde det».³⁹⁶ Den faglege interessa er noko som skin igjennom alle informantane der også Bertran og Leidulf peikar på den særskilde interessa og trivselen dei fann i drifta av desse spesielle husdyra.³⁹⁷

At ei interesse i arbeidet var særleg viktig blir mellom anna framheva i ein artikkel i *Stavanger Aftenblad* frå juni 1959 som uttrykkar at «Det fylgjer interesse med mink heile året».³⁹⁸ Bertran og Ingebret teiknar i samband med dette ei skiljelinje mellom pelsdyrbøndene som raskt tileigna seg interesse og engasjement i produksjonen framfor dei som vanskelegare fann nokon djupare fagleg interesse i arbeidet.³⁹⁹ Til dette peikar dei på korleis mange, særleg på 1960-talet, tok til med pelsdyravl som følgje av spenninga rundt dei moglege høge økonomiske gevinstane, som for dei fleste nemleg vart «ei kjærkomen og god gruve».⁴⁰⁰ Som sett var næringa likevel prega av store økonomiske svingingar, der skiljet mellom dei interesserte og dei mindre interesserte pelsdyrbøndene vart heilt avgjerande for kven som valte å halda fram, også under motgangstider. Dette kom mellom anna tydeleg til uttrykk på garden Gruda der Ingebret viser til korleis nedgangstidene utover 1970-talet førte til at fleire av dei svært mange pelsdyrbøndene som hadde starta opp på 1950- 1960-talet avvikla produksjonen.

At den faglege interessa var særleg sentral i pelsdyravlen samanlikna med andre produksjonar viser Bertran og Ingebret til gjennom samspelet mellom ei høg fagleg interesse og dei dermed tileigna kunnskapane som var nødvendige for å oppnå høgast mogleg kvalitet, og dermed ein

³⁹⁶ Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024.

³⁹⁷ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024. & Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024.

³⁹⁸ «Breiflabb og skate vert beinhard valuta på Jæren». *Stavanger Aftenblad*. 18.06.1959. <https://www.nb.no/items/357ddc00d480c3b5eb6513f42295318c?page=0>

³⁹⁹ Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024. & Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

⁴⁰⁰ Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024. & Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

best mogleg betalt pelsskinnpris. Gjennom desse sambanda tileigna ein seg eit best mogleg økonomisk utgangspunkt, som særleg vart sentralt for kunna halda ved like produksjonen sjølv under økonomiske nedgangstider. Dette mønsteret finn ein også att i fleire avisartiklar der ein mellom anna i *Stavanger Aftenblad* frå mai 1949 kan lesa korleis nedgangstidene i etterkrigstida og den følgjande avviklinga på mange pelsdyrgardar likevel har fungert stimulerande for næringa ettersom «Det er de flinkeste og beste oppdretterne som står igjen, det er de som har holdt og som vil holde kvaliteten best oppe».⁴⁰¹

Samtidig kan ein tenkja seg korleis den etterkvart framveksande pelsdyrmotstanden kan ha vore ein avgjerande faktor for avviklinga av fleire pelsdyrgardar der den kraftige motstanden etterkvart overgjekk den faglege interessa ein fann i pelsdyravl.⁴⁰²

Fagleg pelsdyrmiljø

At fleire innanfor eit bestemt område tileigna seg særleg interesse for pelsdyravl må vidare ha ført til at området opparbeida seg eit sterkt miljø for pelsdyravl. Såleis kan ein peika på Klepp som eit slikt særskild område der særleg mange dyktige og interesserte pelsdyravlarar danna grunnlaget for vidare ekspansjon. Det omfattande pelsdyrmiljøet i Rogaland generelt og særskild på Jæren med sentrum i Klepp er noko som blir framheva av alle informantane, der Bertran viser til korleis dette bidrog til å oppretthalda og auka interessa innanfor næringa.⁴⁰³ Klepp skil seg særleg ut gjennom fleire ulike kjerneområde for pelsdyravl som var å finna innanfor kommunen der Bertran viser til at det på garden Skas ei stund vart drive pelsdyravl på 6 ulike gardsbruk.⁴⁰⁴ Ingebret peikar på eit særskild pelsdyrfellesskap mellom gardsbruka på Gruda der han fortel at «du hadde farmar tett innpå deg og du hadde kollegaer til å diskutera med og snakka med».⁴⁰⁵ Dette tette fellesskapet bidrog til kunnskaps- og interesseutveksling der det også vart gjennomført fellesvisningar mellom dei ulike pelsdyrgardane på Gruda, der ein innbyrdes diskuterte og konkurrerte om dei beste minkane. Ingebret peikar på ein smitteeffekt som forklaring på framveksten av desse tette kjerneområda, der han også framhev denne spreinga som forklaringa på at han sjølv tok til med pelsdyravl.

⁴⁰¹ «Gode vilkår for at rogalendingene kan drive lønnsomt pelsdyr-oppdrett». *Stavanger Aftenblad*. 21.05.1949. <https://www.nb.no/items/607d4a5399145757fe7a00864ecdf4db?page=0>

⁴⁰² Denne refleksjonen ligg likevel utanfor problemstillinga mi og vil her ikkje bli diskutert vidare.

⁴⁰³ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024., Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024. & Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024

⁴⁰⁴ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

⁴⁰⁵ Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024.

Også Bertran trekk fram hjelpa og støtte frå omkringliggande pelsdyrbønder som viktige årsaker for oppstarten med minkavl på gardsbruket hans på byrjinga av 1960-talet. Viktigheita av eit utbreia miljøet med tanke på pelsdyravl finn ein mellom anna att i ein artikkel frå *Aftenposten* som i september 1969 fortel om ein minkavlarar nord i Finmark.⁴⁰⁶ Sjølv framhev han interessa han har i arbeidet, men viser likevel til utfordringar som klart blir uttrykka med saknet etter eit breiare pelsdyrmiljø med fleire omkringliggande kollegaer.

Samtidig må det ha lege ulike føresetnadar til grunn for at dei faglege miljø kom til. Bertran og Leidulf framhev særleg den sentrale rolla som dei tidlege «dyktige og markante personane» spelte der dei gjennom eit nybrottsarbeid fungerte som sentrale pionerar for den vidare ekspansjonen.⁴⁰⁷ Som sett var mellom anna Odd Storhaug frå Klepp ein slik sentral person der han gjennom spreinga av kunnskapar og opplysning bidrog til framveksten av minkavlen på Jæren og i Rogaland.

Samtidig ser ein korleis eit aktivt lokallag gjennom Rogaland Pelsdyrslag bidrog med eit sentralt opplysningsarbeid der ein i *Stavanger Aftenblad* finn fleire ulike meldingar om gjennomføringa av ulike typar kurs og orienteringsmøte kring forhold som føring, pelsing og sortering, som ofte i etterkant meldar om høge tilslutningar og stor interesse.⁴⁰⁸ Ein finn også artiklar om korleis lokallaget bidreg med utdanningsstipend på ulike jordbrukskular for å auka den faglege utdanninga innan pelsdyravl med føremåla om å spreia kunnskapen og interessa for denne produksjonen.⁴⁰⁹ I tillegg kan ein lesa om betydninga av sentrale figurar innanfor Norges Pelsdyrslag, særleg sjefinspektør Rochmann, som blir fortalt å ha vore sentral i opplysninga og utviklinga av minkavlen i Rogaland.⁴¹⁰

⁴⁰⁶ «Verdens nordligste minkfarm i Mehavn». *Aftenposten*. 25.09.1969.

<https://www.nb.no/items/c7d1da7f8d96f5614d49f77112f57bef?page=12>

⁴⁰⁷ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024. & Leidulf Storhaug i intervju, 16.1.2024.

⁴⁰⁸ «Rogaland Pelsdyrførlag A/L». *Stavanger Aftenblad*. 10.10.1969.

<https://www.nb.no/items/3aa7b0106af5f99972f7cd0254320079?page=22>, «Mykje mink blir for tidleg pelsa». *Stavanger Aftenblad*. 13.10.1969. <https://www.nb.no/items/d4771aa12661b6d797eec1905dfa5a33?page=8>, & «Kurs i skinn-sortering». *Stavanger Aftenblad*. 24.01.1969.

<https://www.nb.no/items/6b2186ed6b8a9f05e475ad6fe5552480?page=4>

⁴⁰⁹ «Rogaland Pelsdyrslag gir utdanningsstipend». *Stavanger Aftenblad*. 02.01.1969.

<https://www.nb.no/items/73b4277e56649e6cd36f5eb15d57ff5e?page=3>

⁴¹⁰ «Interessa for mink-alet aukande». *Stavanger Aftenblad*. 27.02.1959.

<https://www.nb.no/items/49f701cf034f137ab9d49714fa4a4556?page=3>

I tillegg trekk Bertran fram dei tidlegare nemnte sentrale institusjonane i form av pelseri og pelsdyrfôrlag som sentrale bidrag for framveksten av særskild mange pelsdyrbønder, samtidig som dei også bidrog til å oppretthalda det etablerte pelsdyrmiljøet.⁴¹¹ Institusjonane bidrog også med å avlasta noko av arbeidet frå pelsdyrbøndene som dermed mogleggjorde at større tal pelsdyrbønder kunne tileigna seg den nødvendige interessa og kunnskapen for å driva produksjonen over tid.

Til slutt trekk også Ingebret fram betydninga av dei lokale livdyrutstillingane som bidrog til å oppretthalda pelsdyrmiljøa gjennom å vera ein viktig arena for kunnskapsutveksling, i tillegg til sal og byting av livdyr.⁴¹² Pelsdyrutstillingar opptok rogalendingane tidleg der det første revesjået i Rogaland vart gjennomført allereie hausten 1930 etter at Rogaland Pelsdyralslag i samråd med Rogaland Landbruksselskap hadde sett opp ein flunkande ny utstillingshall retta til pelsdyrdømming på utstillingsplassen i Hillevåg. Revesjåa vart frå og med hausten 1937 vidare utvida til å også gå føre seg på Moi og i Haugesund. Først frå hausten 1947 tok ein til med minksjå i Stavanger og Haugesund.

Frå den breia pressedekkinga av desse utstillingane er det interessant å merka seg resultatlistene som synar gjennomgåande høge plasseringar av jærskje pelsdyrbønder, særleg frå Klepp, frå både utstillingar i Hillevåg, Moi, Haugesund og også i Lyngdal i Vest-Agder.⁴¹³ Utover 1960-talet vart det også gjennomført utstillingar på Jæren der Bertran viser til korleis utstillingane på Orre i Klepp vart eit sentralt bidrag for det lokale pelsdyrmiljøet.⁴¹⁴ Frå presseomtaler i 1969 kan ein lesa om dei populære utstillingane på Orre som finn seg «midt i minkdistriktet», der årets eksepsjonelle påmelding har ført til avgrensingar på utstilte pelsdyr.⁴¹⁵ Resultatlistene er

⁴¹¹ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

⁴¹² Ingebret Hodne i intervju, 12.1.2024. & «Gode prisar for toppdyra under minksjået på Orre». *Stavanger Aftenblad*. 01.12.1969. <https://www.nb.no/items/9f27a8bf96db28bde27a1b8f263939c9?page=11>

⁴¹³ «Bra dyr på minksjået». *Stavanger Aftenblad*. 29.11.1949.

<https://www.nb.no/items/9f88a372ec3968fb6c20a899d08a22ad?page=6>, «Standardminken imponerte mest på Hillevåg-sjået». *Stavanger Aftenblad*. 27.11.1959.

<https://www.nb.no/items/d875d729a8fe2969226ad876d67fffb8?page=6>, «Minksjået i Haugesund». *Stavanger Aftenblad*. 03.12.1959. <https://www.nb.no/items/b713ae62ea7455c80033dd3eb9a5ad15?page=7>, «Begge vandreokalene til Per Vådeland på Moi-sjået». *Stavanger Aftenblad*. 02.12.1959.

<https://www.nb.no/items/d187794485283a71c7bff88b846d345c?page=9>, «Minksjået i Lyngdal». *Stavanger Aftenblad*. 03.12.1959. <https://www.nb.no/items/b713ae62ea7455c80033dd3eb9a5ad15?page=0>, «Bra pelskvalitet på Moi, men fargane sviktar ofte». *Stavanger Aftenblad*. 02.12.1969.

<https://www.nb.no/items/20f131a002490b430bb8c9f332b85ce0?page=10> & «Kaldt minksjå i Hillevåg». *Stavanger Aftenblad*. 04.12.1969. <https://www.nb.no/items/624b270b37b80d807a00eb1e44171b3a?page=31>

⁴¹⁴ Bertran Trane Skadsem i intervju, 03.1.2024.

⁴¹⁵ «Den beste minkutstillinga som har vore i Stavanger». *Stavanger Aftenblad*. 27.11.1969.

<https://www.nb.no/items/2f60adde3fa5be341005bce319a5ab33?page=18>

i all hovudsak dominert av pelsdyrbønder frå Klepp kommune der kvalitetane under den eine utstillingsdagen blir fortalt å vera særskild høge der domaren «ikkje kunne hugsa han hadde dømt noko betre».⁴¹⁶ I det heile kan ein sjå at dei jærskje pelsdyra, som særleg var frå pelsdyrgardar i Klepp, var prega av høge kvalitetar som i stor grad hang saman med det breie pelsdyrmiljøet og dei mange interesserte og dyktige pelsdyrbøndene som var å finna der.

Med dette kan ein peika på korleis dei økonomiske og sysselsettande bidraga frå pelsdyravlen gjorde at næringa greip om seg i Klepp der tidleg medvitne og sentrale føregangspersonar bidrog til å etablere eit særskild fagleg pelsdyrmiljø som igjen førte til vidare spreing av pelsdyravl frå gardsbruk til gardsbruk. At pelsdyravlen tidleg etablerte seg i området vart av avgjerande betydning for at fleire pelsdyrbønder i Klepp heldt fram også utover dei motgåande tidene på 1970- og 1980-talet.

⁴¹⁶ «Svært god farge på kvit og gråblå mink på Orre I-sjået». *Stavanger Aftenblad*. 28.11.1969. <https://www.nb.no/items/2dccef7161d7ba4e26d44c0bac848e7b?page=0>, «Heile 22 bord mørk mink vart synt på Orre II-sjået». *Stavanger Aftenblad*. 08.12.1969. <https://www.nb.no/items/ff0093d8af3976af3fc4a4dae7253f94?page=0>

5. Kapittel 4 – Ulike framstillingar av pelsdyravlen

I det følgjande kapittelet vil eg med utgangspunkt i avisartiklar undersøka den tidvise framstillinga av den norske pelsdyrnæringa og peika på korleis desse framstillingane kan ha påverka utviklinga i næringa frå byrjinga på 1910-talet til slutten av 1980-talet. Det gjennomgåande fokuspunktet vil vera å undersøka korleis framstillingane synar att ei gradvis framveksande og etablerande næring.

5.1 Kjelder og framgangsmåte

Avisartiklar har allereie fungert som eit støttande kjeldemateriale i alle dei føregåande kapitla gjennom bidraga av faktainformasjon. Grunna den breie pressedekkinga kring pelsdyrnæringa, som påpeika av Tveite⁴¹⁷, vil det følgjande kapittelet fokusera på eit utval avisartiklar frå *Aftenbladet* og *Stavanger Aftenblad* som gjennom tidene har omtala den norske pelsdyrnæringa.

I tillegg til bidraget med faktainformasjon viser samtidig Knudson til den historiske rolla avisene har spelt som brikker i den historiske utviklinga, der kjeldematerialet følgjeleg kan gje interessante perspektiv også på utviklinga innanfor den norske pelsdyrnæringa.⁴¹⁸ Knudson viser til denne forståinga som særleg interessant med tanke på den historiefaglege problematikken kring truverdet av kjelda, ettersom undersøkinga av den bestemte teksten uansett er noko lesarane har måtta halda seg til og teke eit standpunkt til. Med dette ser ein korleis denne alternative framgangsmåten og bruken av avisartiklar baserer seg på bruken av kjelda som ei leivning, snarare enn som ei beretning, ettersom ein særleg fokuserer på materialet som ein del av fortida.⁴¹⁹

Grunngjevinga av denne undersøkinga bind eg saman med det historiefaglege arbeidet der ein med utgangspunkt i pelsdyrnæringa gjerne ynskjer å ikkje berre løfta fram perspektivet frå sjølve næringa, men også korleis folk flest, den norske offentlegheita, har forstått og omtala den. I tillegg ser ein korleis undersøkinga langs dei lange linjene med blikket til den offentlege forståinga legg seg tett opp mot problemstillinga som dermed rundar det heile av på ein fin måte.

⁴¹⁷ Tveite, *Pyramidespill som attåtnæring*, 82.

⁴¹⁸ Knudson, «Late to the feast: Newspapers as historical sources».

⁴¹⁹ Andresen m.fl., *Å gripe fortida* (Oslo: Det norske samlaget, 2017), 68-69.

Med utgangspunkt i dette vil det følgjande kjeldegrunnlaget basera seg på eit utval avisartiklar frå dei to norske avisene *Aftenposten* og *Stavanger Aftenblad*.⁴²⁰ Eg veljar å avgrensa meg til desse to avisene for å i høgast mogleg grad leggja meg inntil problemstillinga i tillegg til å hindra ei for omfattande undersøking. Dei to avisene kjem med ulike geografiske utgangspunkt og vil dermed bidra med fruktbare perspektiv kring det offentlege synet på pelsdyrnæringa. Grunna den særlege dekkinga av næringa og det vide tidsperspektivet vil eg vidare avgrensa meg gjennom eit utval mindre tidsperiodar. Eg vil også avgrensa meg med tanke på innhald der eg inkluderer artiklar som i størst mogleg grad kan ha spelt inn på dei ulike utviklingane i næringa.

Avisartiklane er henta frå nettbiblioteket til Nasjonalbiblioteket.⁴²¹ I den store samlinga av avisar frå både *Aftenposten* og *Stavanger Aftenblad* nytta eg søkemotoren for å sila ut dei avisene som omtalar pelsdyrnæringa. Av søkeord tilknytt pelsdyrnæringa nytta eg «pelsdyr», «sølvræv», «sylvrev», «sølvrev», «ræv», «platinarev», «blårev», «mink» og «Rogaland Pelsdyrslag». Til å byrja med på 1910-talet er tilfanget av aktuelle artiklar avgrensa, der det gradvis utvidar seg utover 1920-talet følgjande organiseringa og etableringa av næringa. Med dette vil undersøkinga av 1910-talet inkludera artiklar over større delar av perioden, samtidig som dei seinare periodane avgrensar seg til artiklar frå slutten av kvart tiår. Avgrensinga vart valt for å knyta framstillingane nærmast mogleg kartlegginga frå kapittel 2. Som følge av denne tidsavgrensinga vil ein heller ikkje her undersøka dei særskilde framstillingane som prega næringa under krigs- og okkupasjonstida. Dermed vil dei følgjande artiklane berre utgjera eit lite utval av det enorme tilfanget som er å finna kring omtalar av pelsdyrnæringa i avisene.

5.2 Fase 1 – Etableringsfase

Denne første fasen ser eg på som ei etableringsfase ettersom den finn seg frå byrjinga av den norske pelsdyravlen og framover til slutten av 1930-talet der næringa i stor grad hadde vorte etablert med tanke på den vidare utviklinga. I denne første fasen finn ein for kvar tidsperiode ulike framstillingar som kan plasserast innanfor ulike kategoriar kring utviklinga av pelsdyrnæringa.

1910-talet

Utanlandsk innverknad

⁴²⁰ For nærmare informasjon om avisene sjå Innleiingskapittel, 9.

⁴²¹ <https://www.nb.no/search>

Som sett kunne ein i tidene før byrjinga av norsk pelsdyravl lesa om utanlandske forsøk med pelsdyravl i avisene.⁴²² Kring 1912 og 1913 blir det i *Aftenposten* mellom anna skriva om vellykka russiske eksperimenteringar med avl av pelsdyr som blårev og sobel, som i samband med dei høge verdiane innan den internasjonale pelshandelen blir løfta fram som ein ny og verdifull næringsveg.⁴²³ Ved sida av dei russiske eksperimenta blir det også skriva fleire artiklar om den etterkvart betydelege canadiske sølvrevavlen med skildringar av lukrative gevinstar frå både livdyr- og skinnsal.⁴²⁴ I forlenginga av dette blir det også skriva artiklar som omtalar dei gode føresetnadane for oppstart med ein liknande pelsdyravl i Noreg.⁴²⁵ At den offentlege omtalen kan ha bidrege til den verkelege oppstarten med norsk pelsdyravl kan ein mellom anna finne att i ei salsannonse som i salet av ei øy framhev øya å vera eigna «som Opdrætssted for Pelsdyr».⁴²⁶

Regional ulikskap

Til tross for dei optimistiske framstillingane i *Aftenposten* er det eit anna ordskifte som pregar *Stavanger Aftenblad* der ein kan lesa overskrifter som «Mikkel ræv som hønsetyv», med forståinga kring pelsdyra, fyrst og fremst som viltlevande rovdyr, som forsyner seg av dei uskuldige husdyra.⁴²⁷ Dermed er det hovudsakleg diskusjonar kring jakta og tilhøyrande skotpremie av desse rovdyra som pregar desse artiklane.⁴²⁸ Ein finn likevel artiklar omhandlande pelsdyravl med tanke på verksemda til pioneren Godtfred Fuglestad.⁴²⁹ Likevel blir dette berre omtala som ein kuriositet som på ingen måtar blir framstilt som ein ny næringsveg for bøndene i Rogaland. Ein kan med andre ord peika på regionale ulikskapar kring

⁴²² Kapittel 1, 27.

⁴²³ «De kostbare pelsdyrs bevarelse.». *Aftenposten*. 04.08.1912.

<https://www.nb.no/items/0068374ac38c8f2128a96c20032289fd?page=1> & O.B., «Pelsvarer – dyrebeskyttelse.». *Aftenposten*. 04.05.1913.

<https://www.nb.no/items/6de9a8de2b1070f0778df6b7c3c7734d?page=3>

⁴²⁴ «Hvidræv-avl.». *Aftenposten*. 25.08.1912.

<https://www.nb.no/items/5b37c324ca1f719d7754a7be6176398f?page=1> & «Opdræt af ræv.». *Aftenposten*. 04.10.1913. <https://www.nb.no/items/50901aaed6df291225f535b735033a9a?page=1>

⁴²⁵ «Professor Collett om ræve-avl i Norge.». *Aftenposten*. 30.08.1912.

<https://www.nb.no/items/dc7f9856c2571294f727ad715da776e2?page=0>

⁴²⁶ J.M. Nielsen, «Øen Mølen». *Aftenposten*. 19.09.1912.

<https://www.nb.no/items/4cfbb680114433ce49bcb0c53d2ce1d?page=5>

⁴²⁷ «Mikkel ræv som hønsetyv». *Stavanger Aftenblad*. 28.06.1917.

<https://www.nb.no/items/b695744a17ec606ff586e8331047da63?page=3>

⁴²⁸ M. Ø., «Rævepræmien bør forhøies». *Stavanger Aftenblad*. 31.10.1916.

<https://www.nb.no/items/58f3e8bd3fbc089ba0a6891f586b35d5?page=5> & J.K.H., «En landsrekord». *Stavanger Aftenblad*. 18.08.1919. <https://www.nb.no/items/2a705999da5dc1281fe47a7c69e72351?page=5>

⁴²⁹ «Ræven som husdyr». *Stavanger Aftenblad*. 12.07.1918.

<https://www.nb.no/items/d7ac3d92039b1567d60c72ad6df4f89c?page=5>

forståinga av pelsdyret, der rogalendingen, grunna den omfattande rovdyrproblematikken, vanskeleg ser føre seg nokon verdi i eit oppdrett av desse pelsdyra. Med bakgrunn i undersøkingane frå kapittel 2 kan ein sjå på rovdyrproblematikken og forsterkinga av dette i avisene som medverkande årsak til at rogalendingane ikkje tok til med pelsdyravl før utover slutten av 1920-talet.⁴³⁰

1925-1929

Organisering og byrjande etablering

Frå oppløftinga av den utanlandske pelsdyravlen på 1910-talet byrjar Noreg allereie mot andre halvdel av 1920-talet å å tre fram som ein sjølvstendig pelsdyrnasjon, gjennom organiseringa av næringa og etableringa av ein norsk pelsskinnekspport.⁴³¹ Den byrjande etableringa synar seg dermed att i avisene der *Aftenposten* mellom anna meldar at «Der kommer nu flere penger inn ved reveavlen enn der går ut».⁴³² At pelsdyrnæringa byrjar å etablere seg kjem særleg til uttrykk gjennom samanlikningane med andre konkurrerande pelsskinnpoduserande land, og oppløftinga av den leiande norske stillinga på den europeiske marknaden.⁴³³ Den norske hevdinga syner seg også att i omtalane av den første norske sølvrevutstillinga i 1928 som blir omtala å vera «Europas største sølvrevutstilling».⁴³⁴ Som sett vart utstillinga ein suksess med store publikumsmassar som særleg bidrog til aukande offentleg merksemd for den framveksande norske pelsdyravlen, noko ein også finn att i ein auka presseomtale.⁴³⁵

Dyreplageri i næringa

Nettopp med utgangspunkt i sølvrevutstillinga forsøker politimeister Søhr, til tross for dei «mange avisartikler» som har «vakt en betydelig og berettiget oppmerksomhet for sølvrevavlen og dens økonomiske betydning», å opplysa om dyreplageriet som pregar avlivingsmetoden av desse revane.⁴³⁶ Til dette hevdar han at pelsdyrbøndene nyttar ein metode som baserer seg på å

⁴³⁰ Kapittel 2. 42.

⁴³¹ Kapittel 1, 28-31.

⁴³² «Sølvrevskinn for over 1 million kroner i år.». *Aftenposten*. 19.12.1928.

<https://www.nb.no/items/6685b12ec282106d3a22882c835cdb67?page=1>

⁴³³ «Kan Norge avløse Kanadas eksport av sølvrev til de andre europeiske land?». *Aftenposten*. 19.07.1928.

<https://www.nb.no/items/804d7c2da5e4629e046981143c12ea60?page=3> & «Sølvrev-avlen. Norge det

ledende land i Europa.». *Aftenposten*. 13.09.1928.

<https://www.nb.no/items/d6d60488249737432227148314f5c46?page=1>

⁴³⁴ «Europas største sølvrevutstilling åpnes i Oslo 27. november.». *Aftenposten*. 10.10.1928.

<https://www.nb.no/items/a3b663c71f53ee8dfde73443b53eb675?page=0>

⁴³⁵ Kapittel 1, 29-30.

⁴³⁶ Søhr, «Sølvreven. Barbarisk avlivningsmåte.». *Aftenposten*. 13.12.1928.

<https://www.nb.no/items/96bd155af273a245b4fe062939aeb110?page=1>

knusa hjarta til revane for å dermed hindra eventuelle skadar på pelsen. Dette fører til ein omfattande meiningsutveksling mellom kritiseringar av utanforståande personar og forsvar frå personar knytt til næringa som nektar for gjennomføringa av slike praksisar på dei norske pelsdyrgardane.⁴³⁷ Sett bort frå den faktiske sanninga ser ein korleis sølvrevavlen uansett hadde gripe merksemda til også utanforståande personar utan direkte koplingar til næringa. Det er også interessant å merka seg korleis dyrevernematikken kring avlivinga uttrykkar eit frampeik til dyrevernmerksemda som særleg slo seg inn i pelsdyrnæringa utover 1980-talet.⁴³⁸

Utbreia skepsis

Ved sida av dyrevernskepsisen skin også tvidydigheita fram i fleire andre omtalar kring den framveksande sølvrevavlen. Til tross for dei oppløftande perspektiva i artikkelen «Kan Norge avløse Kanadas eksport av sølvrev til de andre europeiske land?» blir likevel den kraftige utviklinga omtalt å ha «gått så altfor fort», særleg i Møre-områda der utviklinga blir karakterisert å ha likna på «en epidemi».⁴³⁹ Der ein tidlegare berre løfta fram dei høge gevinstane kan ein no også lesa om dei triste skjebnane til fleire av dei håpefulle nordmennene som tok til med pelsdyravl, der det dermed blir konkludert med følgjande for framtidens pelsdyrbønder: «Det er å håpe, at de ikke må bli skuffet, men der er all grunn til å frykte for det».⁴⁴⁰

Framleis kan ein også spora ein sterk skepsis i Rogaland der *Stavanger Aftenblad* i november 1925 kjem med katastrofale spådommar for framtida etterkvart som produksjonen i pelsdyravlen sluttar å basera seg på livdyrsalet til fordel for det mindre lukrative pelsskinnet.⁴⁴¹ Av dei til no innsendte reveskinna frå fylket blir det vist til elendige kvalitetar der det følgjeleg blir konkludert med at «der paa det sterkeste advares mot kritikløst at gaa igang med en saa kostbar og risikabel forretning som ræveavl».⁴⁴²

⁴³⁷ Frøen, «Rev-slagtningen. – Slutt med dyreplagningen!». *Aftenposten*. 17.12.1928. <https://www.nb.no/items/57160c873e60a14772310453c19b14e8?page=1> & Knutson, «Rev-slaktningen». *Aftenposten*. 17.12.1928. <https://www.nb.no/items/57160c873e60a14772310453c19b14e8?page=5>

⁴³⁸ Kapittel 4, 91-92.

⁴³⁹ «Kan Norge avløse Kanadas eksport av sølvrev til de andre europeiske land?». *Aftenposten*. 19.07.1928. <https://www.nb.no/items/804d7c2da5e4629e046981143c12ea60?page=3>

⁴⁴⁰ «Kan Norge avløse Kanadas eksport av sølvrev til de andre europeiske land?». *Aftenposten*. 19.07.1928. <https://www.nb.no/items/804d7c2da5e4629e046981143c12ea60?page=3>

⁴⁴¹ «Ræve-farmingen er baade kostbar og risikabel.». *Stavanger Aftenblad*. 16.11.1925. <https://www.nb.no/items/a82e51e2f953089171f1620e88290ed6?page=0>

⁴⁴² «Ræve-farmingen er baade kostbar og risikabel.». *Stavanger Aftenblad*. 16.11.1925. <https://www.nb.no/items/a82e51e2f953089171f1620e88290ed6?page=0>

Som sett spreidde likevel revefeberer seg også til Rogaland frå og med 1927.⁴⁴³ Likevel kan ein i samband med desse framveksande pelsdyrgardane lesa omtalar som åtvarar mot «den unaturlig sterke vekst som reveavlen enkelte steder har fått», der dei mange låneuttaka og pantsettingane blir samanlikna med «den store jobbetid for 10 år siden», som ein også finn att frå samtalen mellom ein distriktslege og ein nyoppstarta reveavlarar i Bjerkreim: «Var du med og jobbet i krigstiden? Han svarte nei. Så klappet jeg ham på skulderen og sa: Nu er det din tur!».⁴⁴⁴ Den same artikkelen fortel vidare om pioneren Godtfred Fuglestad som stiller seg svært skeptisk til den enorme ekspansjonen i sølvrevavlen der han spår at «Det blir overproduksjon, moden snur sig, og skinnene blir mer eller mindre verdiløse», der også artikkelen konkluderer på følgjande måte: «Hvorledes risikoen blir den dag ekspansjonen er slutt og markedet bryter sammen, kan enhver forestille sig med efterkrigs-erfaringene i friskt minne».⁴⁴⁵

Den utbreia skepsisen, som særleg kjem til uttrykk i *Stavanger Aftenblad*, må ein forstå som eit bilete på den manglande etablering i næringa som vanskeleg blir sett på som ei levedyktig næring. Som sett tok likevel fleire utover slutten av 1920-talet til med reveavl, også i Rogaland, der dei mange oppløftande omtalane av den meir og meir leiande internasjonale stillinga til den norske pelsdyravlen kan ha bidrege til ein auka tilslutnad i næringa.

1939

Platinarevavlen som høgdepunkt

Som sett markerer store delar av 1930-talet eit særskild kapittel i den internasjonale pelsdyravlen gjennom introduseringa av mutasjonsavlen, som først tok til med den norskavla platinareven.⁴⁴⁶ Den enorme suksessen kring denne nye revetypen markerte eit eventyr innanfor den norske pelsdyravlen som løfta Noreg fram som eit sentrum i pelsverda mot slutten av 1930-talet.⁴⁴⁷ Dette syner seg også att i dei samtidige avisartiklane med oppløftinga av dette heilnorske produktet, der ein kan lesa om Kronprins Olav og «kronprinsessen, i nydelig sort skinnbesetning» som omtalar platinarevavlen som «eventyret i norsk pelsdyravl» i anledning

⁴⁴³ Kapittel 1, 32.

⁴⁴⁴ Bj. H., «Sølvrev og gullfeber.». *Stavanger Aftenblad*. 26.11.1927.
<https://www.nb.no/items/a6f97b5fd5ca18f23b7506eee0ff7fa5?page=5>

⁴⁴⁵ Bj. H., «Sølvrev og gullfeber.». *Stavanger Aftenblad*. 26.11.1927.
<https://www.nb.no/items/a6f97b5fd5ca18f23b7506eee0ff7fa5?page=5>

⁴⁴⁶ Kapittel 2, 47.

⁴⁴⁷ Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 39.

opninga av den første platinarevutstillinga i verda.⁴⁴⁸ I samband med platinarevuststillinga blir no den norske pelsdyravlen omtala som «en av våre største eksportnæringer» der ein tydeleg ser korleis omtalane av den suksessrike platinareven bidrog med å framheva verdiane i den norske pelsdyravlen.⁴⁴⁹ Den verdifulle eksporten i næringa er no vorte eit gjennomgåande tema i avisene og ein får eit tydeleg inntrykk av at pelsdyravlen for alvor har etablert seg som ei betydeleg eksportnæring.⁴⁵⁰

Pelsdyravl som landbruksnæring

Eit anna bilete på den etablerte næringa finn ein i forståinga av pelsdyrnæringa som ein betydeleg produksjon innanfor det norske landbruket der den har bidrege til å oppretthalda drifta på fleire mindre norske gardsbruk og i tillegg «gitt dem en økonomisk basis for fremtiden».⁴⁵¹ Ein finn dermed ei ny vinkling i omtalen av pelsdyrnæringa som særleg framhev fordelane ved å leggja pelsdyravlen inn som ein del av gardsdrifta.

Krigsutbrotet

På tross av biletet om ei etablert næring oppstår det eit raskt brot i denne framstillinga følgjande krigsutbrotet i september 1939 der ein i *Aftenposten* kan lesa at «For pelsdyravlen kan krigen som er brutt ut få slemme følger».⁴⁵² Likevel ser ein korleis dei etablerte rammene fungerer tryggande ettersom pelsdyrorganisasjonen bidreg til å halda nede dei verste kriseomtalaner gjennom meldingar om gode moglegheiter for alternative markadar i Nord- og Sør-Amerika.⁴⁵³ I tillegg påpeikar ein viktigheita av å kutta ned besetningstalet i form av ein elitebesetning for å dermed rusta seg best mogleg etterkvart som tidene endrar seg til det betre: «Og den dag kommer».⁴⁵⁴ Med andre ord hindrar den organiserte norske pelsdyrnæringa

⁴⁴⁸ «Platina-eventyret på Skansen.» *Aftenposten*. 10.11.1939.

<https://www.nb.no/items/424cea4b614025d1179cbf265bb93fcd?page=0>

⁴⁴⁹ «Platina-eventyret på Skansen.» *Aftenposten*. 10.11.1939.

<https://www.nb.no/items/424cea4b614025d1179cbf265bb93fcd?page=0>

⁴⁵⁰ «500 000 sølv- og 1000 platinarev ventes pelset i høst.» *Aftenposten*. 28.10.1939.

<https://www.nb.no/items/7aae7b8f7faada005e7ae49c82700b6d?page=0>

⁴⁵¹ M-k., «Titusener av sølvrev på Oslo-auksjonene.» *Aftenposten*. 12.01.1939.

<https://www.nb.no/items/2df4e6a00562cd61932fe2168da8ffd7?page=7> & «500 000 sølv- og 1000 platinarev ventes pelset i høst.» *Aftenposten*. 28.10.1939.

<https://www.nb.no/items/7aae7b8f7faada005e7ae49c82700b6d?page=0>

⁴⁵² «Sølvreven og krigen.» *Aftenposten*. 07.09.1939.

<https://www.nb.no/items/d9c390b31b86abd926c4fc00bd1c44f2?page=3>

⁴⁵³ «Unødig panikk i sølvrevbranchen.» *Aftenposten*. 29.09.1939.

<https://www.nb.no/items/be10a423f1ed48eb171fb9c8cea65e18?page=5>

⁴⁵⁴ «Ingen grunn til panikk i sølvrevavlen, sier chefspektør Rochmann.» *Aftenposten*. 13.09.1939.

<https://www.nb.no/items/aaa5f32172785fa3a43c9090ab47cc40?page=6>

utbrotet av dei verste dommedagsprofetiane i avisene, og bidreg dermed til å redusera nedgangen i næringa.

På tross av den ovannemnte framstillinga førte likevel krigsutbrotet til endrande pris- og marknadstilhøve som i stor grad gjekk utover dei norske pelsdyrbøndene.⁴⁵⁵ Likevel kan ein av resultata frå skinnauksjonane i Oslo vinteren 1939 lesa om eit relativt godt prisnivå som blir meldt å vera godt nok der ein «får huske på hvorledes tilstanden er ute i verden og være glad for at opdrætterne ikke har møtt ennå større vanskeligheter.».⁴⁵⁶ Denne positive vinklinga blir likevel teke ille opp av pelsdyrnæringa der direktør Johan R. Lindstrøm i eit brev til redaktøren framhev dei alvorlege økonomiske tilbakeslaga som pregar fleire pelsdyravlarar der han dermed kritiserer vrangførestillinga frå avisa og talar for ei likestilling av den no svært økonomisk betydelege pelsdyrnæringa på linje med andre næringer.⁴⁵⁷ Ein finn med dette framleis ulike oppfatningar og framstillingar av næringa som svekkjer biletet av ei fullt ut etablert eksportnæring på linje med andre næringer.

Pelsdyrfylket Rogaland

Også i Rogaland skin likevel den etablerte pelsdyravlen igjennom der den tidlegare skeptiske framstillinga i *Stavanger Aftenblad* er bytt ut med oppløftinga av Rogaland som eit særskild sterkt pelsdyrfylke. At skepsisen ikkje lenger var til stades kan ein sjå i samband med Storsul som viser til korleis den vellukka overgangen til skinnbasis bidrog med å sikra den framtidige produksjonen, som dermed avkrefta den skepsisen som tidlegare hadde råda.⁴⁵⁸

I motsetnad til dei mange nedleggingane av revegardar rundt om på Sørlandet kan ein lesa at «Rogalendingene spenner livreimen, og holder det gående så godt de kan» gjennom fokuset på ei størst mogleg redusering av fôrutgifter.⁴⁵⁹ Vektlegginga av den dyktige rogalendingen skin tydeleg igjennom i *Stavanger Aftenblad* der det verkar som om Rogaland har noko som ingen andre områder har når det kjem til pelsdyravl. Til tross for dette peikar også *Stavanger*

⁴⁵⁵ Kapittel 2, 39.

⁴⁵⁶ F. m-k., «Sesongens første skinnauksjon gir grunn til håb.». *Aftenposten*. 22.11.1939.

<https://www.nb.no/items/f983a8fca154002b0f29848d8802b627?page=8> & «Skinmarkedet viser en relativt lys tendens.». *Aftenposten*. 13.12.1939.

<https://www.nb.no/items/5a78ae9a0dc9be268bf075cb469517a9?page=9>

⁴⁵⁷ Lindstrøm, «Sølvrev – skinnprisene.». *Aftenposten*. 30.12.1939.

<https://www.nb.no/items/9795da74a6a46a8c794e3362263a50d0?page=4>

⁴⁵⁸ Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 10.

⁴⁵⁹ «Sølvrevgårdene på Sørlandet vil ventelig bli lagt ned.». *Stavanger Aftenblad*. 13.04.1939.

<https://www.nb.no/items/d7740177eb522907434c74716feb58ef?page=0>

Aftenblad på utfordrande tider i fylket der «Mange arbeider med tap, mange greier seg så vidt, og det er vel få gardar som går med nemnande overskot, når alle utgifter vert dregne frå».⁴⁶⁰

Minkavl i Rogaland

Som sett markerer områda Klepp og delvis Rogaland ein tidlegare overgang til mink som dominerande pelsdyrtype.⁴⁶¹ Med samband i dette kan ein peika på korleis eit aukande fokus i *Stavanger Aftenblad* kan ha bidrege til ein tidlegare oppstart med minkavl, der ein kan lesa om Fylkesagronom Landmark som grunna dei store svingingane i næringa oppfordrar til eit større mangfald innan den til no einsidige produksjonen, der 95% av dei til no selte pelsskinna har vore sølvrevskinn.⁴⁶² Som alternativ framhev han dei gode føresetnadane for både avl av blårev og mink som naudsynt for «at pelsdyralet framleis skal bli ei god attåtning».⁴⁶³ Ein finn også omtalar frå ein amerikansk minkekspert som framhev minken som eit billigare alternativ til reveavl med tanke på rimelegare avlsdyrprisar, rimelegare fôring ettersom 75% av maten deira består av fisk og eit generelt lettare pelsdyr med tanke på sjukdommar.⁴⁶⁴

I tillegg blir minkavlen omtala med utgangspunkt i ulike norske minkpionerar, der mellom anna Otto Ydstebø frå Kvitsøy framhev den billigare fôringa med fisk framfor kjøt, «og på våre kanter er jo fisken billig».⁴⁶⁵ Ein annan artikkel fortel om dei tre minkentusiastane, ovannemnte Ydstebø, Ånen Helland og C. M. Øvrebø som frå fleire besøk på London-auksjonane framhev den svært høge etterspurnaden for minkskinn på pelsmarknaden, og peikar vidare på gode framtidsutsikter for norsk minkavl.⁴⁶⁶ Ein ser dermed korleis ulike positive framstillingar av minkavlen som spanande alternativ til dei labre sølvrevprisane kan ha bidrege til at ein tidlegare vart kjent med og tok til med minkavl i Rogaland.

⁴⁶⁰ «Få revegardar har lenger nemnande overskot.» *Stavanger Aftenblad*. 20.05.1939.

<https://www.nb.no/items/87e933463b28809bff2d75a8896b9d8e?page=0>

⁴⁶¹ Kapittel 2, 50.

⁴⁶² «Blårev og mink.» *Stavanger Aftenblad*. 22.03.1939.

<https://www.nb.no/items/945fae49ed5810d11f966e713c638adb?page=5>

⁴⁶³ «Blårev og mink.» *Stavanger Aftenblad*. 22.03.1939.

<https://www.nb.no/items/945fae49ed5810d11f966e713c638adb?page=5>

⁴⁶⁴ «Fra fisk til mink?» *Stavanger Aftenblad*. 24.07.1939.

<https://www.nb.no/items/ea1b096cda14135412ef067d0008f96b?page=1>

⁴⁶⁵ Uv., «Allsidig drift i pelsgården.» *Stavanger Aftenblad*. 12.05.1939.

<https://www.nb.no/items/354ec105c6f6b5d25b15bcaf243afbc?page=0>

⁴⁶⁶ «Norske mink-skinns står fullt på høide med de kanadiske.» *Stavanger Aftenblad*. 12.01.1939.

<https://www.nb.no/items/cb7275bcb69ac07a44afd9dce887a126?page=1>

5.3 Mellomfase – andre verdskrig og okkupasjon

Som nemnt vil eg ikkje undersøka framstillingane under okkupasjonstida nærmare. Dette grunna tidsavgrensinga, men også grunna den følgjande refleksjonen:

Med utgangspunkt i Tveite og den ovannemnte etableringsfasen ser ein korleis den norske pelsdyrnæringa kring utbrotet av andre verdskrig hadde etablert seg som ei betydeleg eksportnæring, der platinareveventyret markerte høgdepunktet for det heile, som i følgje Storsul «kom til å innlede en helt ny epoke i hele verdens pelsdyravl». ⁴⁶⁷ Høgdepunktet vart likevel kortvarig der krigsutbrotet og den følgjande okkupasjonstida endra tilhøva. ⁴⁶⁸ Til tross for betydelege nedgangstider også i etterkrigsåra må ein likevel i historia om den norske pelsdyravlen sjå på krigstidene som ei pausetid framfor ei revolusjonerande brytningstid ettersom den allereie etablerte næringa raskt stabla seg etterkvart som omsetnadsforholda betra seg. Dette kan ein grunna i at dei allereie etablerte rammene kring pelsdyravlen i tidene før krigsutbrotet mogleggjorde den veldige utviklinga som snarleg tok til etter andre verdskrig. ⁴⁶⁹

5.4 Fase 2 – Pelsdyravl som etablert næringsveg

Som sett er framstillingane av pelsdyrnæringa under etableringsfasen prega av ei gradvis legitimering og etablering som særleg rettar seg kring ulike innanlandske forholda. Dette endrar seg med overgangen til skinnbasisen og platinarevavlen utover 1930-talet, der pelsdyravlen får ei auka rolle som eksportnæring som fører til at den vidare utviklinga fyrst og fremst finn seg i samband med dei rådande globale forholda. Den eksportmessige og utvendige forankringa syner seg også att i avisomtalane som særleg vektlegg auksjonsresultata og dei økonomiske bidraga frå pelsdyrnæringa, i motsetnad til tidlegare spenningsfylte beretningar kring eventyr og risikosport. Ein finn med dette meir homogene framstillingar som særleg rettar seg kring det ein-sidede fokuset på verdiane og dei tidsmessige opp- og nedgangane i pelsskinneksperten. Med tanke på påverknadar frå framstillingane kan ein sjå korleis dei ulike positive eller negative omtalane til dei ulike tidene kan ha bidrege til å anten starta opp eller slutta av med pelsdyravl.

1949

⁴⁶⁷ Tveite, «Pyramidespill som attåtnæring», 82. & Storsul, *Pelsdyrnæringa i fokus* (Oslo: Norges pelsdyrslag, 2001), 8.

⁴⁶⁸ Kapittel 2, 39.

⁴⁶⁹ Kapittel 2, 40.

Følgjande moteendringar, utfordrande omsetnadsforhold og ein generell dårleg pelskvalitet blir slutten av 1940-talet prega av ein lågkonjunktur som av *Aftenposten* blir framstilt som ei «temmeleg mørk tid». ⁴⁷⁰ Dei mørke skuggane ligg også til grunn i *Stavanger Aftenblad* som skildrar den stadige nedlegginga av revegardar og peikar på korleis avviklingane vil føra til forsvinninga av ei gunstig attåttnæring på fleire norske gardsbruk. ⁴⁷¹ Interessant nok blir den framveksande minkavlen som alternativ til sølvrevavlen sett på med mistru ettersom den vanskeleg kan oppnå ein liknande posisjonen som den leiande sølvrevavlen, der minken særleg blir framheva som eit meir krevjande oppdrettspelsdyr. Framstillinga er interessant med tanke på dei tidlegare nemnte omtalane frå 1939 som heilt motsett framheva minken som eit på mange måtar lettare pelsdyr samanlikna med revetypane.

Som tidlegare finn ein likevel ei grunnforståing i *Stavanger Aftenblad* kring det føregåande pelsdyrfylket Rogaland, der ein i tillegg til den «lette tilgangen på fôr» framhev den arbeidsame og generelt dyktige rogalendingen med tanke på alle typar husdyravl. ⁴⁷² Igjen nyttar ein dei motgåande tidene til å likevel løfta fram rogalendingen som ein som tross tilhøva klarar seg betre enn andre.

1959

10 år fram i tid har det heile endra seg der *Aftenposten* i 1959 skriv om «gylne tider for norsk pelsdyravl» der ein av den komande sesongen reknar å eksportera for om lag 80 millionar kroner. ⁴⁷³ Grunna moteendringane og følgjande omleggingar i den norske pelsdyrnæringa er det no minkavlen som blir framstilt som den leiande greina i pelsdyrnæringa, der *Aftenposten* framhev USA som den viktigaste marknaden for norsk minkskinneksport og viser til korleis minkskinna i 1957 utgjorde den fjerde største eksportartikkelen til USA «efter nikkel, aluminium og sardiner». ⁴⁷⁴

⁴⁷⁰ «Pelsdyrnæringens problemer». *Aftenposten*. 20.07.1949.

<https://www.nb.no/items/03ff717515d05528d62548c98dbc93db?page=0>

⁴⁷¹ «Det går ut med revehaldet – fleire revegardar legg ned». *Stavanger Aftenblad*. 20.10.1949.

<https://www.nb.no/items/b2449ef1b323fb9c35ee1ed18c6aa225?page=4>

⁴⁷² «Gode vilkår for at rogalendingene kan drive lønnsomt pelsdyr-oppdrett». *Stavanger Aftenblad*. 21.05.1949.

<https://www.nb.no/items/607d4a5399145757fe7a00864ecdf4db?page=0>

⁴⁷³ Breili, «De hvite sølvrevene i Furnes har vakt oppsikt i Amerika». *Aftenposten*. 15.12.1959.

<https://www.nb.no/items/8542eb5857438de1249ae1400a6fb352?page=0>

⁴⁷⁴ «Amerikansk anslag mot vår minkeksport». *Aftenposten*. 03.04.1959.

<https://www.nb.no/items/3a80246587521d46bb95c6cd47e8fa88?page=1>

Den etablerte pelsdyrnæringa kjem også særleg til uttrykk gjennom omtalen av ulike pelsdyravalalarar med «30 års erfaring i bransjen», i tillegg til framstillingane om skinnauksjonane i Oslo der fleire av dei utanlandske kjøparane etterkvart er vorte «gamle kjenningar i Oslo» som «har i en hel menneskealder møtt opp på auksjoner her i byen».⁴⁷⁵

1969

Som sett markerer slutten av 1960-talet det store høgdepunktet i den norske minkavlen.⁴⁷⁶ Likevel meldar *Aftenposten* i juni 1969 om mørke framtidsutsikter for minkskinnsalet som blir grunna i at «minken er i ferd med å bli kommersialisert, slik at dens eksklusivitet ikke lenger er så opplagt».⁴⁷⁷ For å best mogleg rusta seg den komande nedgangen blir viktigheita kring kvalitetsutviklinga framheva. Marknadssvingingane kjem særleg til uttrykk i dei mange auksjonsrapportane omtalende skinnauksjonane i Oslo der ein artikkel viser til forskyvingar i marknadsforholda med ein svekka amerikansk marknad til fordel for ein aukande etterspurnad på den europeiske marknaden med Vest-Tyskland i spissen.⁴⁷⁸ Med andre ord synar dei ulike framstillingane att biletet av ei tydeleg skiftande og til alle tider ustabil næring som til alle tider har prega pelsdyravlen.

Det rike pelsdyrfylket Rogaland kjem framleis til uttrykk i *Stavanger Aftenblad* som fortel at «Rogaland er fortsatt det største pelsskinn-produserende fylket i landet» og framhev Rogaland som fylket med høgast tilslutnad til dei lokale pelsdyrutstillingane.⁴⁷⁹

1979

Til tross for nedgangstidene og lågkonjunkturane som er vorte identifisert i kapittel 2, ser ein korleis omtalane på slutten av 1970-talet igjen synar ei næringa av byrjande optimisme der *Aftenposten* i mars 1979 fortel om endringar i motebiletet til fordel for den norske

⁴⁷⁵ Breili, «Optimistiske pelsdyroppdrettere». *Aftenposten*. 16.12.1959. <https://www.nb.no/items/f882400a7f21c565a45d2848896b47af?page=4> & «Blårevskinn for 2.7 mill. kroner solgt i Oslo igår». *Aftenposten*. 05.12.1959.

<https://www.nb.no/items/da91ff786c2e0ff279545711ac630291?page=0>

⁴⁷⁶ Kapittel 2, 40.

⁴⁷⁷ «Salget av mink går fortsatt ned». *Aftenposten*. 24.06.1969.

<https://www.nb.no/items/7ecc595be068e7b6422b7ffe40d563b0?page=0>

⁴⁷⁸ «Lavere minkpris på Oslo-auksjon». *Aftenposten*. 08.12.1969.

<https://www.nb.no/items/422450bc32557fe4074a31f580b6f940?page=39>

⁴⁷⁹ «Rogaland leverer flest minkskinn». *Stavanger Aftenblad*. 29.09.1969.

<https://www.nb.no/items/17e59d2471fd674d746d42c70df9a12a?page=23> & «Stor interesse for pelsdyrutstilling i Rogaland». *Stavanger Aftenblad*. 22.02.1969.

<https://www.nb.no/items/7289d554011bc7117c7beba35bb163ab?page=9>

pelsdyravlen.⁴⁸⁰ Frå juni 1979 kan ein såleis lesa om betrande tider særleg med tanke på interessa i det kvalitetsrike norske blårevskinnnet som i den førige sesongen opplevde priser omtalt som «de høyesete som er oppnådd for noe lands produksjon».⁴⁸¹ I samband med auksjonstidene i Oslo blir Noreg skissert som sentrum i pelsverda ettersom den første årlege minkauksjonen i verda finn seg i Oslo som dermed samlar «alle de ledende oppkjøpere i verden» til hovudstaden.⁴⁸² *Stavanger Aftenblad* fokuserer som tidlegare på oppløftinga av fylket der Rogaland no «står for om lag 30 prosent av minkproduksjonen i landet og sju prosent av rev».⁴⁸³

1989

Når ein kjem til slutten av 1980-talet finn ein dei liknande mørke framstillingane som låg til grunn utover 1940-talet. Interessant finn eit no eit større mangfald i framstillingane der dei motgåande tidene ikkje lenger berre blir grunna i ein økonomisk lågkonjunktur, der mellom anna forholdet kring ein svekkande norsk stilling blir lagt med i forklaringa av den nedgåande trenden. Som tidlegare sett har framstillinga av den gradvis etablerande norske pelsdyrnæringa gjennomgåande dreia seg om fokuset på oppløftinga av den høgtstående norske stillinga i verdssamanheng. I motsetnad finn ein no skildringar av den tapande norske leiinga til fordel for andre skinnproduserande land som Danmark og Finland som «har vokst oss over hodet».⁴⁸⁴ Saman med skildringa av det framleis viktigaste pelsdyrfylket blir også den generelt ugunstige norske pelsdyrnæringa skildra i *Stavanger Aftenblad*, der den norske tilbaketrekkinga blir sett i samband med dei særskild høge norske pelsdyrfôrprisane der «Til og med Rogaland, som har det billigaste fôret i landet, har dyrare pelsdyrfôr enn dei dyraste fôrkjøkna i Danmark».⁴⁸⁵

Der framveksten og etableringa av pelsdyrnæringa i stor grad dreia seg om legitimeringa av næringa som ein framtidsretta ny næringsveg er fleire framstillingar på slutten av 1980-talet prega av ei aukande meiningsutveksling som på ny stiller spørsmål kring legitimiteten av

⁴⁸⁰ «885 000 skinn til salgs». *Aftenposten*. 21.03.1979.

<https://www.nb.no/items/e81a5a48fc7aacfa3b2c81c706aa61e0?page=15>

⁴⁸¹ «Oslo Skinnauksjoner omsatte for 249 mill.». *Aftenposten*. 18.06.1979.

<https://www.nb.no/items/8535780fd640acc6113eccdae94428f0?page=0>

⁴⁸² «Verdens skinnhandlere i Oslo». *Aftenposten*. 03.12.1979.

<https://www.nb.no/items/1e0d39fd15f2dd7b9f465af790ddbc97?page=0>

⁴⁸³ «Nye lover for pelsdyr-alarane». *Stavanger Aftenblad*. 05.06.1979.

<https://www.nb.no/items/97182d1fb648e4f3b7e2d43d51a671c0?page=0>

⁴⁸⁴ M.T.B., «Europas første pelsdyroppdrett». *Aftenposten*. 21.01.1989.

<https://www.nb.no/items/01c93dea1f7c25bc58e40edbdba7ee01f?page=19>

⁴⁸⁵ Nedrebø, «Krev å få hand om kraftfôr-millionar». *Stavanger Aftenblad*. 30.03.1989.

<https://www.nb.no/items/bcc49048d97f428dc4a0a12a25865917?page=0>

næringa. I avisene gjer dette seg særleg til uttrykk gjennom dyrevernetiske diskusjonar kring pelsdyrnæringa som blir framstilt å vera ein produksjon retta mot høgast økonomisk vinning på kostnad av lidningane til pelsdyra.⁴⁸⁶ Som motsvar til den svekka legitimiteten av næringa mobiliserer pelsdyrnæringa ein kampanje «for å rydde opp i usannheter og forvrengningar» med ei særleg vektlegging på fridomen ein sjølv har i valet av kledeplagg.⁴⁸⁷ I tillegg vektlegg kampanjen fleire av dei gjennomgånne momenta som på ulike måtar framstiller den etablerte og aksepterte pelsdyrnæringa.⁴⁸⁸ Det er også interessant å sjå korleis næringa tek i bruk dei historiske røtene som har lege som ein del av medvitet til pelsdyrnæringa, der ein søker å legitimere næringa gjennom den historiske nytta av pelsdyrskinn.⁴⁸⁹

Med utgangspunkt i Almås ser ein korleis innmeldinga av dei dyreetiske problemstillingane mot slutten av hundreåret fekk varige følgjer for næringa som til tross for stigande prisenivå utover tusenårsskiftet vart eit varig diskusjonspunkt, som etterkvart også spreidde seg vidare til det politiske planet.⁴⁹⁰ Dermed ser ein korleis legitimeringa av den gradvise framveksande og etablerande pelsdyrnæringa til slutt braut saman følgjande den splittande meningsutvekslinga kring dei dyreetiske perspektiva, som dermed innleia den komande avviklinga og avslutninga av ei norsk pelsdyrnæring.

⁴⁸⁶ Metveit, «En stor etisk utfordring». *Aftenposten*. 31.03.1989.

<https://www.nb.no/items/ca68bdb703727b4765d55d0a06f6a3ad?page=8>

⁴⁸⁷ Thorbjørnsen, «Amerikanerne pladask for norske dyre-klær». *Aftenposten*. 14.12.1989.

<https://www.nb.no/items/e407d55844ec6cad7b2c17fb059cfb98?page=15>

⁴⁸⁸ «Er det luksus å holde varmen i 20 kuldegrader?». *Aftenposten*. 17.10.1989.

<https://www.nb.no/items/a0d3cc56b016810ae201f638e0f91922?page=0>

⁴⁸⁹ Kapittel 1, 17.

⁴⁹⁰ Almås, *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000* (Oslo: Det norske samlaget, 2002), 332-333.

6. Konklusjon

Oppgåva har undersøkt dei lange linjene som har prega utviklinga av den norske pelsdyrnæringa med ei tidsavgrensing frå framveksten på byrjinga av 1900-talet til dei endrande tilhøva mot slutten av 1980-talet, som på mange måtar innleia den endelege avviklinga av næringa. Til tross for dei overordna linjene dreiar ikkje historia kring den norske pelsdyravlen seg om ei einsleg næring, men finn seg snarare som ein del av den norske landbrukshistoria. Dermed har eit særleg fokuspunkt i oppgåva vore å nærmare undersøka denne landbruksforståinga gjennom perspektivet på den særskilde landbruks- og pelsdyrbygda Klepp. Vinklinga kring både ei overordna og ei lokalbasert undersøking vart valt for å i best mogleg grad løfta fram særtrekka ved ei, for dei aller fleste, heller ukjent næring. Likevel kan ein her peika på fleire avgrensingar både med tanke på problemstilling og kjeldemateriale. Grunna den relativt omfattande problemstillinga valte eg å ta i bruk eit mangfaldig kjeldemateriale. Dermed ser ein korleis avgrensingane slo inn i utvalet innanfor dei ulike kjeldetypane, der ein særleg kan peika på korleis den omfattande presseomtala av pelsdyrnæringa i dei norske avisene inneheld meir enn nok materiale til ei einssidig undersøking av næringa basert på avisartiklar.

Ein ser også korleis tidsaspektet i problemstillinga avgrensar ei djupare undersøking av særskild interessante tidsperiodar, som mellom anna den norske sølvrevdominansen og platinaeventyret på 1930-talet eller dei utfordrande tilhøva under okkupasjonstida. Samtidig har likevel den lokalbaserte undersøkinga av pelsdyrbygda Klepp fungert som eit uttrykk for ei slik djupare undersøking, samtidig som den bygger på og tilfører essensiell informasjon kring dei overordna utviklingstrekk. I det heile har undersøkinga bidrege til ei omfattande kartlegging og forståing av den norske pelsdyravlen som også har innleia forklaringar for den særskilde lokale utviklinga ein fann i pelsdyrbygda Klepp.

Med utgangspunkt i problemstillinga vart oppgåva lagt opp etter 4 ulike kapittel. Kapittel 1 har eit opplysende føremål gjennom tilrettelegginga av den nødvendige konteksten for den vidare kvantitative og overordna undersøkinga i kapittel 2. Gjennom kartlegginga av særtrekka og dei overordna linjene i den norske pelsdyrnæringa, saman med den særskilde identifiseringa av landbruksområdet Klepp i Rogaland legg kapittel 3 søkelyset på den landbruksprega norske pelsdyravlen med utgangspunkt i landbruksbygda Klepp. I samanbindinga av det heile lyftar kapittel 4 blikket med utgangspunkt i den tidvise framstillinga og oppfatninga av pelsdyrnæringa som ligg til uttrykk i to norske aviser, og som på ulike måtar bidreg med

verdifull informasjon kring utviklinga av den norske pelsdyrnæringa. I det følgjande vil eg ta utgangspunkt i funna frå desse ulike vinklingane og forsøka å gripa dei overordna utviklingstrekk kring den norske pelsdyravlen og forståinga av Klepp som eit særskilt pelsdyrområde.

Pelsdyravl dreiar seg om å halda pelsdyr i fangenskap der ein gjennom økonomiske føremål driv ei systematisk avlsverksemd. Innanfor pelsdyrnæringa blir framveksten av denne praksisen sett på som eit resultat av den minskande tilgangen på viltlevande pelsdyr som følgje av den historiske menneskelege nytta av desse dyra. Gjennom kultiveringa av pelsskinna som løysing på den stadig aukande pelsverketterspurnaden vart pelsdyra direkte underlagt menneskeleg innverknad på liknande linje som andre husdyr. Gjennom presseomtaler av vellukka utanlandske forsøk i tillegg til uavhengig pionerverksemd spreia pelsdyravlen seg også til Noreg, som frå oppstarten med ein canadisk-importert sølvrevavl i 1914 likevel bar lite preg av å vera ei etablert næring. Skepsisen var stor og den manglande kunnskapen kring drifta og avlen av dei verdifulle avlsdyra bidrog til store økonomiske påkjenningar for nyoppstarta pelsdyrbønder. Etterkvart som sølvrevavlen likevel utover 1920-talet breia om seg grunna moglegheitene for høge innteningar, vart produksjonen framleis sett på som spekulativ som særleg grunna seg i det lite berekraftige avlsdyrsalet som med tida måtte tvingast over til den mindre lukrative skinnomsetnaden.

Den til å byrja med ukontrollerte sølvrevavlen vart igjennom organiseringa i 1926 lagt under fastare rammer der særleg ein aukande avlskontroll danna grunnlaget for den etterkvart internasjonalt ettertrakta norske kvalitetssølvreven, som følgjeleg skaut fart i den norske pelsdyrutviklinga. Den endelege produksjonsomlegginga til skinnbasis kring 1930 endra den generelle oppfatninga og bidrog til legitimeringa av den no framveksande og etablerande eksportnæringa som utløyste ein enorm sølvrevfeber i landet. Eit område som utover 1930-talet tok til med sølvrevavl var Rogaland, der særleg landbruksbygda Klepp vart ei markant pelsdyrbygd ettersom fleire bønder under den rådande landbrukskrisa fann ei attraktiv attåtning i pelsdyravlen som vaks fram på både dei mindre og større gardsbruka.

Frå den gradvise utviklinga gjennom ulike innanlandske forhold markerte den norske pelsdyrnæringa utover 1930-talet, med sølvrev- og platinarevdominans, seg som ei fullt ut etablert, organisert og akseptert eksportnæring. Det syna seg dermed raskt korleis den vidare utviklinga av næringa i høgare grad enn tidlegare styrte seg av utanlandske forhold der utbrotet

av andre verdskrig raskt vart omtala som eit kraftig slag på pelsdyravlen. I det heile førte okkupasjonstida til vanskelege tider i pelsdyravlen gjennom avgrensa omsetnads- og fôringsvilkår. Likevel markerte tida for dei som fann dei rette utvegane ein stor gullalder, som særleg ser ut til å prega pelsdyrbønder i Klepp.

Grunna etableringa av pelsdyravlen som ei sentral eksportnæring i tidene før krigsutbrotet markerer den andre verdskrigen og okkupasjonstida berre ein mellomfase, som ei pausetid følgjande dei rådande avgrensa omsetnadsforholda. Etter krigen endrar omsetnadsforholda seg seint, men gradvis der den etablerte næringa raskt tek til der ein slapp i tidene før krigsutbrotet. Som bilete på den internasjonale sambindinga ser ein no korleis marknadsetterspurnaden i den stilleståande mellomfasen har endra seg frå sølvrevskinn til minkskinn. Dette endra spelereglane frå den til no dominerande norske stillinga i pelsdyrverda. Marknadstilhøva tvinga pelsdyrbøndene over til produksjonar av det svært etterspurde minkskinnet, der særleg pelsdyrbøndene i Klepp markerte ein eigen evne til tidleg marknadstilpassing ettersom fleire tok til med minkavl allereie på 1940-talet.

Minkavlen viser seg raskt som eit godt alternativ til sølvrevavlen der minkfebereren spreiar om seg utover 1950- og 1960-talet, særleg i Rogaland som gjennomgåande blir framstilt som det leiande pelsdyrfylket. Som den tidlegare sølvrevavlen spreidde også minkavlen seg i særleg grad til Klepp der den tilførte ei heilt sentral inntektskjelde og sysselsetting på gardsbruka som følgje av at den i høg grad lét seg kombinera med den sesongprega landbruksdrifta. I tillegg til det betydelege landbruksbidraget ser ein korleis den sentraliserande og effektiviserande utviklinga i næringa gjennom skipingar av mellom anna fôrkjøkken og pelseri la til rette for vidare vekst i pelsdyravlen, der den særlege tilgangen på både fiske- og slakteavfall i Rogaland og på Jæren sannsynlegvis mogleggjorde den veldige ekspansjonen som var å finna i Klepp.

Ingenting varar evig i pelsdyrnæringa, der 1970- og 1980-åra igjen markerte skiftande motetrendar til fordel for dei ulike revetypane. Til tross for endrande marknadstilhøve heldt fleire pelsdyrbønder i Klepp likevel fram med minkalv som særleg kan forklarast med eit omfattande pelsdyrmiljø, der samlinga av særleg mange fagleg interesserte pelsdyrbønder over tid etablerte Klepp som eit særeige pelsdyrområde. Samtidig vart dei attverande pelsdyrgardane prega av aukande strukturar der den tidlegare særeigne norske pelsdyravlen i kombinasjon med anna landbruksdrift i stor grad forsvann gjennom spesialiseringa som prega det norske landbruket med overgangen frå mangfaldige til einsidige produksjonar. Som resultat vaks dei

attverande pelsdyrgardane i storleik, som særleg i Klepp utvikla seg til industriliknande strukturar.

Med dette er pelsdyravlen ved slutten av 1980-talet prega av store omveltingar. Sølvrev- og mink-febrane er vorte historie der lågkonjunktur og aukande konkurranse har svekka den norske pelsdyravlen. Pelsdyrgarden er flytta ut av den kombinerte gardsdrifta der det tidlegare særnorske landbrukspreget er vorte erstatta med industriprega spesialisering og stordrift. At næringa no er komen ved eit vegskilje kjem tydeleg til uttrykk gjennom eit framveksande ordskifte som set spørsmålsteikn kring etikken i pelsdyrnæringa, som dermed markerer eit brot med den legitime oppfatninga som gradvis hadde vorte stabla i tråd med den framveksande og etablerande pelsdyrnæringa.

7. Referanseliste

7.1 Tekstlege kjelder (Utanom avisartiklar⁴⁹¹)

Almås, Reidar. *Norges landbrukshistorie IV 1920-2000: Frå bondesamfunn til bioindustri*.

Oslo: Det norske samlaget, 2002.

Almås, Reidar, red. «småbruk» i *Store norske leksikon*. 05.02.2024.

<https://snl.no/sm%C3%A5bruk>

Andresen, Astri, Sissel Rosland, Teemu Ryymin & Svein Atle Skålevåg (red.). *Å gripe fortida: Innføring i historisk forståing og metode*. 2. utg. Oslo: Det norske samlaget, 2017.

Ashbrook, Frank G. *Pelsdyravl som næringsvei*. Omset av Andr. A. Stadheim. Oslo:

Fabritius & Sønner, 1930.

Aspøy, Arild, red. «Statistisk sentralbyrå (SSB)», i *Store norske leksikon*. 20.09.2023.

https://snl.no/Statistisk_sentralbyr%C3%A5_-_SSB

Axelsson, L. *Blaareven i fangenskap*. Aalesund: Centraltrykkeriets forlag, 1928.

Berge, S. *Våre husdyr*. Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1958.

Borgedal, Paul. *Norges jordbruk i nyere tid: Bind II Husdyrholdet*. Oslo: Bøndernes forlag, 1967.

Brautaset, Camilla, Gunhild J. Ecklund & Lars Fredrik Øksendal (red.). *Børsen:*

Markeds plass og møteplass 1819-2019. Oslo: Universitetsforlaget, 2019.

Brunes, Erling. *Klepp gårds- og ættesoge: 1900-1960*. Stavanger: Dreyer aksjeselskap, 1964.

Dahl, Hans Fredrik. «Aftenposten». I *Norsk presses historie 1-4 (1660-2010): Bind 4 Norske*

⁴⁹¹ Referansane til avisartiklane finn ein fortløpande i notetilvisingane.

aviser fra A til Å, redigert av Hans Fredrik Dahl, 25. Oslo: Universitetsforlaget, 2010.

Det Norske Akademis ordbok. «Statistikk». Oslo: Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Oppslag: Oktober 2023. <https://naob.no/ordbok/statistikk>

Det Norske Akademis ordbok. «Pelsdyr». Oslo: Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Oppslag: November 2023. <https://naob.no/ordbok/pelsdyr>

Det Norske Akademis ordbok. «Domestisere». Oslo: Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Oppslag: Desember 2023. <https://naob.no/ordbok/domestisere>

Det Norske Akademis ordbok. «landbruk». Oslo: Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Oppslag: Februar 2024. <https://naob.no/ordbok/landbruk>

Det Norske Akademis ordbok. «jordbruk». Oslo: Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Oppslag: Februar 2024. <https://naob.no/ordbok/jordbruk>

Eidsvåg, Erik. *Godt får gjør godt: Rogaland pelsdyrfôrlag AL 50 år 1960-2010*. Rogaland Pelsdyrfôrlag, 2012.

Ellefsen, Rune. «Den moderne pelsdyrfabrikken: Konflikten om legitimiteten». I *Hvem er villest i landet her?: Råskap mot dyr og natur i antropocen, menneskets tidsalder*, redigert av Ragnhild Sollund, Guri Larsen og Morten Tønnesen, 205-223. Oslo: Scandinavian Academic Press / Spartacus forlag AS, 2013.

Forr, Gudleiv. «Jærbladet». I *Norsk presses historie 1-4 (1660-2010): Bind 4 Norske aviser fra A til Å*, redigert av Hans Fredrik Dahl, 189. Oslo: Universitetsforlaget, 2010.

Frøslie, Kathrine Frey & Bjørnstad, Jan, red. «statistikk» i *Store norske leksikon*. 20.09.23. <https://snl.no/statistikk>

Frøyen, Anne Jorunn. *Den driftige jærbonden i etterkrigstida -myte eller realitet?*. Hovudoppgåve. Universitetet i Bergen. 2000.

- Furre, Berge. «Stavanger Aftenblad». I *Norsk presses historie 1-4 (1660-2010): Bind 4 Norske aviser fra A til Å*, redigert av Hans Fredrik Dahl, 309. Oslo: Universitetsforlaget, 2010.
- Furre, Berge, Hetland, Tom & Garvik, Olav, red. «Stavanger Aftenblad» i *Store norske leksikon*. 20.04.2024. https://snl.no/Stavanger_Aftenblad
- Gjerdåker, Brynjulv. *Norges landbrukshistorie III 1814-1920: Kontinuitet og modernitet*. Oslo: Det norske samlaget, 2002.
- Grove, Knut & Heiret, Jan. «Å arbeida med munnlege kjelder». I *Historikerens arbeidsmåter*, redigert av Leidulf Melve og Teemu Ryymin, 122-147.
- Hagen, Anders & Vangen, Odd, red. «husdyr» i *Store norske leksikon*. 20.10.2023. <https://snl.no/husdyr>
- Haraldseid, Ivar. *Lærebok i husdyrbruk: II Fjørfe, kaniner, bier og pelsdyr*. Oslo: Grøndahl & Søns forlag, 1945.
- Hasund, Sigvald. *Vårt landbruks historie*. Oslo: H. Aschehoug & CO. (W. Nygaard), 1932.
- Helgebostad, Arne, M. V. Jalanka, Ivar Johansson, Betty, Knox-Seith, Johan R., Lindstrøm, Knut Arne, Mørk, Reidulf, Rochmann og Gustaf Åhman (red.). *Pelsdyrboken: Håndbok for pelsdyroppdrettere*. Oslo: Johansen & Nielsen, 1969.
- Helle, Knut, Dyrvik Ståle, Edgar Hovland & Tore Grønlie (red.). *Grunnbok i Norges historie. Fra vikingtid til våre dager*. Oslo: Universitetsforlaget, 2013.
- Høie, Johs. *Ei lita bok om pelsdyravl*. Oslo: Grøndahl & Søns forlag, 1945.
- Høie, Johs. *Pelsdyrhold*. Oslo: Grøndahl & Søns forlag, 1958.
- Johansson, Ivar, Johs. Jespersen, Nils Korkman, S. Berge, Ole Venge, Johs. Høie & Nils

Westermarck (red.). *Husdyrrasene Hester – storfe – sauer og geiter – svin – kaniner og pelsdyr – fjørfe: Internordisk håndbok for landbruksundervisningen og den praktiske husdyravl*. Stockholm/Oslo: LTs Förlag/Grøndahl & Søn, 1953.

Jøssang, Lars Gaute. *Industrieventyret på Jæren: 1800-2000*. Oslo: Det Norske Samlaget, 2004.

Kjønsberg, Kjell. *Pelsdyr som næring*. Oslo: Landbruksforlaget, 1977.

Kleiven, Arve. *Pelsdyr: om mink og rev*. Larvik: Norske 4H – Landbruksforlaget, 1986.

Klepp Kjølelag AL 25 år. 1972.

Knudson, Jerry W. «Late to the feast: Newspapers as historical sources». *Perspectives on history* 31, no. 7 (Oktober 1993). <https://www.historians.org/research-and-publications/perspectives-on-history/october-1993/late-to-the-feast>

Krokann, Inge. *Det store hamskiftet i bondesamfunnet: Med etterord av Tore Pryser*. 3. utg. Oslo: Det norske samlaget, 1982.

Lindanger, Birger. *Klepp bygdesoge I: Fram til 1837*. Klepp kommune: Dreyer bok Stavanger, 1990.

Lindanger, Birger & Nordås, Hallvard. *Klepp bygdesoge II: 1837-1987*. Klepp kommune: Dreyer bok Stavanger, 1987.

Lindstrøm, Johan R. *Norges Pelsdyralslag: Jubileumsskrift 1926-1976*. Oslo: Akitetrykkeriet, 1976.

Lybæk, Susanne, Karen Frivik & Anton Krag. *Pelsdyroppdrett i Norge – landbruk eller industri?*. Oslo: Dyrevernalliansen, 2014.
https://www.regjeringen.no/contentassets/16492b04f8224c41b08a025191deab1e/pels_og_landbruk_rapport_net.pdf

- Lye, Kåre Arnstein. «Jæren – geografisk oversyn». I *Jærboka: Naturmiljøet Bind 1*, redigert av Kåre Arnstein Lye, 9-20. Norske Oikos A/S, 1978.
- Meld. St. nr. 8 (2016-2017). *Pelsdyrnæringen*. Oslo: Det kongelige landbruks- og matdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20162017/id2518504/>
- Melve, Leidulf & Ryymmin, Teemu. «Hvordan komme frem til de gode spørsmålene?». I *Historikerens arbeidsmåter*, redigert av Leidulf Melve og Teemu Ryymmin, 16-25.
- Melve, Leidulf & Ryymmin, Teemu. «Valg av kildematerialer, arbeidsmåte og tilnærming». I *Historikerens arbeidsmåter*, redigert av Leidulf Melve og Teemu Ryymmin, 26-33.
- Melve, Leidulf. «Kildekritikk – en kort historikk». I *Historikerens arbeidsmåter*, redigert av Leidulf Melve og Teemu Ryymmin, 34-43.
- Natland, Sigv, R. Rochmann, C. M. Øvrebø, Hans Kjær, Olav Os, Johan R. Lindstrøm & Trygve Slaatto (red.). *Norges pelsdyrslag: Jubileumsskrift 1926-1951*. Oslo: Johansen & Nielsen Boktrykkeri, 1951.
- Nordang, J. *Reveavl: Og noe om andre pelsdyr*. Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1941.
- Norges Sølvrevavlslag. *Norges Sølvrevavlslag 1926-1936: jubileumsskrift*. Bergen: A. Garnæs boktrykkeri, 1936.
- Rogaland Pelsdyrslag 50 år 1930-1980*. Rogaland Pelsdyrslag, 1980.
- Ryymmin, Teemu. «Å arbeide med tekstanalyse». I *Historikerens arbeidsmåter*, redigert av Leidulf Melve og Teemu Ryymmin, 44-69.
- Salvesen, Sigvald. *Pelsdyrboken: Håndbok i opdress av pelsdyr*. Oslo: J. W. Cappelens forlag, 1930.
- Salvesen, Sigvald. *Kapitalplasing i pelsdyravl på skinnbasis*. Oslo: Nationaltrykkeriet,

1930.

Sandvik, Pål Thonstad. *Nasjonens velstand: Norges økonomiske historie 1800-1940*. 2. utg. Bergen: Fagbokforlaget, 2022.

Solli, Arne. «Å arbeide kvantitativt». I *Historikerens arbeidsmåter*, redigert av Leidulf Melve og Teemu Ryymin, 92-121.

Storlien, Barbro, red. «mote» i *Store norske leksikon*. 10.01.2024. <https://snl.no/mote>

Storsul, Einar. *Pelsdyrnæringa i fokus: Norges Pelsdyrslag gjennom 75 år*. Oslo: Norges Pelsdyrslag, 2001.

Thorsnæs, Geir, red. «Jæren» i *Store norske leksikon*. 20.04.2024. <https://snl.no/J%C3%A6ren>

Thorsnæs, Geir & Lauritzen, Per Roger, red. «Klepp» i *Store norske leksikon*. 20.04.2024. <https://snl.no/Klepp>

Tveite, Stein. *Jord og gjerning: Trekk av norsk landbruk i 150 år*. Kristiansand: Bøndernes forlag, 1959.

Tveite, Stein. «Den driftige jærbu – myte eller realitet?». *Stavanger museum årbok* 92, 1 (1983): 45-52.

Tveite, Stein. «Pyramidespill som attåtning». *Landbruksøkonomisk forum* 7, no. 2 (Mai 1990): 82-88.

Tveite, Stein. «Norske bønder erobrer verdensmarknaden Sylvrev: andre akt». *Landbruksøkonomisk forum* 7, no. 3 (September 1990): 37-42. <https://www.nb.no/items/96c71cc79f189128212a33997df9fcb2?page=1>

Vangen, Odd, red. «pelsdyroppdrett» i *Store norske leksikon*. 10.11.2023. <https://snl.no/pelsdyroppdrett>

Vangen, Odd, red. «domestisere» i *Store norske leksikon*. 24.11.2023.

<https://snl.no/domestisere>

Venge, Ole. «Kaniner og pelsdyr». I *Husdyrrasene Hester – storfe – sauer og geiter – svin – kaniner og pelsdyr – fjørfe: Internordisk håndbok for landbruksundervisningen og den praktiske husdyravl*, redigert av Ivar Johansson, 389-423. Stockholm/Oslo: LTs Förlag/Grøndahl & Søn, 1953.

7.2 Statistisk materiale

Jordbruksteljingar

Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstelingen i Norge 20. juni 1929. Første hefte: Husdyrhold.»

Frigitt 30.08.1930. https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/_attachment/inline/43e6fd7d-650f-4da2-8cad-96825d4069e6:56d7bfa24951a0f72ee02dd6aa9138e750f70cda/nos_viii_134.pdf

Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstelingen i Norge 20. Juni 1929. Fjerde hefte: Oversikt.»

Frigitt 07.06.1932. https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/_attachment/inline/f4d1b068-8a81-414b-9abc-1dfc2e0577f0:a17f0f3d23fcad47eeb1503fd7312d87718a5f04/nos_viii_188.pdf

Statistisk sentralbyrå, «Jordbukstelingen i Norge 20. juni 1939. Første hefte: Arealet, husdyrholdet m.v. Herredsvisse oppgaver.» Frigitt 29.06.1940.

https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/_attachment/inline/ac3ee1a2-01d2-4523-9ad1-b186606e0d40:5f241d2f08513c8ed87e73f6d160c067d47bb113/nos_ix_191.pdf

Statistisk sentralbyrå, «Jordbukstelingen i Norge 20. juni 1939. Tredje hefte: Oversikt.»

Frigitt 30.06.1942. https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/_attachment/inline/9a688707-f331-40e7-85d2-3791fd084c53:3bd2e357d8b4b53ff69cafafc0fea09b73c94b82/nos_x_040.pdf

Statistisk sentralbyrå, «Jordbrukstelingen i Norge 20. juni 1949. Første hefte: Arealet,

husdyrholdet m.v. Herredsvise oppgaver.» Frigitt 24.11.1950.

https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/attachment/inline/60d929f5-6efa-46a7-a917-9a508e9d0eb3:5ab5c37486f073e28e2b6eb789af601a209c66ec/nos_xi_040.pdf

Statistisk sentralbyrå, «Jordbruksteljinga i Noreg 20. juni 1959. Første hefte. Areal, husdyrhald m.m.» Frigitt 28.01.1961. https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/attachment/inline/01d78239-e170-4d50-9190-375758974605:dad26c92150f11669daa214e60e44275998dbd77/nos_xii_040.pdf

Statistisk sentralbyrå, «Jordbruksteljinga 1969. Hefte III Husdyrhald.» Frigitt 07.10.1971. https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/attachment/inline/ed747354-d8ad-4933-9f3d-3db189e90624:1cb63783719ca99c19420d2c2b840311de1ecb45/nos_a446.pdf

Statistisk sentralbyrå, «Jordbruksteljinga 20. juni 1969. Rogaland. Resultat for dei enkelte kommunar etter bruksstorleik.» Frigitt 04.06.1971. https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/attachment/inline/fda2392f-c960-4cb2-8700-907841dc9064:ff00e75d19e87c1476d571d93431a26fa5cccf3a/nos_a414.pdf

Statistisk sentralbyrå, «Jordbruksteljing 1999.» Frigitt 30.07.2002.

https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/attachment/inline/cb496e3c-6352-48d4-931b-f6bab1d3ca6b:c698392f89fa80b321ae91e842e9584caf3f824e/nos_c670.pdf

Landbruksteljingar

Statistisk sentralbyrå, «Landbruksteljing 20. juni 1979. Hefte V. Husdyr.» Frigitt 11.02.1983.

https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/attachment/inline/aa0c25f0-8a78-43ac-bf49-3d0880106547:ead970b34655dbc43fe21369ac699cb4741af10b/nos_b328.pdf

Statistisk sentralbyrå, «Landbruksteljing 20. juni 1979. Fylkeshefte Rogaland.» Frigitt

11.09.1981. https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/_attachment/inline/02437726-960b-4561-9723-91797c4c705f:53e2705b487e73e403e1728dfed87f1fa4d352b4/lt_rogaland_1979.pdf

Statistisk sentralbyrå, «Landbruksteljing 1. juni 1989. Hefte V. Husdyr.» Frigitt 19.06.1992.
https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/_attachment/inline/8237fc75-7fbe-480f-bba0-68070f8a0fcb:bb9578fcd736b903eeecf5e22c2860d7aed5e688/nos_c030.pdf

Pelsdyrteljingar

Statistisk sentralbyrå, «Pelsdyrtellingen i Norge 1. september 1934.» Frigitt 05.08.1935.
https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/_attachment/inline/c390798b-0e10-4b87-8c95-8f5b7dba6bc9:5d4e312b971ea71d5c8fc9e5f2e779ece40fbf93/nos_ix_065.pdf

Statistisk sentralbyrå, «Pelsdyrtellingen i Norge 1. september 1936.» Frigitt 31.05.1937.
https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/_attachment/inline/5c47fc54-0608-4ded-8808-1bffdb71658a:0ebf1dc7bbdadcd99733ccc1fb18f8ec330156260/nos_ix_115.pdf

Statistisk sentralbyrå, «Pelsdyrtellingen i Norge 1. september 1946.» Frigitt 10.05.1948.
https://www.ssb.no/historisk-statistikk/emner/jord-skog-jakt-og-fiske/_attachment/inline/8d2a8944-184f-4316-97db-e4b25d71ac74:52a2da9bcde507af5208228f28ff2e7ac8c67925/nos_x_151.pdf

7.3 Munnlege kjelder

Intervju med tidlegare pelsdyrbonde og styreleiar i Norges Pelsdyrslag Bertran Trane Skadsem, Klepp, 03.01.2024.

Intervju med tidlegare pelsdyrbonde Ingebret Hodne, Klepp, 12.01.2024.

Intervju med tidlegare pelsdyrbonde Leidulf Storhaug, Klepp, 16.01.2024.

8. Vedlegg

8.1 Intervjuguide

Intervjuguide

Generelt om pelsdyrdrifta

- Kan du fortelja litt om drifta di? Kvardagsoppgåver og året i pelsdyrgarden?
 - o Stell, fôring. Livdyrutstilling, avlsdyrutval, kvalping, paring, pelsing, skinnauksjonar osv.
 - o Kva var høgdepunkta med dette arbeidet?
- Kor lenge har du drive med pelsdyr?
- Har fleire enn du sjølv vore involvert i drifta av pelsdyra dine?
- Kan du fortelje litt om dei økonomiske opp- og nedturane i arbeidet?
 - o Kvifor var det gode/dårlege tider og korleis opplevde du desse og kom deg igjennom desse tidene?

Den historiske pelsdyrdrifta på garden

- Når vart det starta med pelsdyr på garden? I fleire generasjonar?
- Kvifor vart det starta med pelsdyr på dette tidspunktet?
- Kva typar pelsdyr har det vorte drive med frå start til slutt? Fleire ulike?
 - o Når overgang?
- Kan du fortelje litt om utviklingar og utvidingar på pelsdyrgarden gjennom di tid?
- Kan du seie noko om storleiken på denne drifta?
 - o Eks tal pelsdyr – Store endringar i desse tala?
- Kan du fortelje litt om fôrtilførselen til pelsdyrgarden?
- Kan du fortelje litt om pelsinga – korleis løyst på denne garden?

Pelsdyr i samband med jordbruk?

- Har pelsdyrhaldet vore hovudnæringa eller har den fungert som ei attåtning til anna jordbruksdrift? Eventuelle endringar?
- Eventuelt: Kva typar jordbruksdrift har det vore på garden? Andre husdyr? Anna produksjon?
- Storleiken på garden? Mål jordbruksareal?
- Kva type gard var det før starten med pelsdyr? Store endringar i gardsdrifta etter starten med pelsdyr?

- Kvifor vart jordbruksdrifta kombinert med pelsdyr?
- Kva økonomisk betydning har pelsdyrhaldet ditt hatt? Kva har du brukt kapitalen til?
 - o Kva vart kapitalen frå pelsdyra brukt til? Overføringar? Gardsarkiv?

Eigne tankar kring pelsdyrhald i Klepp og jordbruk

- Kva betydningar tenker du pelsdyrhaldet har hatt
 - o For Klepp?
 - o For Norge?
 - o Har det vore viktig for det norske jordbruket?

8.2 Samtykkeskjema

Vil du delta i forskingsprosjektet «Pelsdyrhald i Klepp»?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å undersøke utviklinga av pelsdyrhald i Klepp kommune frå 1930-talet fram til kring tusenårsskiftet. I dette skrivet vil du kunne finne informasjon om måla for prosjektet og kva deltakinga vil innebære for deg.

Føremål

Prosjektet er ei mastergradsoppgåve i historie der føremålet er å sette søkelyset på pelsdyrnæringa generelt, men særleg på utviklinga innanfor Klepp kommune. I tillegg til å løfte fram denne særreigne næringa innan norsk landbruk er føremålet med oppgåva å søke å forklare kvifor pelsdyrhald vart ei så sentral næring nettopp i Klepp. Vidare vil det vere interessant å undersøke sambandet mellom pelsdyrhaldet og det omfattande jordbruket som opp igjennom har prega Klepp kommune. Eit ledd i denne oppgåva vil dermed vere å gjennomføre intervju av eit knippe pelsdyrbønder frå Klepp kommune.

Universitetet i Bergen er ansvarleg for prosjektet og Professor Ines Prodöhl fungerer som hovudrettleiar. I tillegg blir oppgåva utført i samarbeid med Jærmuseet der førstekonservator Anne Jorunn Frøyen også fungerer som bi-rettleiar til prosjektet.

Kva inneber det for deg å delta?

Om du vel å delta inneber det at du deltek i eit intervju på kring 30-60 min. Intervjuet vil basere seg på fleire spørsmål om pelsdyrhald og dine erfaringar kring dette. Eksempel på spørsmål vil vere: «Kor store besetningar og kva typar pelsdyr har du hatt? Kvifor vart det starta med pelsdyr? Fungerte dette som ei hovud- eller attåttnæring på garden?» I tillegg vil nokre spørsmål i større grad basere seg på dine refleksjonar kring kva betydning pelsdyrhaldet har hatt for drifta di og dine tankar om kvifor nettopp pelsdyroppdrett vart ei så sentral næring i jordbruksbygda Klepp.

Under intervjuet vil det bli teke lydopptak, slik at eg i ettertid kan gå igjennom samtalen og gjere nytte av den innhenta informasjonen til oppgåva mi.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysningane vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Personvern

Eg vil berre bruke opplysningane om deg til føremåla fortalt om i dette skrivet.

Opplysningane blir behandla konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Berre eg vil ha tilgang til lydopptaka og dei vil bli liggande på min eigen datamaskin. Oppgåva vil basera seg på personinformasjon som namn, alder og buplass.

Kva gjev meg rett til å behandle personopplysningar om deg?

Eg behandlar opplysningar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Universitetet i Bergen har Personverntjenester vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysningar eg behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane
- Få retta opplysningar om deg som er feil eller misvisande
- Få sletta personopplysningar om deg
- Sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- Universitetet i Bergen ved Even Hadland Braut (Even.Braut@student.uib.no) eller Ines Prodöhl (ines.prodoehl@uib.no)
- Vårt personvernombod: Janecke Helene Veim (personvernombud@uib.no)

Dersom du har spørsmål knytt til Personverntjenester si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- Personverntjenester, på e-post (personverntjenester@sikt.no) eller på telefon: 53 21 15 00.

Vennleg helsing

Ines Prodöhl

Ines.prodoehl@uib.no

(Forskar/rettleiar)

Even Hadland Braut

Even.Braut@student.uib.no

(Student)

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Pelsdyrhald i Klepp* og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju

Eg samtykker til at opplysningane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)